



Fjell kommune



Vedteken i Kommunestyret 29.08.19

## Berekraftig vern og bruk av kulturminna i Fjell

Temaplan for fysiske kulturminne og kulturmiljø 2019 - 2022

# Vedtak i kommunestyret

Vedtak i Kommunestyret 29.08.2019:

Kommunestyret vedtek planen Berekraftig vern og bruk av kulturminna i Fjell. Temaplan for fysiske kulturminne og kulturmiljø 2019 – 2022 med følgjande tillegg:

- Skilting av to viktige stoppestader ved Kyrkjevegen, Brurasteinen og Skautabrekko, inkorporerast i tiltaksplanen føresett at Fjell eldreråd er delaktig i utforminga av skiltet.
- Informasjonstavle på Bildøyna om steinalderfunna som er gjort ved Sotrasambandet inkorporerast i tiltaksplanen, føresett at Universitetsmuseet i Bergen kan ta på seg utforminga av skiltet.
- Standplass og tilhøyrande skyttargrav på søre Kolltveit inkorporerast som prioritert kulturmiljø, og informasjonsskilt blir sett opp føresett at Fjell kulturminnelag bidreg med opplysningar til skiltet.
- Inkorporering av kyrkjevegen på strekket Morland – Fjell kyrkje i lista over prioriterte kulturminne og kulturmiljø.
- Inkorporering av den gamle Korsvegen frå Bildøyna til Fjell kyrkje, og vidare til Tellnes, i lista over prioriterte kulturminne og kulturmiljø.
- Tilrettelegging og formidling av steinalderstien ved Bildetangen bør inn som tiltak i tiltaksplanen.
- Relevante karttillegg må utarbeidast og inkorporerast i planen.

Ved vidare arbeid med planen må også følgjande nye kulturminne/kulturmiljø vurderast:

1. Demningssystemet ved Storavatnet i Knarrevik
2. Militær støttepunkt og observasjonspost i Knarrevik
3. Gamle skuletomta i marka på Landro gard



**Fjell kommune**

**Kulturminneplan 2019 - 2022**

**Kontaktinformasjon:**

**Postadresse:** Pb. 184, 5342 Straume

**Telefon:** 55 09 60 00

**Nettside:** [www.fjell.kommune.no](http://www.fjell.kommune.no)

**Epost:** [postmottak@fjell.kommune.no](mailto:postmottak@fjell.kommune.no)

**Styringsgruppe:** Komite for drift og forvaltning

**Sekretariat:** Plan- og utbyggingssjefen

**Prosjektleiarar:** Berit Vik og Aud Raknem

**Grafisk utforming:** Kjell Andersland

**Akvarellar:** Kjell Andersland

# Føreord

Det passar bra å ferdigstilla ein kulturminneplan for Fjell kommune i 2019. Vi skal snart foreina oss i ein ny storkommune, der ein felles kulturarv vert viktig å formidla, ta vare på og nytta som ressurs. Sjølv om vi snart set punktum for Fjell kommune, set vi ikkje punktum for vår historie. Det er positivt at kulturminnevernet vert sett på dagsordenen, og at potensialet i kulturminna vert løfta fram. I denne planen synleggjer vi mangfaldet i kulturminna frå vårt område, og vi gjer nokre prioriteringar utifrå dei rammene vi har å forhalde oss til i dag.

Korleis har folk levd liva sine her ute, og kva spor har dei etterleite seg? Kva er typisk for Fjell, og kva er atypisk? Eg vil hevda at historia til Fjell representerer historia om sjølve Noreg. Etter at isen trakk seg tilbake kom dei første menneska hit for kring 10.000 år sidan. Desse pionerane var eksperter i å utnytta ressursane i eit av dei mest produktive marine områda i verda. Dei som har hatt tilhald her opp gjennom tidene, har levd i ein kvardag som har kravd innovative løysingar og stå-på-vilje. Fram til langt utpå 1900-talet var sjøen hovudnæringsgrunnlag og hovudferdselsåre for folk flest. På eit par generasjonar har så samfunnssendringa vore markant: frå færing til bil, frå gard til forstad, frå primærnæring til kunnskaps- og servicesamfunn, frå spreiddbygd til tettbygd, frå llyngheti til turområde.

Sjølv om det har vore store endringar i landskapet, særleg dei siste 50 åra, kan vi nokre stader framleis ferdast i uforstyrra område med ei imponerande kultuhistorisk tidsdjupne. Men kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er stadig under press. Det er lett å gløyma at dei representerer ikkje-fornybare ressursar. Dersom eit kulturminne gårapt, er detapt for alltid. Difor er det viktig å bestemma kva slags kulturminne ein skal ta vare på for framtida, før det er for seint. Og difor er denne kulturminneplanen viktig.

Kulturminneplanen kjem mellom anna med føringar for enkelte privateigde kulturminne. I slike tilfelle er målet at Fjell kommune skal sørja for at eigaren får gode retningslinjer å følgja, tilbod om rådgjeving og informasjon om relevante tilskotsordningar, og at eigaren skal sitja att med ei kjensle av stoltheit av å eiga eit kulturminne. Det ligg eit stort potensiale i forvaltinga og formidlinga av kulturminna i Fjell, og ganske snart Nye Øygarden kommune.

Kvar og ein av oss «eig» eit kulturminne. Det kan vera i form av eit hus, stadnamnet på nabogarden eller eit større kulturmiljø som Fjell festning. Vi har i mange år sett eit glødande engasjement frå Fjell kulturminnelag, Fjell kystlag, grendalag, Museum vest og andre, som har ivaretakte og synleggjort nokre av desse kulturminna. Dette viser at mange bryr seg om vår felles kulturarv. Undersøkingar utført i førekant av det europeiske kulturarvåret i 2018, viste at åtte av ti spurte rekna kulturarven som viktig. Då ikkje berre på eit personleg og lokalt nivå, men også i eit større, europeisk perspektiv.

Dette gjeld og for min eigen del. Kulturarven gjer ein forskjell! Arbeidet med kulturminneplanen har gitt meg ny kunnskap om vår historie. Å reisa i båt saman med arkeologar, for å registrera fjæremannstufter på Søra Sandøyna, gav ei spesiell kjensle av å oppdaga ukjende skattar. Å kjenna at det går ei bru mellom fortid og notid er sterkt, og noko vi stadig vert påmint når vi ser oss rundt i lokalmiljøet. Dei nyleg avslutta utgravingane på Sotrasambandet vitnar om at nye funn i framtida vil kunne gi oss ny og viktig innsikt i den rike kultuhistoria i vårt område.

Eg ynskjer å takke Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune for midlane vi har motteke til kulturminneplanarbeidet, og for å setja fokus på kulturminneværn i kommunane.


*Saksordførar Andreas Sjalg Unneland. Straume, mai 2019*



*Naust ved Bildøyna. Foto: Kjell Andersland*

# Innhold

Vedtak i kommunestyret	2
Føreord	3
Samandrag	5
<b>DEL I: MÅL, RAMMER OG LOVVERK</b>	<b>6</b>
1 Kulturminneplan for Fjell kommune – rammer og mål	6
2 Ansvarsdeling og verkemiddel i kulturminnevernet	12
3 Utfordringar og moglegheiter i kulturminnevernet	19
<b>DEL II: KUNNSKAPSGRUNNLAGET</b>	<b>22</b>
4 Kulturhistoria i Fjell: 10 000 år med spor etter menneske	22
5 Temadel: kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	34
<b>DEL III: PRIORITERINGAR I PLANEN</b>	<b>95</b>
6 Plangjennomføring	95
Ordforklarings	106
Litteraturliste	109
Vedlegg 1: Tabell over prioriterte kulturminne og kulturmiljø	111
Vedlegg 2: Tiltaksplan	116
Vedlegg 3: Rutinar for sakshandsaming	119
Vedlegg 4: Kart	122



# Samandrag

Plan for kulturminne 2019-2022 vil verta ståande som den første, og dermed einaste, kulturminneplanen for Fjell kommune. Kulturminneplanen har status som temaplan, med fokus på faste kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, og er ein strategisk plan utan bindande arealdel. Bindande vern kan først skje ved kartfesting og innarbeiding av føresegner i kommuneplan eller reguleringsplan, etter plan- og bygningslova, eller eventuelt gjennom vedtak om vern.

Planen er tredelt. Første del tek føre seg måla med planen, og rammer og føringar på kulturminnevernfeltet. Utfordringar og moglegheiter innan kulturminnevernet vert også drøfta, og vi spør mellom anna: Korleis kan vi få ei berekraftig kulturminneforvalting? Dei overordna måla med planen er å setta kulturminnevernet på dagsorden, byggja opp under ei føreseileg kulturminneforvalting, kartleggja og prioritera lokale kulturminne og auka kunnskapen og interessa for kulturminne blant folk flest. Kulturminneplanen må sjåast som eit verkty i dette arbeidet, og ikkje eit dokument som greier ut om heile kommunen si kulturhistorie. Til det viser vi til det solide bygdebokarbeidet som er utført, der det siste og sjuande bindet – som no er under arbeid – tek føre seg kulturhistoria heilt opp til vår tid.

Andre del av planen går nærmare inn på kva vi veit om kulturhistoria i vårt område. Den 10.000 år lange kulturhistoria vert oppsummert utifrå arkeologisk og historisk kjeldemateriale. Mest plass er via til temadelen med presentasjon av fysiske kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap frå nyare tid innanfor definerte temakategoriar. Metoden for vurdering av verneverdi vert også presentert. Kapitla i denne delen er systematisert med bakgrunn i det definerte skiljet – reformasjonen i 1537 – som er sett som overgangen mellom førhistorisk og nyare (historisk) tid i Norge.

Kulturminne frå før reformasjonen er definert som automatisk freda, med ei sikringssone på 5 meter. For kulturminna frå nyare tid er det ingen automatikk med tanke på verneverdi, men nokre få av desse kulturminna er også freda gjennom til dømes vedtak, eller verna på annan måte.

Tredje del omhandlar prioriteringar i planen, og trekker på mange måtar ut essensen i det føregåande. Prioriteringane er delt i to hovudkategoriar; prioriterte kulturminne og miljø og prioriteringar i tiltaksdelen. Riksantikvaren ynskjer at kulturminneplanarbeidet skal resultere i ei liste som viser kva kulturminne kommunen meiner er viktige å ta vare på. Desse kulturminna skal leggast inn i den nasjonale kulturminnedatabasen *Askeladden*. Det er viktig å understreka at ei slik liste ikkje er endeleg, men stadig vil vera i endring. Ein tek heller ikkje ifrå private eigarar råderetten over deira kulturminne, men ynskjer å byggja opp under ulike former for støtte i ivaretakinga av desse gjennom mellom anna rådgjeving og tilskot.

Når det gjeld prioriteringane i tiltaksdelen, så ber desse preg av at dette er ein førstegenerasjons kulturminneplan, der tidshorizonten og dei økonomiske ressursane er avgrensa. Det er likevel eit breitt spekter av tiltak, som gjeld bevaring, formidling, skjøtsel, administrasjon og nye kartleggingar, som er prioritert. Mot slutten av tekstdelen kjem vi også med nokre visjonar for kulturminnevernfeltet i nye Øygarden kommune. Og heilt til slutt finn ein ordliste, litteraturliste og ulike vedlegg som det er vist til i tekstdelen.



Fiskeskøyta Sjarmør. Utlån av foto: Gudrun Cecilie Lie

# DEL I: MÅL, RAMMER OG LOVVERK

## 1 Kulturminneplan for Fjell kommune – rammer og mål

«En kulturminneplan er rett og slett et godt arbeidsverktøy for kommunen. Gjennom arbeidet med planen øker den lokale kompetansen, kulturminner settes på den politiske dagsorden og samarbeidet med lokalsamfunnet styrkes. Derfor har vi som mål at 90 % av alle kommuner skal ha en kulturminneplan i løpet av 2020.»

Riksantikvar Jørn Holme (pressemelding 2. februar 2016)

Riksantikvaren sitt prosjekt *Kulturminne i kommunane* (KIK), er ein del av satsinga for ei kunnskapsbasert, målretta og effektiv kulturminneforvalting. KIK-prosjektet har som mål å styrka kompetansen om kulturminne i kommunane, og å få betre oversikt over verneverdige kulturminne. Prosjektet har lagt til rette for dette gjennom arbeid med kommunale kulturminneplanar. Eit tett samarbeid mellom fylkeskommune og kommune ligg til grunn for prosjektet. Fjell kommune har motteke midlar frå både Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune, der sistnemnde har vore ein viktig støttespelar i planarbeidet.

Ein viktig del av planarbeidet har handla om å gjera det tydeleg kva eit kulturminne er, og kor sårbarle desse minna kan vera. Kulturminne er ikkje-fornybare ressursar, og ein kopi vil aldri kunne erstatta originalen. Kommunar har eit ansvar når det gjeld å sikra kulturminna innan sine grenser. Kulturminnelova (LOV 1978 nr. 50 Lov om kulturminne) seier at kulturminne og kulturmiljø skal vernast som ein del av vår identitet og kulturarv, som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Kulturminnelova pålegg kommunar og grunneigarar ansvar for å ta omsyn til registrerte kulturminne og kulturmiljø, og til å undersøkja om slike finst i område før utbygging. Plan- og bygningslova gjev kommunen ansvar for bruk og vern av ressursar i kommunen, og seier at kommunen skal sikra «vern av verdfulle landskap og kulturmiljø». Lova fastset reglar for handsaming av planar og byggesaker.

### Slik vert kulturminne og kulturmiljø definert i kulturminnelova:

- **Kulturminne** er alle spor etter menneske sine liv og virke i vårt fysiske miljø, då også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til
- **Kulturmiljø** er område kor kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng
- **Kulturlandskap** er alt landskap som er påverka av menneske. Ordet vert brukt når det vert fokusert på den menneskelege påverknaden av landskapet, og særleg ofte om jordbrukslandskap

### Måla med kulturminneplanen, slik det er fastsett i arbeidsprogrammet, er å:

- setja kulturminnevernet på dagsorden
- skapa eit godt grunnlag for ei heilskapleg kulturminneforvalting til bruk i arealplanlegging og byggeskahandsaming
- kartleggja og prioritera lokale kulturminne
- skapa meir føreseielege tilhøve for eigalar av kulturminne
- auka kunnskap og interesse for kulturminne blant folk flest

Føresetnaden for å kunna redusera tapet av verneverdige kulturminne er at kommunen skaffar seg oversikt over lokale kulturminne. Middelet for å nå målet er ein plan for korleis kulturminna skal handterast.

#### 1.1 Måla for planen

Kulturminneplanen for Fjell skal sikra at eit representativt utval kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap viser det som er typisk eller særprega for Fjell. Det er i denne planen lagt vekt på å presentera kulturminne som på breast mogleg måte kan speglar kulturhistoria i kommunen. Samtidig er det viktig å fanga tidsdjupna i landskapet, slik at kulturminne frå ulike

historiske periodar vert representerte. I framtida vil desse kulturminna danna grunnlaget for opplevelingar, kunnskap og verdiskaping. Dei overordna måla med planen er å setja kulturminnevernet på dagsorden, byggja opp under ei føreseieleg kulturminneforvaltning, kartlegga og prioritera lokale kulturminne og auka kunnskapen og interessa for kulturminne blant folk flest. Desse måla er fastsett i arbeidsprogrammet, der også sentrale tema og problemstillingar vert nemnt:

- Kva kulturminne er særmerkte for Fjell?
- Korleis kombinera vern og bruk av kulturminne?
- Prinsipp for verdivurdering av kulturminne
- Korleis bruk kulturminne som grunnlag for oppleveling,

## kunnskap og verdiskaping?

- Arealplanlegging og utbygging – korleis ta vare på kulturminne i vidareutvikling av grender og tettstader?
- Prioritering av tiltak i planperioden

I arbeidet med kulturminneplanen har statlege føringar, lovverk og eksisterande planar på ulike nivå vore eit viktig bakteppe. I St.meld. nr 16 (2004 – 2005) «Leve med kulturminnene», som gjeld fram til 2020, følgjer måla og handlingsplanen opp krava i kulturminnelova og dei internasjonale konvensjonane Norge har ratifisert. Dei nasjonale måla fram mot 2020 er:

- Tap av verneverdige kulturminne skal minimerast
- Eit prioritert utval arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå
- Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vera vedtaksfreda
- Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå

Det skal utarbeidast ny stortingsmelding gjeldande frå 2020, som kjem med nye, nasjonale mål på kulturminnefeltet. Under Riksantikvaren sin kulturminnekongferanse hausten 2017, vart det som kan verta dei nye måla presenterte i ein tale. Det vart påpeikt at dei nye måla fell saman med ein generell gjennomgang av alle måla på miljøfeltet, og eit ynskje om miljømål som er langsiktige, meir visjonære og ikkje så objekt- og årstalsfokuserte som tidlegare. I dei nye måla vil ein, i tillegg til kulturminne og kulturmiljø, inkludera landskap som eit tydeleg element, og ein har fokus på at ein ivaretak kulturarven som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk. Eit anna viktig fokus, ifølgje talen, vil verta å få dokumentert kva kulturarven bidreg med i samfunnsutviklinga. Den komande stortingsmeldinga får visa kva mål som vert gjeldande.



Steingard ved Polleide. Foto: Widerøes flyveselskap

## 1.2 Plantype og avgrensing

Denne planen er den første kulturminneplanen for Fjell, og vil dermed også vera ståande som den einaste. Kulturminneplanen har status som temaplan i vedteken planstrategi, og er ein strategisk plan utan bindande arealdel. Bindande vern kan først skje ved kartfesting og innarbeiding av føresegner i kommuneplan eller reguleringsplan, eventuelt gjennom vedtak om vern. Arbeidsprogrammet for kulturminneplanen ligg likevel nært opp til eit planprogram etter plan- og bygningslova. Lova sine krav til medverknad og høyring er følgd for å få best mogleg forankring. Planen vil vera brukt som kunnskapsgrunnlag i sakshandsaming og planarbeid, og inngå i heilskaplege vurderingar der omsynet til kulturvern må vektast opp mot andre omsyn.

Tematisk er planen avgrensa til faste kulturminne. Det vil seja kulturminne som er jord- eller stadfaste og kan delast inn i to kategoriar; automatisk freda kulturminne frå før reformasjonen (1537) og kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap frå nyare tid. Desse kulturminna kan ha både lokal, regional eller nasjonal verdi, noko som vert vurdert utifrå fleire kriterium som mellom anna kunnskapsverdi, opplevingsverdi og bruksverdi. Immateriell kulturarv som kunnskap, hendingar, stadnamn, og lause kulturminne som gjenstandar, inngår ikkje i denne planen. Det må påpeikast at det er eit gjensidig tilhøve mellom immateriell og materiell kulturarv, og at det kategoriske skiljet mellom desse i dei seinare år er i ferd med å viskast ut. Det vil i framtida vera verdifullt å få betre oversikt over den immaterielle kulturarven, då desse minna er ein essensiell del av kulturhistoria i vårt område. Det er allereie lagt ned eit viktig arbeid på dette feltet i samband med det pågående bygdebokarbeidet i Fjell.

Planen tek ikkje utgangspunkt i ei definert grense tidsmessig. Det er særleg kulturminne frå nyare tid, før 1945, som er omtalt. Temadelen med presentasjon av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap frå nyare tid er den fyldigaste delen av planen.

### Automatisk freda kulturminne (fornminne)

- Freda direkte etter lov
- Kjende og enno ikkje kjende kulturminne eldre enn 1537 (reformasjonen)
- Ståande bygg og myntar eldre enn 1650
- Kulturminne i sjø, vatn og vassdrag eldre enn 100 år
- Samiske kulturminne eldre enn 100 år
- Faste og lause kulturminne på Svalbard frå før 1946

### Freda kulturminne

- Freding er den strengaste forma for vern
- Tre kategoriar freda kulturminne: automatisk freda, vedtaksfreda, forskriftsfreda
- Vedtaksfreda kulturminne vert freda gjennom vedtak etter kulturminnelova eller svalbardmiljølova, og omfattar kulturminne frå nyare tid, og kulturmiljø og farty
- Forskriftsfreda kulturminne er freda ved forskrift og ikkje ved enkeltvedtak. Dette gjeld bygningar, anlegg og kulturmiljø som er omfatta av ein statleg verneplan, og som var i statleg eige då dei vart freda.

### Nyare tids kulturminne

- Kulturminne yngre enn 1537 (reformasjonen)
- Utan automatisk vern (unnateke kategoriane

Dei fleste av desse kulturminna har ikkje eit formalisert vern, slik som dei automatisk freda kulturminna frå førhistorisk tid. Eit av dei viktigaste måla med planen er prioritering av kulturminna som vert presentert. I tråd med Riksantikvaren sin strategi for arbeid med kulturarv i kommunane skal kulturminne – som av kommunen er vurdert til å ha høg verneverdi – synleggjera i den nasjonale databasen *Askeladden*. Det er viktig å understreka at ei slik form for listeføring ikkje er endeleg, men stadig vil vera i endring mel-

under automatisk freda kulturminne)

- Gjennom vedtak kan Riksantikvaren også freda nyare tids kulturminne

### Verna kulturminne

- Kulturminne av lokal, regional eller nasjonal verdi
- Verna ved lov (t.d. kulturminnelova eller plan- og bygningslova) eller ved bruk av andre verkemiddel som statlege verneplanar, avtalar, forskrift eller listeføring

### Verneverdig kulturminne

- Kulturminne som gjennom kulturhistorisk vurdering er identifisert som verneverdig/bevaringsverdig
- Dei fleste verneverdig kulturminna er ikkje formelt verna etter kulturminne- eller plan- og bygningslova
- Både kulturminne med og utan formelt vern kan vera listeførte, dvs. oppført i ei liste over objekt som skal forvaltas på ein nærmare definert måte (t.d. fartøyvernlista)
- Eit kommunalt verneverdig kulturminne er bevart gjennom politisk vedtak. Kommunar vert oppfordra til å laga lister over viktige kulturminne

lom anna utifrå samtidige preferansar.

Når det gjeld prioriteringane i tiltaksdelen, så ber desse preg av at dette er ein førstegenerasjons kulturminneplan der tidshorisonten og dei økonomiske ressursane er avgrensa. Det er likevel eit breitt spekter av tiltak som er prioritert. Tiltaka i handlingsdelen vil vera påbyrja før kommunesamanslåinga, og vil ikkje vera sett til side når den er eit faktum. Når Nye Øygarden kommune er ein realitet vil både Sund, Fjell og Øygarden ha kulturminneplaner å visa til. Gjennom det interkom-

#### Faste kulturminne

- Kulturminne som er jord- eller stadfaste
- Gjenstandar i/ved kulturminnet kan inngå som del av dette

#### Lause kulturminne

- Flyttbare kulturminne, som kan skiljast frå landskapet og setjast i ein monter
- Lausfunn eldre enn 1537 er automatisk freda
- Myntfunn eldre enn 1650 er staten sin eigedom

#### Immateriell kulturarv

- Knytt til det ein ikkje kan ta på ved eit kulturminne, slik som praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheter som samfunn/grupper, og unntaksvise enkeltpersonar, anerkjenner som del av sin kulturarv
- Døme på immateriell kulturarv er tru, tradisjonar, segner, stadnamn, musikk, hendingar og handverk, der kunnskapen om korleis gjenstandane vert laga er fokus
- Unesco sin definisjon inkluderer instrument, gjenstandar, kulturgjenstandar og kulturelle rom

munale kultursamarbeidet IKKUS, har intensjonen heile tida vore at ein framtidig kulturminneplan for den nye kommunen skal kunne dra vekslar på dei einskilde kulturminneplanane som er utarbeidd, samtidig som ein definerer og prioritærer nye rammer og mål. Men dette vert opp til politisk nivå i den nye kommunen å avgjera. Likevel kjem vi til slutt i planen med nokre tankar og visjonar for kulturminnevernfeltet i Nye Øygarden kommune.

## 1.3 Organisering og medverknad

Bakgrunnen for arbeidet med ein kulturminneplan for Fjell ligg dels i lokale behov og ynskje, og dels i nasjonale føringer og initiativ. Prosjektet KIK (kulturminne i kommunane) vart initiert av Klima- og miljødepartementet som ein del av staten si satsing for ei kunnskapsbasert, målretta og effektiv kulturminneforvalting. Målet er at 90 % av alle kommunane i landet skal ha stadfesta planar med eit særskild fokus på kulturminne innan 2020. Riksantikvaren og fylkeskommunane har ansvaret for gjennomføringa i kommunane. Fjell kommune har motteke tilskot på kr 100.000 frå Riksantikvaren til registrering av kulturminne, kr 100.000 frå Hordaland fylkeskommune til utarbeiding av kulturminneplan og kr 50.000 til innlegging av data i kulturminnebasen Askeladden.

I 2012 starta kommunen rullering av kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2015-2026. Denne planen hadde tre hovudtema: bustad, næring og kystkultur. Komité for drift (KDF) vedtok i 2013 at ein planprosess knytt til kulturminne skulle delast i to fasar: Fase A var knytt til kystkultur og rullering av arealdelen, og då særleg til sjøbruksmiljø og landskap. Fase B skulle resultera i vedteken kulturminneplan og omfatta eit større mangfold av kulturminne i kommunen. I begge fasane har det vore ulike former for medverknad gjennom opne folkemøte og samarbeid med frivillige og andre aktørar. Framlegg til arbeidsprogram for kulturminneplanen vart lagt ut til offentleg ettersyn i juni 2016, og godkjent i desember same året. Høyringsinnspela har vore konstruktive i det vidare arbeidet med planen.

Planarbeidet har vore organisert med KDF som politisk styringsgruppe og Andreas Sjalg Unneland (SV) som politisk saksordførar. Rådmannen si leiargruppe har vore administrativ styringsgruppe. Administrativ arbeidsgruppe har bestått av tilsette frå Plan- og utbyggingssjefen, Kultursjefen og Eigedomssjefen. Sekretariat og prosjektleiing har lege til Plan- og utbyggingssjefen, medan Kultursjefen er planeigar.

#### Medverknad i planarbeidet

- Folkemøte om kulturarv på Kallestad, Algrøyna, Kolltveit og Straume i 2014
- Innspelsmøte med Fjell kystlag, Fjell kulturminnelag og Rygene detektorklubb
- Ope kurs i samarbeid med Hordaland fylkeskommune: registrering av kulturminne i felt og opplæring i bruk av databasen Kulturminnesøk juni 2014
- Arkeologiske registreringar (feltkurs) på Hissøyna for masterstudentar i arkeologi frå Universitetet i Bergen, hausten 2015 og 2016. Rapport utarbeidd.
- Registrering av vasskraftindustrien i Midtmarka i samarbeid med Fjell kulturminnelag, sommaren 2016. Rapport utarbeidd
- Samarbeid med eldrerådet i høve eldredagen i 2016, der kulturarv var tema
- Arbeidsmøte med Ungdommens kommunestyre (UKS) i januar 2017
- Registrering av færemannstufter på Søra Sandøyna, i samarbeid med Hordaland fylkeskommune og forminneseksjonen ved Universitetsmuseet i Bergen mai 2017
- Presentasjon av planen i Fjell kommune sitt budsjett- og strategiseminar oktober 2017
- Ope møte i Fjell folkeboksamling november 2017
- Orientering om planarbeidet i Komite for drift og forvaltning juni 2018
- Administrasjonen har delteke i Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune sine kompetansenettverk om kulturminneplanlegging
- Generelt: Synfaringar til utvalde kulturminne og kulturmiljø, ofte med informant/eigar tilstades. T.d. synfaring i regi av Bjørøy og Tyssøy velforening mai 2018
- Orientering/dialog: Museum Vest (Fjell festning), Fjell kulturminnelag og Fjell kystlag vinter/vår 2019
- Orientering om planarbeidet i Komite for drift og eldrerådet april 2019

## 1.4 Overordna føringer og eksisterande planar

Dei nasjonale føringane på kulturminnefeltet kjem til uttrykk gjennom lover, stortingsmeldingar og utgreiingar. Dei nasjonale føringane er grunngjevne i to tilhøve: ein skal sikra ikkje-fornybare ressursar frå øydelegging, samtidig som ein skal leggja til rette for at kulturminna inngår i lokal samfunnsutvikling og verdiskaping. I tråd med nasjonal politikk og gjeldande lovverk skal omsynet til kulturminne sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging.

Forvaltingsansvaret i kulturminnevernet er delt mellom stat, fylkeskommunar og kommunar. Fylkeskommunen og staten forvaltar kulturminne etter kulturminnelova. Kommunane har eit særleg ansvar gjennom rolla si som lokal styresmakt med heimel i plan- og bygningslova. Eit viktig bakteppe for norsk kulturminneforvaltning er internasjonale føringer på feltet. Sikring av kulturarven krev i auka grad internasjonalt samarbeid. Gjennom internasjonale avtalar og konvensjonar er Norge forplikta til å sikra eigne kulturminne på ein forsvarleg måte, og til å hjelpe andre land slik at dei kan gjera det same. Fleire av konvensjonane er globale, medan andre er avgrensa til ein region, som til dømes Europa.

I fylkesdelplan for kulturminne i Hordaland, *Kultur viser veg* (1999-2010) vert det understreka at kulturminnepolitikk ikkje berre er ein verdidebatt, men i høgste grad ein areal- og ressurspolitikk. Det vert presisert at hovudutfordringa ligg i å få innarbeidd dette i praktisk politikk på alle nivå, og at verdien av kultur- og naturressursane må vurderast tidleg i samband med alle fysiske planar og endringsprosessar i samfunnet. I regional kulturplan for Hordaland, *Premiss kultur* (2015-2025), er ein oppteken av at kulturminnevernet skal spegla nasjonal kulturminnepolitikk og finna gode, tilpassa løysingar på regionale og lokale utfordringar. Det vert presisert at alle kulturminne ligg i eit lokalsamfunn og at lokal forvalting er grunnstamma i det

norske kulturminnevernet. Viktige målsetjingar på kulturminnefeltet i planperioden er å styrka det lokale kulturminnevern- og museumsarbeidet, å styrka dokumentasjon for auka kunnskap om kulturminne og samanhengane dei er del av, å løfta fram kulturminne og kulturlandskap som ressurs til kunnskap og opplevingar og at tradisjonsuttrykka skal bevarast og vidareutviklast og vera del av eit levande kulturliv.

I Fjell kommune har tema som gjeld kulturminne og kulturmiljø vore etterspurt i planlegging, sakshandsaming og blant interesserte innbyggjarar sidan 1990-talet. I kommunedelplan for kultur (2007-2010) – «Mellom by og hav» – presiserer ein behovet for utgreiing omkring verneverdige kulturminne- og landskap og ei prioritering mellom desse. Det vert peikt på at vern og utvikling av kulturminne er viktige faktorar i lokal identitetsbygging og næringsutvikling. I Kystsoneplanen for Fjell (1991) vert det påpeikt at kommunen har fleire område med særprega kystkultur som t.d. verneverdige sjøbruksmiljø og naust, der bruksendringar og tekniske inngrep kan redusera verdien av områda. Eit viktig tema i den nyleg ferdigstilte *Handlingsplan for energi, miljø og klima* (2018-2020) handlar om endringar i klima og tilpassing til endringane. Auke i nedbør er ei av utfordringane Fjell står ovanfor i framtida, og det er utarbeidd eit aktsemdeskart knytt til flaum, overvatn og stormflo. Dette er eit godt kunnskapsgrunnlag for å kunna førebyggja materielle skader på kulturminne som skulle liggja utsett til.

Det er først særleg gjennom arbeidet med den siste arealdelen til kommuneplanen (2015- 2026) at kulturminne, kulturmiljø og landskap er sett på dagsorden i Fjell. Gjennom arbeidet med KPA var kystkultur eit av tre hovudtema, saman med bustad og næring. To nye grunnlagsrapportar med kunnskap om landskap, kulturmiljø og nærturterreng var viktige bidrag i innsamlinga av kunnskap om bygningsmiljø, gamle ferdselsvegar, stiar og steingardar. I KPA er fire utvalde miljø lagt inn med omsynssone «bevaring kulturmiljø»; Langøy kystgard, Storasundet,

### Internasjonale føringer:

- Unesco sin verdsarvkonvensjon (1972)
- Unesco sin konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven (2003)
- Europarådet sin konvensjon om vern av faste kulturminne (1985)
- Europarådet sin konvensjon om kulturminna si rolle i samfunnet (2005)

### Nasjonale føringer:

- Lov om kulturminne
- Plan- og bygningslova
- St.meld. nr 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
- St.meld. nr. 26 (2004-2007) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St.meld. nr 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste
- NOU 2002: 1: Fortid former framtid. Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk

Landrovågen og Knarrvika industristad. For ei rekke utbyggingsområde er det og særskilte utgreiingskrav knytt til kulturminne, kulturmiljø og landskap. KPA har ikkje juridisk bindande føresegner som vernar konkrete bygningar eller miljø. Likevel er føringane, i sonene nemnt over, i stor grad knytt til vurdering av arkitektonisk utforming og vern av eldre bygningar for å ta vare på kulturlandskap og eigenart. Det er då lagt opp

**Regionale føringer:**

- Fylkesdelplan for kulturminne «Kultur viser veg» (1998-2010)
- Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025)
- Strategisk landbruksplan for kommunane Fjell, Sund og Øygarden (2004 – 2008)

**Lokale føringer:**

- Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)
- Kommunedelplan for kultur (2007-2010) «Mellom by og hav»
- Handlingsplan for energi, miljø og klima (2018-2020)
- Landskapsanalyse (2013)
- Kystsoneplan for Fjell (1991)
- Verdifulle kulturlandskap i Fjell kommune i Hordaland (2005)
- Reguleringsplanar
- Forvaltningsplan for Fjell festning under arbeid

til at vurderingar av verneverdiene vert gjort frå sak til sak, noko som er ei utfordring fordi det gjev uklare signal både til grunneigar og utøvande forvaltingsmynde. Landskapsanalysen peika ut satsingsområde for korleis vekstcommunen Fjell kan integrera natur- og kulturhistorie i samfunnsutviklinga. Dette resulterte i gjennomføringssoner med krav om plan, der utgreiing og vurderingar av kulturmiljø skal gjennomførast ved utarbeidning av reguleringsplanar.



Fjell kyrkje. Utlån av foto: Ingvald Ulveseth

## 2 Ansvarsdeling og verkemiddel i kulturminnevernet

«Kulturminners overlevelse sikres ofte gjennom lovverket. Disse sakene har tradisjonelt fått mest oppmerksomhet, og har på mange vis dannet bilde av kulturminnevernet for folk flest. Imidlertid er det sånn at de fleste kulturminnene er bevart på grunn av villige eiere og ivrige ildsjeler.»

(Generalsekretær i Fortidsminneforeningen Ola H. Fjeldheim i Fortidsvern nr 3. 2018)

Stat, kommune, private eigarar, multinasjonale selskap og frivillige aktørar har alle ei rolle i kulturminnevernet. Korleis skal ein sikra at vår felles kulturarv vert forvalta på ein god måte? I førre kapittel vart det mellom anna vist til nasjonale mål, og lokale og internasjonale føringar på kulturminnefeltet. Konkrete, gjennomtenkte mål og føringar på felta er viktige, men kva verkemiddel har ein for å realisera desse? Det finst gode, økonomiske verkemiddel innanfor kulturminnevernet i dag, i form av ulike tilskotsordningar, legat, fond, løyvingar til ulike bevarings- og verdiskapingsprogram og ei nyare form for finansiering; folkefinansiering. Likevel er det eit stort gap mellom det som vert tilbydd og det faktiske behovet. Dei fleste kulturminne er avhengige av entusiastiske eigarar, næringsaktørar og andre som ser nytta i desse ressursane. Det er mellom anna i lys av dette viktig at vi har eit godt lovverk som bidreg til å verna verdifulle kulturminne. Men for å handheva lova er det og andre faktorar som er viktige, som til dømes god kompetanse kring kulturarv på alle forvaltningsnivå, formalisering av fagutdanning innan gamle handverkstradisjonar og oppretting av bygningsvernssenter fleire stader i landet.


### 2.1 Lovgrunnlag

Det er to lover som er framtredande innanfor kulturminneforvaltinga; *Kulturminnelova* og *Plan- og bygningslova* (PBL). Ved sidan av desse lovene finst det andre lover og føreskrifter som

har noko å seia for kulturminneforvaltinga, slik som til dømes forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, jordlova, kyrkjelova og naturmangfaldlova.

**Kulturminnelova** (LOV 1978 nr. 50 Lov om kulturminne) har som føremål at «*Kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvalting*». Lova gir bestemte kulturminne eit automatisk vern, og mål og reglar for vedtaks- og forskriftsfreding av einskilde kulturminne eller kulturmiljø. Lova gir også heimel til freding av nyare bygningar og kulturmiljø. Kommunen har meldeplikt til fylkeskommunen ved søknader om riving eller vesentlege endringar av bygg eldre enn 1850. Kulturminnelova pålegg kommunar og grunneigarar ansvar for å ta omsyn til registrerte kulturminne og kulturmiljø, og til å undersøka om slike finst i området før eventuell utbygging.

**Plan- og bygningslova** er kommunen sitt juridiske verktøy i kulturminnevernet. Lova fastset reglar for handsaming av planar og byggesaker, gir kommunen ansvar for bruk og vern av ressursar og seier at kommunen skal sikra «vern av verdifulle landskap og kulturmiljø». Kommunen kan gje eit regulermessig vern ved å sikra kulturminne og kulturmiljø som er freda eller bevaringsverdige. Omsynssoner er dei viktigaste verktya, og desse skal visast på plankartet uavhengig av arealføremålet. Omsynssonene fører med seg strengare reguleringsføresegnere enn elles, som til dømes strengare krav om byggjesøknad, krav til materialbruk og vedlikehald.



Torvhús på Misje. Foto: Berit Vik

## 2.2 Ansvar og aktørar i kulturminnevernet

Den norske kulturminneforvaltinga spring ut frå frivillig arbeid. *Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring* (Fortidsminneforeningen) vart stifta i 1844, som ein av dei første organisasjonane i verda med fokus på kulturminnearbeid. Fram til Riksantikvaren vart oppretta i 1912, låg ansvaret for bygningsarven hos Fortidsminneforeningen. Gradvis har kulturminnevernet blitt eit politisk område, men frivillige aktørar spelar framleis ei essensiell rolle i forvaltinga av kulturminna. Dei frivillige organisasjonane og andre private aktørar gjer ein uvurderleg innsats for å ta vare på kulturminna. Det er i dag stor breidde på aktørar i kulturminneforvaltninga.

### Staten



Klima- og miljødepartementet (KMD) har det overordna ansvaret for forvaltinga av kulturminne og kulturmiljø i Norge. Riksantikvaren (RA) skal, som fagdirektorat for departementet, utøva den nasjonale kulturminnepolitikken som er vedteken av Storting og regjering. RA har i første rekke ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap av nasjonal verdi, det vil seia alle kulturminne som er automatisk freda eller vedtaksfreda.

Riksantikvaren har fullmakt til å freda kulturminne ved enkeltvedtak eller forskrift. I kommunale plansaker kan dei stoppa planar ved motsegn dersom nasjonale kulturminneinteresser er trua. Det er også andre statlege organ som legg føringer og har ansvarsmynde når det gjeld visse særområde, slik som Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Fylkesmannen. NVE har ansvaret for vassdrags- og energisektoren sine kulturminne. Fylkesmannen er staten sin representant i fylket og har ansvar for å følgja opp vedtak, mål og retningsliner frå Stortinget og regjeringa.

Fylkesmannen har mellom anna ansvar for å ta vare på miljøverdiar i kulturlandskapet, til dømes gjennom å administrere ulike samarbeidsprosjekt og tilskotsordningar på kulturlandskapsfeltet.

Staten har i tillegg eit ansvar som eigar av fleire særmerkte bygg. Staten er ein stor eigedomsaktør, med totalt 2270 bygningar. Statsbygg tek seg av forvalting, drift og vedlikehald av bygga som skal sikra ivaretaking av nasjonale, kulturhistoriske verdiar, slik som til dømes Eidsvollbygninga. Til eigedomsmassen høyrer mellom anna høgskular, tinghus, kulturbrygg, kongelege eigedomar, ambassadar og andre føremålsbygg. Statsbygg er den største eigedomsforvaltaren i sivil sektor. Ein annan stor eigedomsforvaltar er Opplysningsvesenets fond (OVF), som blant anna driftar mange prestegardar, prestebustader, festetomter og store skogareal. Det er stadig diskusjon omkring kven som er rettmessig eigar av bygningane og anlegga som fondet forvaltar. Det har lenge vore stilt spørsmål ved om det er staten eller Den norske kyrkja som er den rettmessige eigaren av eigedomsmassen. OVF har ansvaret for Fjell prestegard.



### Fylkeskommunen

Hordaland fylkeskommune (HFK), ved fylkeskonservatoren, er forvaltingsstyresmakt med myndighet etter kulturminnelova, og har ansvar for ei rekke statlege og regionale oppgåver innanfor kulturminnevernet som kan delast i to hovudfelt; vern og ivaretaking av faste kulturminne (dei automatisk freda og freda kulturminna frå nyare tid) og ivaretaking av museumsvesenet i fylket. Fylkeskommunen gjev uttaler til tiltak og planar som rører ved kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av regional og nasjonal verdi, og dei skal sørgra for at det vert teke omsyn til kulturminne og kulturmiljø i planlegginga på kommunenivå. Arkeologiske registreringar i samband med plansaker er også deira ansvar. Fylkeskommunen har vedtaksmynde etter kulturminnelova, og kan mellom anna gjera vedtak om mellombels freding.

Ved sidan av verneoppgåvene står utviklingsoppgåver i fokus. Hordaland fylkeskommune har mellom anna fleire tilskotsordningar knytt til kulturminnevern, arbeider med nasjonale formidlings- og skjøtselsprosjekt av arkeologiske kulturminne og gir generell rettleiing og råd i enkeltsaker om riving, vedlikehald eller ombygging av verneverdighe bygningar. I tråd

med den pågående regionreforma har Stortinget slutta seg til at førstelineoppgåver på kulturminneområdet skal overførast frå Riksantikvaren til fylkeskommunane frå 1. januar 2020. Dette inneber at fylkeskommunane får ansvaret for forvaltinga av dei fleste automatisk freda kulturminna, verna fartøy, dei fleste statlege eigedomane som er freda ved forskrift og fleire tekniske og industrielle anlegg.



### Kommunen

Tiltak som rører ved kulturminne frå nyare tid, kulturmiljø og kulturlandskap av lokal verdi, skal handsamast av kommunen. I høve kulturminnelova har Fjell kommune meldeplikt til fylkeskommunen ved søknader om riving eller vesentlege endringar av bygg eldre enn 1850, og ansvar for å ta omsyn til registrerte kulturminne og kulturmiljø og til å undersøka om slike finst i området før eventuell utbygging. Plan- og bygningslova er likevel det viktigaste, juridiske verktyet. I tillegg har kommunane landbruksmynde etter jordlova og skogmynde etter skogbrukslova. Men kommunen har også andre verkemiddel, som ulike incentivordningar (tilskot, stipend, rådgjeving). Ein kan seie at kommunen sitt ansvar er tredelt:

1. **Som forvaltingsmynde** for at kulturminne og kulturmiljø vert ivareteke i planprosessar og einskilde byggesaker jf. plan- og bygningslova. Kommunen kan gjera vedtak om vern gjennom reguleringsplanar og definera omsynssoner i kommunedelplanar.
2. **Som eigar og brukar** av kulturminne/bygg og anlegg.
3. **Som tilretteleggjar og formidlar av kulturminne og lokalhistorie** i samarbeid med grunneigarar, frivillige lag og organisasjoner og andre offentlege aktørar.



### Dei arkeologiske landsdelsmusea

Universitetsmuseet i Bergen er eit av fem arkeologiske landsdelsmuseum i Norge som har ansvar for automatisk freda kulturminne på land, inkludert utgraving av desse, og førreformatoriske gjenstandar og arkeologiske utgravingar i Hordaland, Sogn og Fjordane og på Sunnmøre. Fokus for arbeidet er formidling, forvalting og forsking. Museet

samarbeider med og gir faglege råd til Riksantikvaren, fylkeskommunar og kommunar. Dei vurderer søknader om dispensasjon til inngrep i automatisk freda kulturminne. Dersom Riksantikvaren gir løyve til inngrep i kulturminnet, er det Fornminneseksjonen ved museet som utfører dei lov-pålagde arkeologiske utgravingane. Hordaland Fylkeskommune har likevel hovudansvaret for kulturminnevernet i fylket i første instans. Alle spørsmål som gjeld faste og lause kulturminne må rettast til fylkeskommunen for oppfølging.



#### Stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum

Stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum har forvaltingsansvar for kulturminne under vatn – dei marine kulturminna – i Hordaland, Sogn og Fjordane og på Sunnmøre, nærmere bestemt skipsfunn eller andre kulturminne under vatn, og lausfunn. Sjøfartsmuseet har tre målsetjingar for den marin-arkeologiske verksemda:

1. Å forvalta kulturminne under vatn og staten sin egedomsrett til desse. I tillegg skal dei undersøka og registrera kulturminne.
2. Å vurdera om marine kulturminne vert trua ved planar og tiltak i sjø og vassdrag.
3. Å spreia kunnskap om, og skapa gode haldningar til marine kulturminne.

Bergen Sjøfartsmuseum kjem med uttaler på vegne av fylkeskommunen i planar som omfattar inngrep i sjøbotnen. Når det er sannsynleg at marine kulturminne kan verta skada eller gå tapt som følgje av planane, gjennomfører museet undersøkingar. Sjøfartsmuseet får inn meldingar om sjøfunn frå sportsdykkarar, historielag og andre som kjem over ting i sjø og vassdrag. Museet skal undersøkja dette, og blant anna avgjera om funn kan verta overlete til finnaren.



#### Stiftinga Museum Vest og Fjell festning

Stiftinga Museum Vest er ein konsolidert museumsorganisasjon som vart etablert i 2005, som eit resultat av den nasjonale museumsreforma. Museum Vest fungerer som eit regionsmuseum for kommunane Austevoll, Sund, Fjell, Øygarden, Askøy og på nokre felt også for Bergen. Museet har ansvar for innsamling, restaurering og formidling av gjenstandar og tek imot gjenstandar dei meiner er relevante utifra prioriterte planar og vurdering av samfunnsmessig verdi. I dag omfattar stiftinga Norges Fiskerimuseum, Det Hanseatiske Museum og

Schøtstuene, Kystmuseet i Øygarden, Herdla Museum, Nordsjøfartmuseet, Fjell festning og Bjørn West Museet. Frå og med mai i år er også Bergen Sjøfartsmuseum ei avdeling i Museum Vest. Egedomsretten til bygningar og samlingar ligg framleis hos dei ulike avdelingane sine opprinnelige eigara (kommunen eller ei eigarstifting). Det er berre driftsansvaret som er overført til Museum Vest.

Fjell festning vart innlemma i Museum Vest i januar 2008. Eigarstiftinga Fjell festning eig gjenstandssamlinga og sjølve museumsbygget. Museet vert elles drifta av Museum Vest. Innanfor eit område på omlag 60 mål ligg store delar av den indre festningskjerna. Dette, saman med det freda underjordiske anlegget, gir Museum Vest høve til å formidla eit av dei mest komplette festningsanlegga frå den andre verdskriga. Sotra og Øygarden forsvarsforening har lagt ned eit formidabelt arbeid når det gjeld tilrettelegging og formidling i fleire tiår. Museum Vest har, i samsvar med ein samarbeidsavtale med Fjell kommune og Stiftinga Fjell Festning, fagleg og driftsmessig ansvar for museet på Fjell festning. Stiftinga Fjell festning sitt føremål er å vedlikehalda bygg og anlegg og utvikla Fjell Festning til eit spanande og etterspurd krigsminne. Målsetjinga er at festninga skal vera eit attraktivt reisemål som også genererer inntekter. Utviklingsarbeidet skal gjerast i tett samarbeid med dei ansvarlege for museumsverksemda.

#### Private eigara

Dei som eig freda eller verneverdige bygg, og dei som har arkeologiske kulturminne på sin egedom har eit stort ansvar. Private eigara kan vera enkeltpersonar, stiftingar, styret i organisasjonar, sokneråd, frivillige organisasjonar, firma eller liknande. Mange private eigara i Fjell legg ned ein imponerande innsats for å ta vare på ulike typar kulturminne. Eigaren sin vilje, kompetanse og erfaring er ofte avgjeraande for om kulturminnet vert ivaretake på ein god måte. Eit godt samarbeid mellom offentleg forvalting og dei som eig kulturminna er viktig. I mange tilfelle er det ikkje mangel på kunnskap om føremålet med kulturvern som er avgjeraende, men tilgangen på ressursar for å ta vare på dei kultuhistoriske verdiane.

**«Eg fann! Eg fann!»**

**Har du funne ein gjenstand eller oppdagat eit nytt kulturminne?**

**Ta kontakt med dei som har ansvaret!**

- Faste kulturminne og gjenstandar på land: Hordaland fylkeskommune, [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)
- Faste kulturminne og gjenstandar i vatn: Bergen sjøfartsmuseum, [marinarkeologi@sjofartsmuseum.no](mailto:marinarkeologi@sjofartsmuseum.no)
- Husk dokumentasjon frå funnstadene (foto, kartfesting m.m.)
- Kanskje kan du få finnarløn. Sjekk dei nye retningslinene for finnarløn hos Riksantikvaren: [finnarløn](#)
- Dersom du driv med metallsøking pliktar du å setja deg inn i dei nasjonale retningslinene på området: [metallsøking](#)



Det ligg ofte store, økonomiske utfordringar i restaurering og vedlikehald. Høge kostnader og krav til kulturminnefagleg rådgjeving og kompetente handverkarar kan verka overveldande.

Det finst gode støtteordningar både i privat og offentleg regi, og at det offentlege – då først og framst fylkeskommunen – kan gje råd og rettleiing når det gjeld vedlikehald og skjøtsel av kulturminne. Det finst også frivillige organisasjonar som kan gje rettleiing på ulike område, som til dømes foreininga *Fredet*; ein landsdekkande organisasjon for private eigalarar av eigedomar som er freda etter kulturminnelova. Ein annan viktig ressurs for private eigalarar av eldre bygg, er tenesta *Bygg og Bevar*; eit samarbeidsprosjekt mellom Klima- og miljø-departementet og Byggenærings Landsforening. *Bygg og bevar* skal tilføra kunnskap og informasjon til eigalarar og næringsaktørar, både i den profesjonelle og private marknaden, om korleis gamle hus skal haldast ved like og settast i stand i tråd med bygninga sin alder, konstruksjon og stil. Arbeidet som vert utført av *Bygg og bevar* er eit viktig bidrag til å redusera tap av kulturminne og betra rammevilkåra for private eigalarar.

#### Frivillige aktørar

I St. meld. 35 (2012-2013) «Framtid med fotfeste» vert det understreka at verksemda til frivillige organisasjonar kjem samfunnet til nytte gjennom at dei tek vare på kulturarven og samtidig bidreg til å gje kulturminnefeltet legitimitet i samfunnet. Meldinga understrekar og at frivillige gjer ein uvurderleg jobb gjennom å formidla kor viktig kulturarven er, særleg i lokalsamfunnet. Ved sidan av engasjement er det klart at dei frivillige også er målberarar for kompetanse og profesjonalitet på kulturvernfeltet. Gjennom høg eigeninnsats og dugnad bidreg dei aktivt med å setja i stand og vedlikehalda kulturminne, som elles gjerne hadde gått tapt, samtidig som dei formidlar kunnskap om desse.

I Norge har vi eit mangfold av frivillige organisasjonar som set kulturminnevernet på dagsordenen på ulikt vis. Mange er landsdekkande, med fylkesavdelingar og lokallag, slik som *Norsk kulturarv*, *Fortidsminneforeningen*, *Forbundet KYSTEN* og *Den norske historiske forening*. Fortidsminneforeningen står fram som den største eigedomsforvaltaren med sine 40 eigedomar, eller som dei skriv på heimesida; «nasjonale skatter». Deriblant

eig dei fleire stavkyrkjer. Norges kulturvernforbund er paraplyorganisasjonen for organisasjonane som arbeider innanfor området historie, kulturarv og kulturminnevern, og har i dag 24 medlemsorganisasjonar. Kulturvernforbundet har dei siste åra hatt ansvaret for kulturminnedagane som vert arrangert i mange lokalsamfunn i september kvart år. Dagane (European Heritage Days) er del av ei europeisk markering i regi av Europarådet.

Av frivillige organisasjonar som femnar om kulturarvfeltet i Fjell har vi *Fjell kystlag*, *Fjell kulturminnelag*, *Sotra og Øygarden forsvarsforening (SØFF)*, *Sotra husflidslag*, *Stiftinga Fjell festning*, *Stiftinga Knarrevikløa*, *Sotra mållag*, og fleire grendalag som er svært aktive når det gjeld forvalting og formidling av kulturarven i lokalmiljøet. *Bjorøy og Tyssøy velforening*, *Algrøy bygdalag*, *Fjell grendalag*, *Vindenes vel*, *Kallestad og Trengereid grendalag* og *Misje bygdalag* kan her nemnast særskilt. I tillegg til desse laga har *Rygene detektorklubb* utøvande medlemar i Fjell. Deira fokusområde er den eldste historia, og dei jobbar for å fremja amatørarkeologien si utbreiing i Norge og Norden. I *Sotra sportsdykkerklubb* er det fleire av medlemane som er interesserte i kulturarv, og som har god kunnskap om vrak og andre kulturminne under vatn i vårt område. Kunnskapen og kompetansen som desse frivillige organisasjonane sit på, er svært verdfull for Fjell kommune.

**Private aktørar: arkitektar, planleggarar, entreprenørar m.fl.**  
Arkitektar, planleggarar i større konsulentselskap, entreprenørar og andre, er ofte dei som står ansvarlege for private planar og utbyggingar. Desse aktørane har eit stort ansvar for at kulturminneinteresser vert teke omsyn til i planlegging og utforming av prosjekt. Det er viktig at desse aktørane har tilstrekkeleg innsikt i lovverk og føringar lagt i lokale planer. Samarbeid tidleg i prosessen mellom kommunen og desse aktørane er viktig for eit godt resultat.

#### Instansar og nettsider med nyttig informasjon til private eigalarar:

- Forvalting av gamle bygg : [www.bryggogbevar.no](http://www.bryggogbevar.no)
- Informasjon om arkitektur og bygningsvern: [www.varsomt.org](http://www.varsomt.org)
- Råd om bygningsvern: [riksantikvaren.no](http://riksantikvaren.no)
- Fylkeskonservatoren i Hordaland: [kulturminnevern-og-museum.no](http://kulturminnevern-og-museum.no)
- For vernestatus og annan informasjon om bygg og kulturminne:
  - [Kulturminnesøk](http://Kulturminnesøk.no)
  - [Kartverket](http://kartverket.no)
  - [Miljøstatus](http://Miljøstatus.no)

#### Nettsider til frivillige aktørar på kulturarvfeltet i Fjell

- Fjell kulturminnelag: [www.fjellkulturminnelag.org](http://www.fjellkulturminnelag.org)
- Fjell kystlag: [fjellkystlag.no](http://fjellkystlag.no)
- Sotra husflidslag: [Sotra husflidslag](http://www.sotrahusflidslag.no)
- Sotra og Øygarden forsvarsforening: [www.facebook.com/SotraNFF](http://www.facebook.com/SotraNFF)
- Bjorøy og Tyssøy velforening: [www.btvel.no](http://www.btvel.no)
- Algrøy bygdalag: [www.123hjemmeside.no/bygdalaget](http://www.123hjemmeside.no/bygdalaget)
- Rygene detektorklubb: [www.rygendetektorklubb.com](http://www.rygendetektorklubb.com)
- Sotra sportsdykkerklubb: <http://www.ssdk.org>

## 2.3 Økonomiske verkemiddel

Det finst ei rekke offentlege og private støtteordningar på kulturvernfeltet i form av tilskot, verdiskapingsprogram, stiftingar, legat og fond. Det vert for omfattande å forsøka å gje eit heilskapleg biletet her. Offentlege tilskot til kulturarv er eit viktig verkemiddel for å nå vedtekne mål på feltet. Dei samla tilskotssummane er låge samanlikna med behova, og særleg gjeld dette lokale kulturminne. Blant dei viktigaste tilskotsytarane finn ein Hordaland fylkeskommune, Riksantikvaren, Norsk kulturminnefond og ulike stiftingar.

### Tilskotsordningar

I den nettbaserte *Tilskuddsportalen* finn ein oversikt når det gjeld økonomiske støtteordningar som lag eller organisasjonar kan søkja på. Alle som bur i Fjell kan få tilgang, gjennom invitasjon frå Fjell kommune som er medlem av portalen. I Fjell kommune har vi dessutan ei eiga tilskotsordning som gjeld kulturvern, der det har vore kr 100.000 til fordeling dei siste åra. I samband med kommunenesamanslåinga har ein starta arbeidet med tilskotsordningane som skal gjelda i Nye Øygarden kommune. Det er på det reine at det framleis vil verta tildelt midlar til kulturvernfeltet, men søknadsfrist, tilskotspott og vilkår er enno ikkje bestemt. Planavdelinga, ved landbruk, forvaltar *SMIL-ordninga* (spesielle miljøtak i landbruket) i kommunen. Denne tilskotsordninga ligg under Landbruksdirektoratet, og er eit av dei viktigaste, økonomiske verkemidla kommunen har i det lokale arbeidet med jordbruket sine kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

I gjeldande regional kulturplan for Hordaland (2015-2025) vert det påpeikt at kombinasjonen av relativt små tilskotssummar og mange tilskotsgjevarar får som konsekvens ei fragmentert og ressurskrevjande tilskotsforvalting, som samla sett ikkje bidreg til større politisk måloppnåing. Planen tek initiativ til sterkare politisk forankring av den offentlege tilskotsforvaltinga. Det vert argumentert for at politiske prosessar i kommunane og fylkeskommunen, med prioritering av temaområde og kulturminne, bør vera retningsgjevande for statleg tilskotsforvalting i

Hordaland, til dømes i Kulturminnefondet. Vidare vert det i planen hevda at omlegging av fylkeskommunale tilskotsordningar slik at kommunen gir tilskot tilsvarannde fylkeskommunen, vil kunna auka tildelingssummen og styrkja lokalt engasjement.

Hordaland fylkeskommune har nyleg revidert sine tilskotsordningar på kulturarvfeltet i tråd med nokre av føringane i regional kulturplan. Dette har mellom anna ført til ei endring i tilskotsordninga som gjaldt vern og vøling av verneværdige bygg, no nemnt tilskot til verna kulturminne. Målet med endringa er å gje kommunane fleire verkty til å styrkja lokal kulturminnevern. Søknaden skal gå gjennom kommunen. Det kan søkjast om inntil 50% tilskot til vernetiltak til bygg og anlegg som har formelt vern i arealplan, eller andre tiltak som er prioritert i kulturminneplan. Nedslagsfeltet til ordninga er såleis utvida. Kommunar som har etablert eigne tilskotsordningar for kulturminnetiltak vert prioritert med inntil same sum som kommunen gjev. Ein kan ikkje søkja om tilskot til kulturminne i kommunalt eige. Dette er i tråd med overordna føringar som går på at det offentlege har eit sjølvstendig ansvar for å forvalta eigne kulturminne. Fylket sine andre ordningar på kulturarvfeltet gjeld tilskot til freda kulturminne i privat eige og særverdifulle kulturmiljø og kulturlandskap, tilskot til sikring og istandsetjing av verna party og også forvalting og drift av verna party.

### Folkefinansiering og nettbasert dugnad

I dei seinare åra har det opna seg opp nye moglegheiter til å motta støtte til prosjekt gjennom såkalla *folkefinansiering* (crowdfunding). Folkefinansiering er når nokon går saman om å støtta eit prosjekt, anten ved hjelp av pengar eller andre ressursar, då ofte under omgrepene «crowdsourcing»; nettbasert dugnad der folk gjer jobben for deg. Wikipedia er bygd opp på denne måten. Det kan vera enkeltpersonar, bedrifter eller organisasjonar som har teke initiativ til prosjekt eller aksjonar som vert publisert og delt på internett via sosiale media. Interessa for folkefinansiering har auka etter at sosiale media, nettsamfunn og betalings-

teknologi har gjort det enklare å nå fram til potensielle gjevarar. Ein kan søkja støtte til alle typar føremål gjennom folkefinansiering: katastrofehjelp, finansiering av artistar, politiske kampanjar, turar for skulekorps, oppstart av små bedrifter, og sjølvsagt til prosjekt som gjeld kulturvern.

I Norge finst det i dag fleire aktørar som tilbyr løysingar for folkefinansiering, og gjer det lettint for folk å finna og gje pengar til sine hjartesaker. I 2018 passerte folkefinansierte prosjekt i Norge for første gang 100 millionar kr, og *spleis.no* var den dominerande plattforma med over 60 millionar kr innsamla i 2018. På verdsbasis er *GoFundMe* den største aktøren, og i 2018 vart det mogleg for nordiske brukarar å nyttja denne Calliforniabaserte plattforma til å samla inn pengar. Den auka interessa for folkefinansiering har ført til ei dreiling mot at meir kommersielle prosjekt kan ta i bruk folkefinansiering for å henta inn midlar. Det finst mange former for folkefinansiering, men dei vanlegaste formene er donasjon (gje eit beløp, inga motyting), belønning (gje eit beløp, motta belønning), aksjar (gje eit beløp, motta aksjar) og lån (lån vekk pengane dine mot avkasting over tid). Når det gjeld nettbasert dugnad så har vi fleire plattformer i Norge der folk bidreg gratis med opplysningar. Innanfor kulturvernet er Riksantikvaren si nettside *kulturminnesok.no* eit døme på dette. Der kan folk legga inn informasjon om kulturminne, som straks vert søkbar for andre.

For mange aktørar innan kulturvernet vil både folkefinansiering og nettbasert dugnad vera høgst relevant å ta i bruk. Dette mellom anna fordi kulturarven appellerar til folk sine kjensler omkring røter og tradisjonar. Kanskje er det fleire enn «venegruppa» til den gamle husmannsplassen som meiner at den bør reddast frå forfall? Og kan hende er det nokon ute i mengda som veit kven fiskarane på det gamle fotoet er? Gjennom nettbasert dugnad kan kulturarven verta tilgjengeleg og lett å søkja fram for folk flest. Ein rask gjennomgang av dei norske plattformene for folkefinansiering gir likevel null treff på reine kulturvernprosjekt. Men dette er truleg noko som snart vil endra seg.

## Gode ressursar på tilskotsfronten

- Tilskuddsportalen:  
Ta kontakt med kulturavdelinga for å få tilgang!
- [Bygg og bevar si nettside om statlege tilskot](#)
- [Kulturvernforbundet si nettside om tilskot](#)
- [Kulturminnefondet si oversikt over tilskot](#)
- [Hordaland fylkeskommune si nettside om tenester og tilskot](#)
- [Eckbos legat](#)
- [Stiftelsen UNI](#)
- [Sparebanken Vest prosjektmidler](#)



MS Vestgar, her til kai i Solsvika, vart freda av Riksantikvaren i 2014. Dugnadsarbeidet avheng av tilskotsmidlar. Foto: Kjell Andersland

## 2.4 Sakshandsaming og rutiner


Rettleiing og samarbeid mellom grunneigarar, kommune og vernemynde står sentralt i ei velfungerande kulturminneforvaltning. Tidleg dialog er ein nøkkelfaktor og eit klart mål. Det er i dette planarbeidet sett fokus på rutinar for sakshandsaming og intern samhandling på tvers av avdelingar. Dette for å sikra at grunneigar/tiltakshavar får god oppfølgjing og rettleiing i kontakt med kommunen. Samtidig er rutinane viktige for at ulike føringar vert følgde opp. Dei fleste former for fysiske inngrep kan involvera kulturminne, og rutinane gjeld for både landbruks-, bygge- og plansaker. Rutinane kjem som vedlegg til slutt i kulturminneplanen. Desse rutinane vil verta revidert løpende, og siste versjon skal vera tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Denne kulturminneplanen har status som temaplan, og er ein strategisk plan utan bindande arealdel. Planen gir såleis ikkje rettsleg vern, men kjem med informasjon og vurderingar som er nyttige i komande planprosessar og når det gjeld handtering av kulturminne og kulturmiljø ved søknader om tiltak. Bindande vern kan først skje ved kartfesting og innarbeiding av føresegner i kommuneplan eller reguleringsplan, etter plan- og bygningslova, eller eventuelt gjennom vedtak om vern. Fjell kommune forutset at denne temaplanen vert tillagt tyngde ved vurderingar av kva slags kulturminne og kulturmiljø som bør prioriterast i framtidig planarbeid.

I Nye Øygarden kommune vil ein få fleire kulturminne å forhalda seg til, og nye vurderingar må gjerast utifrå ein større målestokk mellom anna når det gjeld verdivurderingar.

I arbeidet med ein kommunedelplan for Nye Øygarden kommune må mellom anna både avgrensingar for kulturmiljø og tilhøyrande planbestemmingar konkretiserast. I dag er det berre sjøbruksmiljøa ved Landrovågen og Storasundet, og Langøy kystgard og Knarrevik industristad som er regulert til omsynssone kulturmiljø i gjeldande arealplan.

I denne førstegenerasjons kulturminneplanen vert eit stort tal kulturminne skildra, og vi kjem med forslag til kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som bør få eit formelt vern. Vi har i all hovudsak hatt fokus på dei kulturminna og -miljøa vi vurderer til å ha høg verneverdi, utifrå eit eller fleire vernekriterium. Det må i denne samanhengen strekast under at det er eit mål å oppnå eit mangfold i forvaltinga av kulturminne. Det er ikkje berre kulturminna som er vurderte til å ha høg verneverdi som er viktige. Vi ynskjer at kulturarven skal gjenspeglia fleire aspekt av kulturhistoria. Rutinane skal sørge for at ein fangar opp spesielle kulturminne og kulturmiljø som ikkje er framheva i denne planen.



Færing. Foto: Kjell Andersland

# 3 Utfordringar og moglegheiter i kulturminnevernet

«Med den store utbygginga som skjer i Fjell har kommunen ei særskilt stor utfordring med å ta vare på kulturminna og kulturlandskapet i kommunen. Ein må heile tida gjera ei vurdering av korleis ein skal prioritera vekst/utvikling og vern. Det treng ikkje å vera motsetningar mellom desse to strategiane. Kulturminne og kulturlandskap kan verta viktige element i utviklinga av kommunen. For det første kan dei bidra til å auka livskvaliteten for dei som bur i kommunen, til dømes gjennom bruk av kulturlandskapet for rekreasjon. Eit godt skjøtta kulturlandskap med element av kulturminne vil og medverka til å gjera kommunen meir attraktiv å bu i. For det andre kan kulturlandskapet og ikkje minst kulturminna kunne gjera Fjell til eit spanande reisemål. Utvikling av museum eller opplevelingsenter kan og bidra til næringsutvikling, samstundes som det kan medverka til å bevare det aktuelle landskapet eller kulturminnet. For det tredje kan kommunen framheva dei mange kulturminna og det flotte kulturlandskapet for å styrka sjølvkjensle og identiteten til Fjell.»

(Mellan by og hav, Kommunedelplan for kultur 2007 -2010)

Innan kulturminneforvaltinga i Norge er det eit hovudmål å sikra ei berekraftig forvalting. Samtidig ynskjer ein at denne skal gje grunnlag for auka verdiskaping, lokal tilhøyrigheit, trivsel og utvikling. Å forvalta kulturarven i Fjell kommune er eit stort ansvar, der rollene ikkje alltid er tydeleg fordelt. Men dette ansvaret inneber også ein gylden moglegheit. Kulturarven utgjer ein verdifull ressurs som har stor betydning for oss og våre omgjevnader, og som gir grunnlag for verdiskaping i brei forstand. Det vert ofte presisert at kulturminna er viktige for identitet, oppleveling og kunnskap. At kulturminna er ressursar som ikkje kan fornyast og at dei representerer både kulturelle, sosiale og økonomiske verdiar. I samfunnsdebatten vert kulturminna likevel ofte redusert til berre å handla om dei økonomiske verdiane, og då gjerne med fokus på dei økonomiske kostnadene det er å ta vare på desse. Ei god samfunnsutvikling treng balanse mellom forvalting og utvikling, mellom kulturminnevern og andre interesser. Å vekta desse interessene er ei

politisk oppgåve, til tider med andre omsyn enn lokale interesser. Å finna balansen mellom å ta vare på det gamle samstundes som vi veks og utviklar oss vidare, er ei utfordring.

## 3.1 Om berekraft i kulturminneforvaltinga

I dag er det over tredve år sidan Brundtlandkommisjonen sin rapport, *Vår felles framtid* (1987), introduserte omgrepet berekraftig utvikling. Ei slik utvikling vart definert som «utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov». Brundtlandkommisjonen introduserte berekraft som eit politisk omgrep, der miljøomsyn kunne kombinerast med økonomisk vekst. Vekst vart betrakta som ein del av løysinga, og ikkje ein del av problemet. No – over tre tiår seinare – er berekraftperspektivet like, om ikkje meir, aktuelt. Men det er ein mangel på konsensus om kva omgrepet berekraftig utvikling faktisk inneber. Kva tyding kan ein legga i omgrepet i dag, og meir spesifikt; kva er ei berekraftig kulturminneforvalting? Verdsarvkommisjonen forsøkte i sin rapport «Our Creative Diversity» (1995) å nyansera berekraftomgrepet, ved å kobla det til kultur. Kultur vart forstått i vid tyding som noko som medlemmar i samfunnet delar og tileignar seg. Dette kan dreia seg om overtydingar, verdiar, vanar og omgangsformer, så vel som tilverking og ivaretaking av fysiske gjenstandar og stader. Det vart konstatert at ei berekraftig utvikling omfattar kulturell vekst. Viktige moment i så måte er innbyggjarfokus og medverknad.

Forvaltingsmessig er det i dag kommunane, med heimel i plan- og bygningslova, som har dei beste verkemidla for å syta for ei berekraftig utvikling på kulturminnefeltet. Med unntak av rettsvernet til dei automatisk freda kulturminna og nokre omsynssoner for kulturmiljø og generelle føresegner i arealplanar, har ein i Fjell i dag ingen bindande føringar på kulturminnefeltet. Dette får mellom anna konsekvensar i arbeidet med planar på detaljnivå, og kan gi særslig negative utfall når til dømes



Flytting av jordkellar på Straume. Foto: Kjell Andersland



Springflo i Buvika på Knappskog. Foto: Kjell Andersland

enkeltståande, verneverdige kulturminne står i fare for å verta skada eller fjerna. Dette er eit av aspekta denne kulturminneplanen skal bidra til å bøta på, i tråd med Riksantikvaren si satsing på kompetanseheving og vektlegging av kommunen sitt ansvar. Korleis skal ein gå fram for at verkemidla ein har til rådvelde vert nytta og inkorporert i den kommunale og politiske arbeidskvardagen? Utfordringar for Fjell kommune på dette området dreier seg i all hovudsak om ressursar, både når det gjeld kompetanse, økonomi og tid. I regional kulturplan for Hordaland står det mellom anna følgjande: "Kulturminnevern er ofte lite tydeleg som fag- og politikkområde i lokal forvalting, mellom anna grunna lite kompetanse i kommunane. Det er trong for å styrke lokal forvalting der plan- og bygningslova vert nytta som lokalt styringsverktøy for kulturminne og kulturlandskap."

Andre utfordringar er å unngå at viktige kulturminne og kulturmiljø går tapt grunna samfunnsøkonomiske omsyn som krev maksimal arealutnytting. Det er eit grunnleggjande problem at presset mot kulturminna, kombinert med manglende kunnskap om desse, fører til høgt tap av kulturminne, då særlig i ein vekstcommune som Fjell. I tillegg til utbyggingspress er andre utfordringar i Fjell attgroing, fråflytting frå marginale område og bygningar som forfell. Kulturminne går tapt utan at dei har vore gjenstand for dokumentasjon, og vi har ingen overordna planar eller målsetjingar som kan rettleia oss i vurderingar omkring kulturminne og kulturmiljø. Kven har til dømes ansvaret for å ta vare på kunnskapen og minna om den tradisjonelle fiskarbonden si livsform her i Fjell? Med fiskarbonden forsvinn ei livsform som strekk seg attende til yngre steinalder. For fastbuande og tilreisande er kulturlandskap, kulturminne og miljø ein viktig opplevingsverdi som vitnar om kulturell eigenart og identitet. Kulturminna er ein viktig samfunnsressurs. I neste kapittel skal vi sjå litt nærmare på kva moglegheiter som ligg nettopp i dette.

### **3.2 Kulturminne som ressurs i samfunnsutviklinga**

Korleis kan fortida nyttast som ein ressurs i notida? Dei fleste kommunar ynskjer å markera seg gjennom si historie,

tradisjonelle næringsgreiner eller spesielle hendingar. Noko av det mest verdfulle med kulturminna er at dei kan gje oss kunnskap og oppleveling. Mange av kulturminna har også bruksverdi. Dei seinare åra er det frå statleg hald initiert prosjekt som til dømes "Ny næring i gamle bygg i strandsona" og "Inn på tunet", som viser at gamle bygningar kan utviklast som ressursar gjennom ny bruk. Ein ser generelt at det er ei nytenking på gang når det gjeld verdiskaping i samband med kulturminne og kulturmiljø. Det nasjonale verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet, der *Perler i Nordsjøløypa* var eit av pilotprosjekta, er basert på eit ynskje om at kulturminna og kulturmiljøa i større grad vert tekne i bruk som ressursar i utviklinga av levande lokalsamfunn og som grunnlag for ny næringsverksem. Gjerdet kulturminnegard var eit av satsingsområda i Fjell, der mellom anna samvirket «*Dei på Gjerdet*» utvikla konsept med utgangspunkt i kulturhistoria på garden. Eit anna pilotprosjekt i verdiskapingsprogrammet var "*Den verdifulle kystkulturen i Nordland*". Dette prosjektet utvikla ei felles, konkretisert forståing av kva verdiskaping med utgangspunkt i kysten sine kulturminne betyr i praksis – røynsler som vil ha stor overføringsverdi til utviklingsarbeid andre stader.

I Fjell kommune finst det suksesshistorier frå kulturminnefeltet som viser at kommunal tilrettelegging og lokalt engasjement kan utgjera ein god kombinasjon. I samband med Norsk Kulturråd sin aksjon "Rydd eit kulturminne" i 2011, tok Fjell kommune initiativ til ein lokal ryddeaksjon i samarbeid med Fjell kulturminnelag. 15 av 18 skular i Fjell melde seg på. Nokre prosjekt melde seg også på i den nasjonale konkurransen. Algrøy skule fekk heider og pengepremie for sitt arbeid med eit torvhus. Den kommunale prisen på 10 000 kroner vart delt mellom Algrøy skule og Gangstøgarden ressurssenter, der sistnemnde arbeidde med ei notbu og eit båtfeste. Denne forma for halldningsskapande samarbeid mellom ulike aktørar i kommunen, er uvurderleg innanfor eit framtidsretta kulturminnevern der ungdomane om ikkje lenge er beslutningstakrar.

For nokre år tilbake hadde Fjell kommune eit samarbeid med Fjell turlag der utvalde løyper vart profilerte som kultur-



Skuleelevar ved torvhustomt på Algrøyna. Foto: Algrøy bygdalag



Friluftsperle på Hissøyna, i regi av friluftsrådet. Foto: Monica Hovland



Frå kontorbygg til brudesalong i Knarrvika. Foto: Belle Amie brudesalong

minneturar og knytt opp mot klippekortturar. Det vart sett opp postkasser med informasjon om turen og kulturminna. Algrøy grendalag har også lagt ned arbeid i lokal kulturhistorisk kunnskapsformidling i turløypene på øya. Dei har leita fram lokale kulturminne og stadnamn langs turløypene på øya. Desse er skilta slik at ein tur i løypene vert ein kombinasjon mellom friluftsliv og kulturhistorisk oppleveling. Det er også fleire andre grendalag som har vist interesse og engasjement for formidling av kulturhistoria. Bjørøy og Tyssøy velforening ynskjer at kunnskap om dei lokale kulturminna dei har registrert, skal formidlast i skulen. Misje bygdalag har ansvaret for Misje bygdamuseum og samlingane der. Kallestad og Trengereid grendalag har restaurert ei kvern på Kallestad, som dei nyttar i formidling. Fjell grendalag og Vindenes grendalag er også svært engasjerte i å formidla kulturhistoria i sine område.

Det frivillige arbeidet som vert lagt ned på kulturarvfeltet er ein viktig del av verdiskapinga i Fjell, som ein må sorgja for å byggja opp under. Handlingsdelen i kulturminneplanen viser til fleire prosjekt i regi av frivillige. Ved sidan av dei frivillige sin innsats, er også kulturminna avhengige av entusiastiske eigalarar, næringsaktørar og andre som ser nytte i desse ressursane. Sentralt i planen står også rettleiing og samarbeid med desse. Tidleg dialog er ein nøkkelfaktor og eit klart mål. Planen skal sikra at det vert gjort grundige vurderingar av tiltak som kan koma i konflikt med vern, med sikte på å finna gode løysingar. Ny bruk av bygg kan vera ei løysing som vil fungera i nokre tilfelle. At kulturminne får ny bruk, inneber at ein tek vare på det særegne og utviklar det med respekt. Ny bruk kan i mange tilfelle vera ein fordel. Dersom bygningane vert ståande tomme, vil dei før eller sidan stå til nedfalls. Dette er dårleg ressurs-utnytting. For det første ligg det ein stor kapital i alle desse husa, som kunne vorte nytta. For det andre er sjøen og kystlandskapet i dag ein viktig rekreasjonsressurs for stadig fleire grupper. For det tredje har dei gamle driftsbygningane kulturhistorisk interesse. Dersom vi vil sikra desse miljøverdiane, må vi leita fram nye bruksmåtar for dei gamle bygningane.

I ein artikkel i Arkitektnytt vert det hevda følgjande: «*Hvis vi skal spå om fremtiden innen arkitekturfaget, så synes det sikkert at den i*

*økende grad vil handle om fortiden. Det sies gjerne om våre bymiljø at 80 prosent av bygningsmassen allerede finnes. Det vil si at mye av det nye vil være en bearbeidelse av det gamle, enten i form av transformasjon eller annen form for bevaring.»* I Danmark utgjer transformasjon av eksisterande bygningsmasse 70 prosent av arkitektane sine oppdrag. Få land i Europa byggjer så mykje nytt som Norge, og klimaavtrykket dette produserer er problematisk i eit miljøperspektiv. For eksisterande bygningsmasse vil forlenga levetid vera eit viktig tiltak både med omsyn til ressursbruk og klimagassutslepp. Men det trengs meir forsking på dette, og utviklinga i dei seinare år viser at stadig fleire fagmiljø set berekraft i sentrum. Her på Straume er det eit spennande prosjekt på gang etter initiativ frå Sartor Holding AS. I samarbeid med det nyskapande arkitektkontoret Vill Urbanisme, skal dei gå i gang med å gjera ny bruk av ein gardsflor i Sotraparken på Straume ved mellom anna å gjenbruка materiale. Løa har i seg sjølv ikkje høg verneverdi, men prosjektet kan vera overførbart og inspirera andre til å tenkja nytta når det gjeld gjenbruk og utvikling. Tanken er at løa skal verta ein allmenn treffstad som skal fyllast av ulike aktivitetar. Vill Urbanisme forfektar berekraftig utvikling innanfor arkitektur og planlegging, og det skal verta særspennande å følgja med på dette prosjektet.

Ei ny kulturminnemelding kjem i 2020, og regjeringa ynskjer å bruka meldingsarbeidet til å skapa større merksemd og debatt omkring kulturminnepolitikken. Meldinga skal mellom anna setja søkerlyset på korleis kulturminne, kulturmiljø og landskap er viktige ressursar for samfunnet i dag, og korleis desse kan bidra framover både i eit miljømessig, kulturelt, sosialt og økonomisk perspektiv. Denne kulturminneplanen legg til grunn at kulturminneverdiane i Fjell, gjennom aktiv tilrettelegging, kan skape livskvalitet, opplevelingar og nye næringar. I planperioden skal det setjast auka merksemd på utvikling gjennom skjøtsel, tilrettelegging og formidling av kulturminna.



Konsert i «steinkatedralen» i Knarrvika i 2014. Foto: Kultursjefen



Opningsdag for Dei på Gjerdet i 2015. Foto: Halvor Skurtveit



Framtidig samlingsstad? «Økoløa» i Sartorparken. Foto: Kjell Andersland

## DEL II: KUNNSKAPSGRUNNLAGET

### 4 Kulturhistoria i Fjell: 10 000 år med spor etter menneske

«Det stig av hav ... er den første av allmennsogene. Vonleg vil boka gje lesaren eit godt inntrykk av korleis natur- og samfunnstilhøva her vest mot havet har utvikla seg frå dei eldste tider til rundt 1700. Den geologiske historia og vegetasjonshistoria fortel om enorme og dramatiske omskifte i naturen. Heile 10 000 år av kulturhistoria til strilen høyrer og med til perioden. Det er eit stort sprang frå buplassar for jegerar og fangstfolk til etablerte grender med stadbundne småbrukar- og fiskarfamiliar.»

(Frå føreordet i det første bandet i bygdebokverket for Fjell, 1996)

Det geografiske området som i dag er Fjell kommune kom til syne mot slutten av siste istid, då nedsmeltinga av isen starta, for omkring 11.500 år sidan. Dei første sikre spora etter menneske sin bruk av land og sjø, og dermed starten på vår kulturhistorie, går nærmare 10.000 år tilbake i tid i vårt område. Det norske kystlandskap er i så måte eineståande i verds-samanheng. Grunna stigande havnivå er dei eldste kystsamfunna for lengst forsvunne under havflata i nesten heile verda. Men i storparten av Norge har vi, grunna landheving etter isen si tilbaketreking, framleis store delar av dei eldste kystlinene bevart over dagen sitt havnivå. Fjell er såleis eit av få område der ein kan studera nærmare 10.000 år med samanhengande kystbusettnad. Dette er eit av våre viktigaste bidrag til vår felles kulturarv.

Fra dei første pionerane fann vegen hit, og fram til i dag, har utnytting av dei marine ressursane vore sjølve livsnerven. Nemninga kystkultur er ofte nytta for å skildra kultur frå nyare tid langs kysten, så også i vårt område. Det er ingen konsensus i fagmiljøa når det gjeld definisjonen av kystkultur. Riksantikvaren har operert med følgjande definisjon: "En virksomhet eller bosetting som har sine premisser i kystbasert næring. Med kyst menes her saltvannskysten og fjordarmer." Ein annan definisjon er som følgjer: "Kystkulturen er eit tilpassingssystem som byggjer på rammevilkåra i kyststroka og

med særleg vekt på utnyttinga av ressursar både på sjø og land (Borgos, Brøgger)". Av den siste definisjonen ser ein at nemninga kystkultur femnar vidt, og at lyngheier, strilen og fiskarbonden sitt kvardagsslitt, oppdrettsanlegg og CCB-basen på Ågotnes, alt er ein del av kystkulturen i Fjell.

Den kulturhistoriske framstillinga er delt i to hovudbolkar; førhistorisk og nyare (historisk) tid. Altså tida før og etter at skriftlege kjelder gjorde seg gjeldande. Formelt sett markerer reformasjonen i Norge, i 1537, slutten på mellomalderen og overgangen frå førhistorisk til nyare tid hos oss. Som med alle definerte tidsperiodar vil overgangen mellom desse variera frå område til område, alt etter som det som karakteriserer ein ny periode gjer seg gjeldande i kjeldematerialet. Det er jo også slik at større samfunnsendringar ikkje vert ein realitet over natta. Kulturhistoria er ikkje statisk og vert aldri «ferdig fortalt». Ein må stadig opna opp for nye funn, metodar og tolkingar når det gjeld menneska sitt samspel med omgjevnadane.

Fjell kommune kan visa til eit mangeårig og solid arbeid med eit eige bygdebokverk. Den kulturhistoriske framstillinga i dette kapittelet dreg vekslar på dette arbeidet. Det første bandet vart utgitt i 1996, og der vert førhistoria og kulturhistoria fram til 1700 skildra. Bind to til og med fem omhandlar gards- og slektshistoria på dei ulike gardane. Bind seks tek føre seg allmennhistoria frå 1700 til 1910, og det sjuande og siste bandet, som no er under arbeid, skildrar Fjellsamfunnet i perioden frå 1910 til 2019. Det er særleg i denne perioden at dei store omveltingane i Fjell-samfunnet i nyare tid kjem.

#### Vidare lesing

- Havstrilen – kulturhistorisk årbok for Fjell, Sund og Øygarden: [www.havstrilen.no](http://www.havstrilen.no)
- Bygdebökene for Fjell: <https://nb-no.facebook.com/fjellbygdebok>
- Bygdebökene for Turøyna og Misje
- Informasjon om dei arkeologiske utgravingane ved Sotrasambandet: [www.facebook.com/Arkeologi-på-Sotrasambandet-605203116343314/](https://www.facebook.com/Arkeologi-på-Sotrasambandet-605203116343314/)




Fisksøkker i naustgrunn på Nese. Foto: Halvor Skurtveit

## 4.1 Førhistorisk tid og arkeologiske funn i vårt område

Det er arkeologane som har gravd fram forteljinga om dei menneska som heldt til i vårt område i førhistoria. Det er dei materielle leivningane etter desse menneska som er arkeologane sitt kjeldemateriale. Saman med naturvitenskaplege funn gir desse god innsikt i førhistoria i Fjell. Langt dei fleste arkeologiske funna i Fjell er lokalitetar som skriv seg frå korrekte eller lengre opphold i steinalderen – den lengste førhistoriske perioden. Elles er det gjort funn av gravminne, gardsbusetnad, fjærremannstufter, helleristningar, bautasteinar og marine kulturminne som skipsvrak og fiske- og fangstsystemet. Det er også gjort mange lausfunn av gjenstandar frå førhistorisk tid som bidreg med viktige opplysningar til vår kulturohistorie. På nettsida [kulturminnesok.no](http://kulturminnesok.no) er det meir informasjon om desse funna.

### Eldre steinalder: Fangststeinalderen (9000-3200 f. Kr)

Fangststeinalderen er tida då menneska levde av jakt, fangst, fiske og sanking. Nemninga *steinalder* er i grunn nokså misvisande, men er prega av det ein finn att i dag. I Norge er bevaringstilhøva for organisk materiale jamt over nokså dårlige, grunna surt jordsmonn og dermed rask nedbryting. Det er frå denne førhistoriske perioden vi har flest påviste funn her i Fjell. Det er sjeldan at kulturminne frå denne perioden er synlege på overflata i dag. Desse lokalitetane ligg som regel under lag av torv og jord som har danna seg etter at dei var i bruk. Kystlandskapet i vårt område har vore eit eldorado for menneska som heldt til her i denne perioden. Dei heldt seg nær sjøkanten, og ved sund, straumar, pollar, viker og vågar har det vore rik tilgang på skjel, fisk og havpattedyr. Havnivået varierte stort gjennom



steinalderen, og ein finn i regelen dei eldste steinalder-buplassane høgre oppe enn buplassar frå yngre delar av steinalderen. Men landheving, som følgje av at vekta av isbreane formeleg smelta vekk, var i kapplau mot havnivåstiginga som den same issmeltinga forårsaka. I periodar vart eldre bustader oversvømt av stigande havnivå. For 10.000 år sidan var havnivået i vårt område rundt 30 meter høgre enn i dag, med visse lokale variasjonar, og ein kunne padla heilt til det som i dag er Voss. Ved slutten av eldre steinalder, for omkring 5200 år sidan, var havnivået ved Bildøyna på rundt 13 meter over havnivået i dag, jamfør figuren på neste side som viser ei teoretisk strandforskyvingskurve.

Det er gjennomført fleire arkeologiske utgravingar av steinalder-

lokalitetar frå ulike periodar i vårt område, grunna større utbyggingsprosjekt. Nyleg vart omfattande arkeologiske utgravingar ved Sotrasambandet, i regi av Universitetsmuseet i Bergen, avslutta. Der vart det påvist interessante funn som vil kasta nytta lys over delar av eldre steinalder, og andre førhistoriske periodar. Under utgravingane vart det mellom anna gjort funn av kulturlag, bein og beinreiskap i område med spesielt gode tilhøve for bevaring. Utgravingane bekreftar elles ei marin tilpassing ved at alle lokalitetane i si tid har lege rett ved den dåverande strandlinja. Buplassane varierer i storleik og omfang. Nokre er små og tydar på at dei har vore nytta i kortare tid, medan andre har mektige kulturlag. Det vil seia avfallslag som har danna seg etter menneska sin aktivitet. Basisbuplassane på Bildøyna har vore i bruk gjennom fleire tusen år, og ligg nær rike fiskeplassar som er godt kjende og nytta også i vår tid. Særlig attraktive var tidevasstraumane. Dei er ein naturleg vandringsveg for fisk og sjøpattedyr, og bringar mykje næring med seg. Dei to største buplassane som vart gravd

ut ved Sotrasambandet låg ut mot slike tidevasstraumer som går på kvar side av Bildøyna: Straumsundet i aust og Bildøystraumen i vest. Ved tidlegare arkeologiske undersøkingar i Fjell er det påvist fleire steinalderlokalitetar som låg rett i fjøra ved slike matfat, mellom anna på Vindenes.


Utnyttinga av dei marine ressursane har alltid vore ein viktig faktor i menneska si tilpassing her på kysten, og i eldre steinalder var dei marine ressursane avgjerande for at menneske fann vegen hit. Dei som kom hit må ha vore dyktige til å manøvrera små båtar – truleg kanoar eller kajakkar som likna dei eskimoane har nytta. Sjøen var ei viktig kommunikasjonsåre, og dei var særskilt mobile og flytta seg etter ressursane. Dei har truleg drive småbåtfiske både nær land og

eit stykke ute på det opne havet. Frå urskogs- og fjellområda i landet innanfor kunne dei mellom anna henta trevirke, sanka vekstar som ikkje fanst ved kysten og jakte hjort- og reindsdyr. Dei var ekspertar i å utnytta ressursane til det fulle. Ein hjort gav dei ikkje berre føde, men pels og skinn til klesplagg og teltduk, og ulike delar av skelettet vart brukt til å laga reiskapar som harpunar og beinpiler.

I fyrste del av eldre steinalder viser funna at ein nytta flint som råstoff til steinreiskap. Då nærmare bestemt såkalla strandflint, som kom sørfrå då isen trekte seg tilbake. Av flinten laga dei eit mangfald av reiskaper, deriblant økser og pilspissar. Den vanlegaste funnkategorien frå steinalderutgravingar er såkalla avslag, som er avfall frå tilverkinga av steinreiskap. Mot siste delen av fangststeinalderen, frå omkring 6000 f. Kr., er det påvist flest lokalitetar og buplassane er også jamt over større i areal. Dette tyder på at folk vert meir bufaste, noko også funn av hustufter frå denne perioden vitnar om. I fyrste del av stein-

alderen var det teltet som ga menneska ly, men lengre ut i eldre steinalder finn ein også restane etter vollar og stolpehol som tyder på meir solide og permanente konstruksjonar. No nytta dei dessutan ikkje berre flint i reiskapstilverkinga, men ei heil rekke andre bergartar som lokal kvarts og kvartsitt, og grønstein frå Hespriholmen utanfor Bømlo.

Ein av dei mest interessante funnkategoriane frå denne perioden er dei små, kaffibønneforma fiskeøkka av kleber. Slike er det tidlegare funne fleire av på Vindenes og Bjorøyna, og no sist ved utgravingane på Sotrasambandet. Nokre av eksemplara har strekkornamentikk. Avslutningsvis må nemnast eit av praktfunna frå Fjell; ei krossforma kølle frå Kallestad. Dette lausfunnet er permanent utstilt ved dei kulturhistoriske samlingane ved Universitetsmuseet i Bergen. Slike køller var i bruk i ein periode på nærmere 3000 år. Det finst flere teoriar om kva desse vart nytta til, frå det rein praktiske som graverekkap, til det meir symbolske som del av rituale, eller kanskje som etnisk markør?



Strandforskyvningskurve for Bildøy (Lohne 2006)



Korsforma kølle funne på Kallestad (funnr. B8895, til høgre) Foto: Svein Skare, UBM



Bonneforma fiskeøkke frå utgravingane på Bildøy. Foto: Kjell Andersland

## Yngre steinalder og bronsealder – fangst og jordbruk

(3200 – 500 f. Kr.)


Overgangen til yngre steinalder vert oftast definert av innføringa av jordbruksåkerbruk og husdyrhald. I delar av Aust-Norge skjer dette omkring 4000 f. Kr. På Vestlandet er det lite som tydar på at jordbruksåker har stor innverknad før mot slutten av yngre steinalder, omkring 2000 – 1800 f. Kr. Før den tid levde folk på mange måtar som dei hadde gjort i eldre steinalder med jakt, fiske, sanking og strandlinjebunden lokalisering. Den nye jordbrukskulturen fekk sakte men sikkert innpass, og fiskarbonden trer langsamt fram i landskapet. Fangst og fiske har alltid vore ein viktig del av livberginga her ute, og tilhøva for å driva jordbruksåker er svært varierte. Endringane ser ein først på reiskapsfronten, i form av nye reiskapar, endring i teknikk og bruk av råstoff. Dette vitnar om nye impulsar og påverknad frå andre område. I yngre steinalder finn ein for første gang keramikk på buplassar i Fjell. Keramikk koplar ein vanlegvis til jordbrukskulturar. Ein annan, ny funnkategori er pilspissar av skifer – ein funnkategori som skriv seg frå Midt- og Nord-Norge. Når det gjeld spor etter åker- og dyrehald i Fjell, så tilseier pollanalyser at folk byrja å halda husdyr på midten av 2000-talet f. Kr., og at ein rundt 1800 f. Kr. finn dei første kornåkrane. Pollanalyser frå undersøkingane på Vindenes mot slutten av 70-talet indikerer at begge deler kan ha skjedd tidlegare. Men dette er svært usikkert.

I siste del av yngre steinalder, om lag 1800 – 1500 f. Kr. finn vi i Fjell nye reiskapar som kan knytast til jorddyrkande folk, slik som sigdar, dolkar og økser. Funna i yngre steinalder viser at vårt område framleis var attraktivt, fordi ein kunne kombinera fangst og fiske med jordbruk og dyrehald. Det er no menneska startar å rydda vekk vegetasjon for å skapa nytt beiteland til dyra sine. Skogen vart rydda og svidd. Dette var starten på ein stor transformasjon av landskapet. Ikkje alle nye reiskapar var knytt direkte til jordbruk, men dei høyrdet til i det vi gjerne kallar ein jordbrukskultur. Med jordbruksåker oppsto det ei rekke nye kategoriar kulturminne. Sjølv om desse kulturminna kunne

førekomme tidlegare, er dei karakteristiske for tida etter at jordbruksåker vart innført, til dømes fossile åkrar, spor etter den førhistoriske plogen ard, rydningsrøyser, stolpehol etter takberande stolpar frå langhus, kokegropar til matlaging og synlege gravminne i form av gravhaugar eller røyser.

På Dyrøyna er det funne ein halvmåneforma sigd av flint frå yngre steinalder. Slike sigdar har ein svært karakteristisk utsjånad, fordi flintsmeden slo små spon av overflata på emnet. Teknikken vert kalla flatehogging eller overflateretusjering. Denne teknikken var ein vanleg måte å laga reiskapar på i siste delen av steinalderen og i bronsealderen. Dolken frå Dyrøyna er importert frå Danmark. Av andre særmerkte funn frå siste del av yngre steinalder kan nemnast ei såkalla skaftholøks på Løno. Slike økser finn ein vanlegvis i det som truleg er gamle åkrar, og dei kan ha vore nytta til nybrotsarbeid. Øksa frå Løno ber ikkje særlege teikn på slitasje. Kanskje skriv ho seg frå ei grav?

Bronsealderen, den neste arkeologiske perioden, er lite synleg i det arkeologiske funnmaterialet frå vårt område. Det er ikkje gjort funn av bronsereiskap, eller støypeformer og smeltelediglar frå slik tilvirking. Dette er heller ikkje så vanleg i Norge, då fleirtalet framleis nytta bergartar i tilverkinga av reiskapar. Bronsealdersamfunnet var eit framhald av samfunnet i Fjell slik det var i siste delen av yngre steinalder. Mange av dei trekka som tok til då, vart utvikla vidare i bronsealderen. Det vart gradvis rydda meir og meir skog, og store delar av Fjell var i ferd med å omdannast til eit ope lyngheilandskap. Den mest synlege arkeologiske lokalitetene frå perioden er Munkerøysa på Bjørøyna. Munkerøysa har vore den mest imponerande i eit system som besto av fleire røyser i området. Desse røyssene har ikkje berre fungert som gravminne, men også som seglingsmerke og eigedomsmarkørar. Reiser ein vest i havet, vest for Turøyna, finn ein andre spor som kan vera frå bronsealderen. På nordsida av ein holme ligg helleristingsfeltet Knappetåna. Dette er det einaste helleristingsfeltet som er påvist i Fjell. Det er skore ut små, sirkulære fordjupingar – såkalla



Skaftholøks funne på Løno (funnr. B10607). Foto: Universitetsmuseet i Bergen



Avhogd halvmåneforma flintsigd funne på Dyrøyna (funnr. B9611). Foto: Svein Skare

skålgroper - på ei bergflate nær ein god fiskeplass. Kanskje vart det ofra godsaker til høgre makter i desse gropene, for at dei skulle sørge for fortsatt godt fiske?

### Jernalder (500 f. Kr. – 1050 e. Kr)

I eldre jernalder var transformasjonen av landskapet, til slik vi kjenner det i dag, kome langt. Lynghei og myr dominerte, og torva hadde breidd seg over berget og var den viktigaste energikjelda. Det er få funn frå Fjell i heile jernalderen, og såleis vanskeleg å seia kva som prega perioden samanlikna med resten av Vestlandet generelt. Jernalderen var ei oppgangstid for Norge og Vestlandet, med store sosiale og økonomiske omveltingar. Mange og rike gravfunn, aukande busetjing og nyrydding av gardar gjør at ein kan teikna eit bilet av eit samfunn i vekst og endring. Endringane gjorde det mogleg å samla makt på færre hender, fram til rikssamlinga som byrja i vikingtida. Framstillinga av jern var ein teknologisk revolusjon som fekk store konsekvensar for folk flest. Jern var enkelt å få fatt i, då jernmalm finst i mange myrar. Men Fjell vart ikkje i like stor grad prega av desse oppgangstidene i jernalderen, då grunnlaget i jernaldersamfunnet var jordbrukskulturen. Såleis flytta det økonomiske tyngdepunktet seg til strok med gode tilhøve for jordbruk. Likevel var fangst og fiske sjølvсагт framleis viktig. Dess lenger ut i jernalderen ein kjem, dess viktigare del av økonomien vart det. Fjell tilpassa seg likevel den nye tida, og utviklinga er i grove trekk den same som elles i Norge.

Flateavdekking med gravemaskin er ein arkeologisk utgravingsmetode som har ført til påvising av mange, store langhus frå jernalderen på Vestlandet. Desse langhusa er ofte lokalisert til der innmarka ligg i dag, og berre spora etter dei jordgravne stolpane finst att. Slike langhus gøymer seg truleg under torva også i Fjell. På Vestlandet har ein fleire funn frå hus, åker og gard frå eldre jernalder enn frå yngre jernalder. Ei årsak kan vera at husa og tuna var lokalisiert på same staden som dei historiske tunan, ein annan at drifta var meir intensiv på mindre areal. Dette gjer det vanskelegare å påvisa hus og tun frå merovingartid og vikingtid gjennom arkeologiske utgravingar. I jernalderen kom framveksten av handverksspesialistar for fullt, som smeden og

pottemakaren. Ei anna gruppe spesialistar var handelsfolka. Deira verksemد var ei av årsakene til at kontakten mellom utlandet og Norge vart sterkare utover i jernalderen og kulminerte med handelsspesialistane i vikingtida. Handel i ordna former dominerte over plyndringstokta, som vikingane er mest berykta for.

I jernalderen dukkar ein annan interessant funnkategori opp; fjæremannstuftene. Dei er spor etter ei intensiv utnytting av fiske- og fangstressursane langs kysten. I nyare tid er tuftene forbundne med såkalla fjæremenn. Namnet kjem av det gammelnorske fjardarmadr (fjordmann); ein mann som har sin heim i ein fjord. Heilt fram til førre århundreskiftet kom fjordbønder ut hit i periodar for å fiska til eige bruk. Det er påvist fjæremannstufter frå Østfold i sør og oppover til og med Nordland. Arkeologiske funn frå liknande anlegg, mellom anna i Øygarden og Sund, viser at bruksfasen der hadde eit spenn frå romartid til tidleg mellomalder (300 – 1200 e.Kr.). I Fjell er det påvist fjæremannstufter på Søra Sandøyna, vest for Angeltveitsjøen, og i Bjørnavågen i Fjellspollen. Det er også funne fleire båtopptrekk i tilknyting til anlegga. Det er ingen tvil om at denne fangsttradisjonen har vore meir utbreidd enn dei få lokalitetane vi har påvist per i dag. I samband med jakt og fiske har hol og hellarar også vore ein vanleg tilhaldsstad, heilt sidan eldre steinalder. I Bufjellshellaren på Vindenes er det funne keramikkskår frå eldre jernalder.

Vindeneshalvøya er i ei særstilling når det gjeld påviste arkeologiske lokalitetar. Dette kjem av at Statoil mot slutten av 1970-talet hadde planar om å etablera eit ilandføringsanlegg for olje i området. Arkeologiske og naturvitenskaplege undersøkingar vart utførte for å kartleggja verneverdiane i området. Oljeanlegget vart ikkje realisert. Vi kan derfor i dag vandra i eit område med ein imponerande kulturhistorisk tidsdjupne frå eldre steinalder til i dag. Forklaringa på den langvarige og intensive bruken av området ligg delvis i dei gode vilkåra for fiske, og delvis i føresetnadane for åkerbruk. Det er undersøkt fire gravrøyser frå eldre jernalder ved Høybøen. I jernalderen markerte gravene oftast busetnaden, og røyssene hadde truleg tilknytning

til eit gardsanlegg som låg i same området som den seinare mellomaldergarden på Høybøen. Fleire funn under hustuftene og åkrane frå mellomalderen gav dateringar til eldre jernalder. Dei viser at ein gard vart rydda her allereie ved starten av vår tidsrekning, i romartid. Mange av rydningsrøyssene i området må skriva seg frå dette nybrotsarbeidet. I den største røysa, som og er den mest synlege frå gardstunet, trur ein at det var ein mann som vart gravlagd ein gong i starten av folkevandringstid, omkring år 400. Han vart lagt ned i ei steinkiste fôra med never. I kista vart det funne ei stor bøylenål i bronse, og delar av ein kniv, ein beltering og eit spennforma leirkar. Nokre generasjonar etter at denne mannen vart gravlagd ser det ut til at den eldste driftsfasen ved garden tok slutt, ein gang i løpet av 400-talet. Først i vikingtida kom det eit nytt landnåm før garden vart teken opp igjen for fullt i mellomalderen.

500-talet, som er rekna som overgangen frå eldre til yngre jernalder, representerer eit av dei tydelegaste brota i førhistoria i Norge. Mange gardar vart lagt øyde, som Høybøen, gravskikken endra seg og keramikkhandverket forsvann. Endringane har vore kobla opp mot skifte i handelsruter, den justinianske pesten, klimaendringar og at eliten konsoliderte makta si og ikkje trong å demonstrera sin rikdom. I og med at det er så få funn frå Fjell i heile jernalderen, kan mangelen på funn ikkje tolkast som nedgangstider. Nye funn kan fort gje eit nytt bilet, men det kan sjå ut til at Fjell og vart merkt av dårlege tider. Ein annan teori om utviklinga i samfunnet i eldre jernalder og overgangen til yngre jernalder er at det ikkje var nokon nedgang, men ei omlegging mot andre ressursar som kasta meir av seg enn jorda gjorde. Dei andre ressursane finn vi truleg spor etter i utbreiinga av fjæremannsanlegga. Mengda av desse på Sotra og i distriktet rundt fortel om ei stadig meir profesjonell utnytting av fiske- og fangstressursane.

### Mellomalder (1050 – 1537)

Nemninga mellomalder refererer til tida mellom antikken og renessansen, to glansperiodar i europeisk historie. Mellomalderen i Norge er inndelt i tidleg mellomalder (1050 – 1150), høgmellomalder (1150 – 1350) og seinmellomalder (1350 –



Slik kan øydegardsområdet ved Høybøen på Vindenes ha sett ut i mellomalderen. Illustrasjon: Arkikon

1537). I seinmellomalderen finn vi spor etter den første fjellsokningen i skriftlege kjelder; Torbjørn frå Bildøy som er omtala i eit brev om makeskifte, frå 1419.

Fra siste delen av vikingtida og fram til 1350 gjekk Fjellsamfunnet gjennom viktige politiske og religiøse endringar. Utbygginga av eit statsapparat gjekk hand i hand med etableringa av ein finmaska kyrkeorganisasjon rundt om i landet, etter kvart som kristendomen erstatta den norrøne religionen. Soknekyrkja på Fjell gav folk del i ein felles vest-europeisk kulturkrins med paven i Roma som øvste autoritet. Gjennom kristenretten sette kyrkjya sitt preg på dagleglivet. Fiskarbondøkonomien fra jernalderen stod ved lag også i mellomalderen. Ein kombinasjon av korndyrking, husdyrhald og fiske var berebijelen i økonomien i Fjell. Medan ein trond både god jord og vinterfør for å driva med korndyrking og storfehald, kunne småfehald og fiske lettare justerast i takt med folketallet og krava frå staten og jordeigarane. Det var først og framst jordeigedom som avgjorde den sosiale statusen i mellomalderen, men ressursane frå havet var ein meir

demokratisk ressurs som kunne vera med på å redusera ulikskap i fordelinga av jordareal.

Ein del nye gardar vart rydda, men utover i mellomalderen vart stadig fleire gardar delt opp i stadig fleire bruk. Desse brukarane hadde helst husa samla i eit felles tun, og på gardar med mange bruk fekk ein då det ein kalla klyngetun. I høgmellomalderen var dei fleste fjellsokningar leiglendingar. Dei betalte landskyld til biskopen, kyrkjer og kloster i Bergen, som rundt 1350 eigde om lag 90 prosent av gardane i Fjell. På denne tida herja det pest i Europa, med 1349 som det store peståret i Norge. Følgjene av den store manndauden, og dei andre pestepidemiane i seinmellomalderen, vart langvarige for Fjellsamfunnet. Rundt 1520 var berre 39 av 59 påviste gardar i høgmellomalderen busette. Utover på 1500-talet vart ein del øydegardar rydda på nytt, men det var først heilt mot slutten av hundreåret at folkeauken tok til for alvor.

Ved Høybøen, som også er nemnt i kapittelet om jernalderen, finn ein i dag tydelege spor etter gardsdrift frå mellomalderen.

Tuftene etter to hus er dei mest framtredande i dag. Ein hellelagd veg mellom desse ført ned til eit oppkomme. Dreneringsrenner hindra vatn i å trengja inn i husa. Eit naust, eit båtdrag og fleire rydda åkerareal høyrd til garden. Ein steingard og ein fjellrygg nord for garden skilte innmarka frå utmarka. Dette gardsanlegget vart lagt øyde i siste halvdel av 1300-talet, truleg grunna Svartedauden og påfølgjande pestsjukdomar. Det er sannsynleg at Høybøen er identisk med garden Karlsvåg, som er nemnd som øydegard under Vindenes i 1535. Delar av øydegardsområdet vart gravd ut av arkeologar mot slutten av 1970-talet. Det er uvanleg at ein finn slike urørde lokalitetar som representerer vanlege folk sine liv i mellomalderen, og det er endå meir uvanleg at dei vert utgravne. Dette gjer Høybøen spesiell, også i internasjonal sammenheng. Det arkeologiske og naturvitenskaplege kjeldematerialet frå gardsområdet viser at menneska som budde på Høybøen levde på tradisjonelt fiskarbondewis, gjennom ein kombinasjon av fiske, åker- og dyrehald og stor grad av sjølvgbergning. Funna viser at dei ikke levde isolert til, og at dei har hatt overskot til å skaffa seg ting ut over det som var påkravd.



Arkeologisk utgraving på Bildøyna. Foto: Kjell Andersland

## 4.2 Nyare tid i vårt område

Frå 1500-talet finst det ein del skriftlege dokument som gir innblikk i Fjellsamfunnet, men det er særleg på 1600-talet at tilfanget i det historiske kjeldematerialet aukar merkbart.

Då er kjeldeseriar som skattelister, manntal, jordbøker, matriklar og såkalla bøtelister og referat frå tingmøta – som viser kva styresmaktene hadde å utsetja på leveviset til fjellsokningane – stort sett samanhengande. Fjellsamfunnet har i nyare tid gått gjennom ei av dei største omveltingane i heile si kulturhistorie; overgangen frå kystbondeøkonomi til serviceytande næringar og oljealder. Gjennomgangen i det følgjande kjem inn på mange ulike aspekt i utviklinga, og er inndelt tematisk med endringsperspektivet som framtredande bakteppe.

### Mellan havet og byen

Vågane og sunda kring øyane i Fjell har alltid bydd på gode tilhøve for fangst og fiske. I kombinasjon med eit relativt magert jordbruk utgjorde sjøbruket i mange tusen år livsgrunnlaget for menneska som heldt til i dette lokalsamfunnet. Tidleg i mellomalderen vaks så den største byen i Norge fram berre nokre få timars rotur mot aust. Det veksande behovet for ferske fiskevarer hjå byfolket, skapte ein marknad som fjellsokningane snart såg at dei kunne tena pengar på. I tillegg vart Fjell liggjande heilt innpå skipstrafikken i både den nordlege og sørlege leia til Bergen. Plasseringa tett på ressursane i havet og marknaden i Bergen var avgjerande for samfunnsutviklinga. Det gjaldt både næring, demografi, sosial og kulturell utvikling og maktilhøve.

Dei siste sytti-åtti åra har fjellsokningane blitt mindre avhengige av det tradisjonelle sjøbruket. Men framleis arbeider mange fjellsokningar i yrke som på ulike måtar er knytt til kysten og havet. Nærleiken til Bergen er blitt viktigare på fleire område. Sotrabrua, og dermed det første fastlandssambandet, stod ferdig for nærmere femti år sidan, og tilflyttinga auka sterkt. Særleg den austlege delen av kommunen opplevde ei utvikling som kan samanliknast med

forstadane til Bergen. I seinare år har endringane vore så store at sjølve byomgrepet er blitt tatt i bruk i nemninga på kommunesenteret.


### Folkevekst og endringar i kulturlandskapet

Eit kjenneteikn ved den nyare historia til Fjell er den sterke folkeauken. Sjølv om veksten har vore mest markant dei siste femti åra, var veksten sterkare i Fjell enn i nabosokna i sør og nord alt frå slutten av 1700-talet. Generelle utviklingstrekk som færre aggressive epidemiar, betre folkehelse og kosthald er viktige forklaringsfaktorar. Men i tillegg ser vi at fråflyttinga fra Fjell var moderat. Trass i nærleiken til Bergen flytta svært få til byen før godt inn på 1900-talet. Sjølv om ein god del fjellsokningar reiste til Amerika frå 1880-åra og framover, kom emigrasjonen seinare og var av mindre omfang enn mange andre stader i landet. Næringsgrunnlaget i Fjell var robust, og gjorde ei voksende folkemengd mogleg.

Med sjøbruket som ein stor del av livsgrunnlaget, var det mogleg å gi rom for fleire familiar ved å dela opp gardane i stadig fleire bruk. Fram til 1890-talet dominerte teigbruk og klyngetun kulturlandskapet. Kvar familie disponerte ikkje samanhengande eigedomar, men hadde retten til ei rekke åker- og engteigar på innmarka. Utmarka, med beite og torvmyrar, vart oftast drive i fellesskap. Busetnaden, med både vånings- og uthus, var samla i eitt eller nokre få klyngetun på kvar gard. Dei fleste gardane hadde også ei eiga båtstø med naust.

Nokre av dei nye familiiane på 1800-talet fann seg også utkomme på husmannsplassar. Dette var små bustader, anten med eller utan jord, oftast i tidlegare utmark. For dei fleste av husmannsfamiliiane var sjøbruket endå viktigare enn for dei fleste vanlege brukarfamiliiane.

Utskiftingane av gardsbruka, som skjedde etter påtrykk frå styresmaktene, og som i Fjell stort sett fann stad frå 1880-talet



Utskiftingkart frå Misje.

og fram til 1920, innebar ei heil omvelting av kulturlandskapet. Med samanhengande jordbruksseigedomar både i inn- og utmark vart det lagt til rette for meir moderne drift. Opplysinga av klyngetuna og etableringa av eigne tun på kvart bruk, medførte endringar i både byggeskikk og dei sosiale strukturane. Frå 1960-talet og fram til no har dei fleste gardsbruka i kommunen blitt avvikla. Dette har også vore med på å endra kulturlandskapet i stor grad. Mellom anna er store område i det før så vegetasjonslause distriktet blitt skogkledd.

I første halvdel av 1900-talet kom dei første, små tettstadene i Fjell, der det budde folk som ikkje først og framst var knytt til primærnæringane. Kommunesenterfunksjonane på Fjell gard og hermetikkfabrikken på Kollveit er døme på verksemder som førte til tettstadutvikling. Industrireisinga i Knarrvika, som skaut fart frå 1916, står i ein klasse for seg sjølv, med utbygginga av ein stor industristad og ei rekke arbeidarbustader i løpet av få år. Folkeveksten og det aukande mangfaldet i sysselsetting frå 1960-talet har sett eit sterkt preg på busetnaden og kulturlandskapet elles. Mange nye einebustader vart reiste, også i store byggefelt. Etter årtusenskiftet er det i tillegg blitt bygd ei rekke lågblokker med husvære, særleg på Litesotra.

Spora etter 2. verdskrig er også av dei mest markante i Fjellsamfunnet i dag. Wehrmacht si massive utbygging av eit av dei største kystbatteria langs kysten i fjellmassivet aust for Fjell gard, skulle endre landskapet for alltid. Organisation Todt stod for utbygginga, og eit stort tal austeuropeske krigsfangar vart nytta som arbeidskraft. Infrastruktur med kaiar, støttepunkt, vegar og sjekkpostar vart bygd ut, og fangeleiarar og leiarar for soldatane.

#### **Frå fiskeressursar til oljeressursar – endringar i næringsgrunnlaget**

Fram til første halvdel av 1900-talet var fjellsokningane fiskarbønder, som med basis i gardsbruka livnærte seg ved å kombinera sjø- og jordbruket. Det første gav mest inntekter, men også fehaldet og havre- og potetdyrkingsa var ein vesentleg

og stabil del av den totale økonomien. Både unge og vaksne deltok i arbeidet på mange område. Arbeidsdelinga mellom kjønna, der kvinnene tok seg av jordbruket, medan karane dreiv fisket, var dominante, men ikkje absolutt. Jordbruket var tradisjonsbunde fram til tidleg på 1900-talet, og det kan vera vanskeleg å få auge på store kvalitative endringar i drifta. Få brukte hest og hestereiskapar. Som elles i landet var innføringa av potetdyrkingsa tidleg på 1800-talet viktig. Utskiftingane la til rette for eit meir rasjonelt og moderne jordbruk som gjorde seg gjeldande i første halvdel av 1900-talet. Først då vart hestar og tilhøyrande reiskapar tekne i bruk på mange stader. På 1950-talet vart hestane avløyste av tohjulstraktorane. I den same perioden vart havredyrkinga for det meste avskaffa. Hagebruk, med bær- og frukttdyrking, fekk derimot eit oppsving.

Innanfor sjøbruket var endringane og variasjonane større over tid. Jakta på ressursane i havet var i sin natur slik at omstillingar var naudsynte, både frå år til år og over lengre periodar. Dette viste seg særleg tydeleg i sildefisket. I dei gode periodane førte vårsildfisket til stor aktivitet både på Sotra og elles langs vestlandskysten. Då silda forsvann, som kring 1780 og 1870, og var vekke i mange år, måtte fiskarane satsa meir på andre typar fiskeri og reiste lenger av garde for å få gode fangstar. Fjernfisket sette krav til større båtar og anna utrusting. Måten sjøbruket vart finansiert og organisert på, var også i forandring. I tillegg vart fiskehandelen endra. Framveksten av handelsplassar og oppkjøparar gjorde at det ikkje var naudsynt for fiskarane å frakta fangsten til byane. Frå 1910 gjennomgjekk fiskerinæringa ei ny, stor omlegging, med motorisering og moderne reiskapsstypar. Framleis var talet på fiskebåtar stort, men samstundes investerte nokre få aktørar i større fartøy og fekk etter kvart ein meir dominante posisjon. Dette førte også til oppbygging av større anlegg for utrusting av fiskebåtar, som på Vindenes, Ågotnes, Steinsundholmen og Liaskjeret.

Tidleg på 1700-talet kom dei første handels- og gjestgjevarstadene i Fjell. Lokøyna og Solsvika vart først og fremst etablerte



Hermetikkfabrikken på Kollveit rundt 1950. Foto: Widerøes flyveselskap.

på grunn av det rike fisket på vestsida av Sotra. I staden for å reisa heilt inn til Bergen, kunne fiskarane då skaffa forsyningar og samstundes levera fangsten i kremmarleia. Etableringa av gjestgjevarstaden i Brattholmen kring 1700 var knytt til behovet skipsfarten hadde for hamn og losji på veg til og frå Bergen. På 1850-talet vart det også opna opp for handelsverksemd i Brattholmen, og etter nokre år voks ein av dei største brennevinshandlane på Vestlandet fram her. På 1800-talet vart handelslovgivinga liberalisert, og frå 1870-talet kom det ei rekke nye landhandlarar i Fjell, ofte knytt til dampskipa. Mellom dei best bevarte er handelsstaden på Langøyna. Mange av dei gamle handelsstadene vart nedlagde på 1970- og 1980-talet.

Industrien i Fjell fekk sin spede start med etablering av kornmøller i Knarrvika og på Kolltveit på midten av 1800-talet. Tidleg på 1900-talet vart det på dei same stadene sett i drift høvesvis sildolje- og hermetikkproduksjon. I Skålsvika kom det også kornmølleindustri, og seinare kraftwerk. Industri-verksemduene på desse stadane nyttet alle av vasskraft, og oppdemmingar og anna regulering av tjørner og vatn sette mange spor i landskapet som framleis er særstak. Den mest særmerkte industrialsatsinga i Fjell før 1970-talet var likevel oppbygginga av Den norske superfosfatfabrikk i Knarrvika frå 1916. På kort tid vart det bygd opp eit heilt industrialsamfunn med kring 600 innbyggjarar. Fabrikken gjekk konkurs etter få år, men etter at Jakob Kjøde overtok eigedomane på 1930-talet har det vore mineralindustri på staden heilt fram til no.

Den norske olje-gullalderen frå 1970-talet og framover skapte mange arbeidsplassar for innbyggjarane i Fjell. Mange tok seg arbeid offshore, men det kom også fleire oljerelaterte verksemder i Fjell. Først og fremst var desse konsentrerte på Ågotnes, i det som fekk namnet Coast Center Base. I 1978 vart Sartor Storsenter opna, med det mål å demma opp for handelslekkasjen til Bergen. I dag er Sartor Storsenter eit av dei største kjøpesentra i landet. Kjøpesenteret har også trekt til seg annan næringsverksemd, og dermed skapt eit nytt tyngde-



På drosjetur med sjåfør Harald Fjeld. Her på kaia i Møvik i 1930-åra. Utlån av foto: Erik Rennedal.

punkt i kommunen. Dette førte til nylokalisering av den kommunale administrasjonen frå Fjell gard til Straume, på slutten av 1980-talet. I dei komande åra var veksten i arbeidsplassar i kommunal sektor stor.

#### **Samferdsle og kommunikasjon: frå færing til el-bil**

Båten var det viktigaste framkomstmiddlet for folket på øyane i vest. Alle familiar hadde færinger som både kunne roast og seglast. Det fanst også ein del seksæringar, ofte eigd av fleire brukarar i fellesskap. Større seglfartøy vart først vanlege i siste halvdel av 1800-talet, før motorskøytna gjorde sitt inntog frå 1910 og frametter. Den første rutebåttrafikken kom i sving på 1860-talet, først berre mellom Bergen og Brattholmen. Frå 1880-talet og framover vart det bygd ut meir omfattande båtruter rundt heile Sotra.

Gjennom alle tider har det vore eit nettverk av stiar i Fjell, der folk ferdast til fots, men fram til 1840-talet fanst det knapt ferdelsårer som var køyrbare med hest og vogn. Dei to første vegane gjekk ut frå kyrkja og prestegarden på Fjell, ein til Bildøy-pollen og ein vestover til Møvika. Vegbygging i større målestokk kom først i gang på 1920-talet, då det vart bygd bruer over både Straumssundet og Bildøystraumen, og samanhengande veg, farbar for motorkøyretøy, frå Brattholmen til Møvika. I 1935 vart den første ferja mellom Brattholmen og Alvøen sett i drift. Vegbygging elles i kommunen heldt fram gjennom heile 1900-talet. Etter som talet på både pendlarar og hyttefolk auka, vart ferje- og båtrutene mellom Fjell og Bergen sterkt trafikkerte på 1950- og 1960-talet. I 1971 tok ein ny æra til, då Sotrabrua vart opna for trafikk og bana veg for tilflytting og nye næringsverksemder. På 1980- og 1990-talet fekk også fleire av øyane i vest og nord brusamband.

Med liten tilgang på skog, var tørka torv det viktigaste brenselet i Fjell gjennom mange hundre år. Fjell kommune fekk relativt tidleg elektrisk straum, ved etableringa av den kommunale kraftstasjonen i Møvik i 1916. Men den første tida var det berre kapasitet til nokre lyspærer i kvart hushald. I samband med industriutbygginga i Knarvik kring 1920 vart det i tillegg lagt straumkablar over frå fastlandet. Folkeveksten frå 1970-talet og framover kravde nye, store investeringar i infrastruktur. Etter årtusenskiftet har det nye fastlandssambandet, med firefelts bru vore ei viktig politisk sak, og det vil stå ferdig ein gong på 2020-talet. I kommunesenteret på Straume har næringslivet budd seg på ny folkevekst og større trafikk. I 2014 vart det underjordiske parkeringsanlegget Kystbygarasjen opna. Anlegget er det største i landet. I Kystbygarasjen, og fleire stader på Straume, finn ein i dag ladepunkt for el-bilar.

#### **Makt og styresett: Frå bygdeting til kommunestyre**

Kyrklege institusjonar var viktige jordeigarar i Fjell frå mellomalderen og heilt fram til starten på 1800-talet. Også enkelte byborgarar hadde hand om mange eigedomar på Sotra. Overgangen til sjølveige fann stad over ein periode på 200 år, frå 1700 til 1900, men skaut fart ved dei omfattande kyrkjegodssala i første halvdel av 1800-talet.

På det rettslege området høyrd Fjell til Sotra skipreide eller tinglag fram til 1867, då Fjell vart eige lensmannsdistrikt. Bygdetinget, som i fleire hundre år vart halde to gonger for året, utgjorde ein viktig møteplass både formelt og uformelt. Ekrhovda og Bildøyna var i periodar tingstad for skipreidet. Strilane har vore skildra som eit folkeferd med stor autoritetstru. Eit slikt syn må nyanserast. Før 1814, i ein einevaldsstat med sterkt embetsmannsstyre, er det fleire døme på at vanlege folk nytta både lovlege og ulovlege middel for å få gjennomslag for synspunkta sine. Fjellsokningane deltok ikkje i Strilekriken i 1765, men var aktivt med i Det tumultuariske Opbyn i Bergen i 1814. Strilar og allmuga i Bergen reiste seg i fellesskap mot kjøpmennene i byen med krav om lavare prisar, og ein



Den restaurerte altartavlana frå mellomalderen, som heng i Fjell kyrkje. Tavla er truleg laga i Nord-Tyskland, ca. 1490-1510. Foto: Lennart Fjell

makspris på korn og andre viktige varer. Myndighetene i Bergen gjekk til slutt med på kravet.

På Fjell gard har det vore kyrkje sidan 1300-talet, og truleg endå lenger tilbake i tid. I høgmellomalderen var det truleg eigen sokneprest i Fjell, men i seinmellomalderen vart soknet anneks under Sund prestegjeld, som også omfatta Austevoll og Møkster. På 1840-talet vart Fjell og Askøy sokn slått saman til eitt prestegjeld, og det vart bygd prestebustad på Fjell. Hopehavet med Askøy tok slutt i 1871. Den noverande kyrkja på Fjell vart bygd i 1874. Etterkvart vart det behov for kyrkjer også andre stader. Bedehuset på Landro vart vigsla for kyrkjeleg bruk på 1920-talet, og i 1977 vart det bygd kyrkje på Foldnes. I 2001 vart den tredje kyrkja, på Foldnes, teken i bruk. I 2015 vart Fjell sokn delt i tre, eitt for kvar kyrkje. Etter at presset på gravplassen ved Fjell kyrkje vart for stort er det etablert ei rekke nye gravstader i

kommunen. Dei to første vart etablert i Møvik og Bildøydalen i samband med det store kolerautbrotet i 1849. I dag er det også gravplassar på Landro, Kleivane, Skålsvika, Straume og Foldnes.

Fjell vart eigen kommune ved innføringa av formannskapslovene og det lokale sjølvstyret i 1837. Kommunegrensene er berre reviderte ein gong etter 1837, då Misje og Turøyna vart lagt til kommunen i 1964. Med innføringa av demokratiet i 1814 fekk relativt mange i Fjell røysterett. Likevel var deltakinga ved vala, både til Stortinget og kommunestyret, svært lita. Fjellsokningane valde fleire bønder til ordførarar på 1800-talet, og ein lokal kandidat vart tilsett som lensmann i 1867. På den andre sida var einskildpersonar utan lokal bakgrunn tydelege pådriverar for å modernisera delar av Fjellsamfunnet i siste del av 1800-talet. Den største omlegginga når det gjeld makt og styresett i seinare tid, kom

med tyskarane sin invasjon under 2. verdskrig. Større endringar kom ikkje med ein gang, men i protokollen frå heradsstyremøtet i februar 1941 refererte ordføraren forordning av 21. desember 1940. Med den vart førarprinsippet innført i norsk kommune-forvalting. I dag er vi inne i ein periode med nye, store endringar. Då heldigvis meir venlegsinna, om enn ikkje problemfrie. Tre kommunar skal verta til Nye Øygarden kommunene, og dermed skal tre kommunestyre verta til eitt.

#### **Mentalitet, kultur og utdanning**

Fjell var lenge ein periferi som geografisk låg svært nær sentrumet; Bergen. Det er eit paradoks at menneska på øyane vest for byen likevel vart oppfatta som eit folk som var svært lite mottakeleg for endringar og impulsar utanfrå. Mange fjellsokningar var på 1700- og 1800-talet kvar veke i byen for å selja fisk. Men trass i tett økonomisk kontakt, var avstanden stor på det kulturelle og sosiale området. Ein del av forklaringa ligg i måten byfolk og embetsmenn såg på, omtala og behandla havstrilane. Sett utanfrå stod få, om nokon, nordmenn av bondestand lågare på rangstigen enn folket på øyane vest for Bergen på 1800-talet. På 1900-talet har både folket i Fjell og synet på dei, endra seg mykje. Det gamle, nedsettande strileomgrepet vart rehabilert på 1970-talet, då mellom anna den første Torgdagen vart ein realitet. Men mange har nok framleis motstridande kjensler knytt til dette strileomgrepet.


Det offentlege skulevesenet i Fjell på 1700-talet, og godt inn i det følgande hundreåret, var svært mangefullt. Først med ny skulelovgiving i siste halvdel av 1800-talet skjedde store endringar, og den gamle omgangsskulen vart avløyst av fastskular. Frå 1870-talet og framover bygde kommunen ei rekke skulestover. Ei av dei første står framleis i Brattholmen. Skulehuset på Fjell, som stod ferdig i 1897, var det største som var reist til då. Folkeveksten utover på 1900-talet medførte både fleire og større skular. Etter utvidinga av grunnskulen til ni år på tampen av 1960-talet, vart det bygd eit stort skulesenter med både ungdoms- og yrkesskule på Bildøyna. Fram til midten av

1900-talet var det svært få ungdommar i Fjell som gjekk på gymnaset og tok høgare utdanning.

Det frivillige kristne arbeidet fekk eit oppsving i Fjell frå kring 1900. I 1906 vart det første bedehuset bygd på Landro, og utover i hundreåret følgde mange etter. På det meste var det 23 bedehus i kommunen. Ungdomslagsrørsla stod ikkje så sterkt i Fjell som mange andre stader på Vestlandet. Unntaket var Fjell gard, der eit ungdomslag vart starta i 1903, og i 1927 reiste dei lagshus. På Landro vart det, etter sterkt strid, reist eit samfunnshus i 1959, der både ungdomslag og andre organisasjoner var involverte. I etterkrigstida og heilt fram til i dag har det vaks fram eit stort mangfold av frivillige organisasjoner på mange område. Særleg store og mange er idrettslag. Tilflyttinga frå 1970-talet og framover ført med seg store kulturelle endringar, særleg i den austlege delen av kommunen. Det gjaldt både språk og tenke- og veremåte.

#### **Viktige tidsskilje i utviklinga i nyare tid**

Vi har tatt for oss historia til Fjell meir eller mindre tematisk. Dersom vi skal peika på viktige tidsskilje i utviklinga til kommunen i nyare tid, kan 1870- og 1880-åra fungera som eit slikt. Desse tiåra markerte starten på det som er kalla det store hamskiftet i det norske bondesamfunnet. Det vil sei ei brei modernisering som mellom anna omfatta utskiftingane, betre butilhøve og meir effektivt jordbruk, men også utbygging av handelsplassar og betre samferdsle, kommunikasjonar og skulevesen. Motoriseringa av fiskeflåten og nye reiskapstypar i sjøbruket kan koplast på den same moderniseringsbølgja. Eit nytt, viktig tidsskilje kom på 1960- og 1970-talet. Allmenne utviklingstrekk inkluderte avvikling av arbeidsplassar i fiske og jordbruk, utbygging av industri, særleg knytt til oljeverksemda, flytting av samferdsle frå sjø til land, og utdanningsrevolusjonen. I tillegg opna fastlandssambandet for ei bølgje av tilflyttarar til Fjell og store endringar på mange samfunnsområde.



Måseliv ved Coast Center Base (CCB). Foto: Monica Hovland

## 5 Temadel: kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

«Aviser, som fordums var et særsyn hos andre end storkarene som «han far», landhandleren og lensmannen, har nu fundet vei både til den ene og den anden. Telefonråden har spundet sitt nett hitut, og de svartbredde fiskerbåter ombyttes av en og anden med motorskjøfer – «monitorana» som de kaldes av folket der vester. Røde fyrvætter skinner på hveranden naken knaus og lyser fiskerflåten vei ind fra havet i svarte stormnætter. Seilmerker og statens merkestaker fortæller om de undervandsgrunder, som folket tidligere alene kjendte etter et løst skjøn. I hver ringe hul er der en liten stenbrygge for dampskibet og gjerne en krambod attåt. Og mange pladser, hvor før røde og grå skrøpelige torvtækte hytter krøp ind under ur og gråberg, skinner nu kvitmalte bygninger med altan og blått skifertak. I storstovo er der sofa og fine stoler med plysjbetræk og lampe med priser og roset kuppel.»

(Johan C.W. Juuhl 1912: utdrag frå «Det grå rike» i *Havstrilen*)

I det føregåande vart dei store linene og utviklingstrekkja i vårt område skissert. I denne temadelen vert enkelte kulturminne og kulturmiljø i Fjell trekt fram. Først vert automatisk freda kulturminne presentert. Dei fleste av desse skriv seg frå førhistoria, med overvekt på steinalderen, men også til dømes skipsvrak frå nyare tid høyrer innunder denne kategorien kulturminne. Deretter vert det gitt ein tematisk gjennomgang av kulturminne frå nyare tid.

Vi går breitt ut og søker oversikt. Dette er ein førstegenerasjons kulturminneplan, så ei slik kartlegging er naudsynt. Gjennomgangen vil mellom anna gje eit inntrykk av kva som er typisk for Fjell, men også kva som er atypisk. Den vil også vise på kva område det står att naudsynt registrerings- og dokumentasjonsarbeid. Det er viktig å understreka at det er mange verneverdige kulturminne som enno ikkje er fanga opp. Vi tek høgde for at gode byggesaksrutiner og planprosessar vil peika ut desse i framtida, og at framtidig planarbeid fører med seg nye registreringar.

I løpet av planprosessen har ein ikkje fått gjennomført registreringar i den utstrekninga ein skulle ynskt. Det er likevel utført verdifulle registreringar der særleg Bjorøy og Tyssøy velforening sitt arbeid bør framhevest, arkeologiske registreringar på Hissøyna utført av mastergradstudentar i arkeologi ved Universitetet i Bergen, registrering av vass-kulturminna i Midtmarka og registrering og innmåling av fjæremannstufter på Søra Sandøyna ved Fylkeskonservatoren og Universitetet i Bergen. I tillegg har Fjell kommune prioritert ein gjennomgang av dei eldste bygningane i SEFRAK-registeret frå 16- og 1700-talet, og nokre utvalde sjøbruksmiljø. Fjell kommune har – gjennom fleire år – også fått mange verdifulle opplysningar og innspel frå ulike privatpersonar og lag. Det har blitt mange turar i felt saman med lokalkjende informantar, og vi ynskjer å uttrykke takksem til dei det gjeld. Ingen nemnt, ingen gløymt! Vi vonar på mange fleire turar i felt til «uoppdaga» kulturminne i framtida. Kunnskapen om kulturminna byggjer elles på bygdebokverket for Fjell, ulike rapportar, planar og databasar. Kjeldene er oppgitt til sist i planen.

Denne gjennomgangen munnar ut i ei prioritert liste over kulturminne og kulturmiljø i siste del av planen. Dette er i tråd med Riksantikvaren sin strategi for arbeid med kulturarv i kommunane. Kulturminne som er vurdert til å ha høg verneverdi i ein communal kulturminneplan skal synleggjera i den nasjonale databasen Askeladden, nutta av kulturminneforvaltinga. Dei kulturminna som ikkje er definert som like viktige kan leggast inn i publikumsdatabasen Kulturminnesøk, der også kulturminna i Askeladden er synlege. Dei kulturminna som har høgast verdi er nummererte og uteheva i ramme, medan dei andre kulturminna vert presenterte gjennom tekst og foto. Men korleis skal ein vurdera kva som er viktig å ta vare på av kulturminna i Fjell? Det vil vi sjå på i det komande kapittelet.



Sauer i Kollveitmarka. Foto: Kjell Andersland

Notbas Hans O. Vindenes slo seg opp (1930-talet).  
1930

## 5.1 Vurdering av verneverdi

Kulturminna har stor verdi som handfaste, originale spor etter tidlegare menneske sitt liv og virke i landskapet vi ferdast i. Ei slik forankring i fortida er viktig for folk sin identitet, stadstilhøyrigkeit og fellesskapskjensle. Det er ei reell påminning om at vi må legga til grunn eit historisk og framtidsretta tidsperspektiv som femnar vidare enn eit par generasjonar. Er det mogleg å vurdera kulturminna sin verdi på ein objektiv måte, eller vil vurderinga vera prega av samtidia og subjektive meininger om kva som er viktig, interessant, stygt eller vakkert? Eit av måla med denne kulturminneplanen er nettopp å velja ut nokre kulturminne og kulturmiljø som skal prioriterast innanfor planperioden. Kva skal leggast til grunn for eit slikt utval? Kva verdiar vi tillegg kulturminnet, og kva vekt vi legg på desse verdiane er ofte ei vanskeleg øving. Men den er naudsynt og vil gje auka innsikt i kva slags ressursar kulturminna kan representera for den lokale utviklinga, for fastbuande og tilreisande.

Registrering, verdisetting og vekting av verdiar er tre stadium av ein samla prosess. Alle spor etter menneskeleg verksemder representerer ulike former for kulturminne. Dette gjeld uansett tilstand, verdi eller alder. Alt kan utifrå dette registrerast. Men ein kan sjølv sagt ikkje ta vare på alt. Det er dei verdifulle kulturminna vi ynskjer å verna. Ei hovudutfordring innanfor kulturminneforvaltinga har vore å utvikla ein god metode for å gi kulturminna verdi og vekta desse verdiane. Trass i ein felles metode vil ei slik verdisetting aldri kunne verta objektiv. Den vil vera prega av enkeltindivid, organisjonar, eigalarar, brukarar, politikk og næringsliv – eller med andre ord ulike aktørar sin ståstad og deira samtid. Forvaltinga, eigalarar og organisjonar kan vurdera eit kulturminne ulikt. Dette er noko ein stadig ser døme på.

Riksantikvaren har i sin strategi sett opp tre hovudverdiar for verdisetting av kulturminne: kunnskapsverdi, opplevingsverdi og bruksverdi. Kunnskapsverdien gjeld kulturminna som kjelde

til fortida, til dømes om byggeskikk og historie. Opplevingsverdien er knytt til korleis kulturminne påverkar oss som menneske, noko som avheng av erfaring, interesse m.v. Bruksverdi handlar om kulturminne som ressurs for vekst og utvikling. Kunnskapsverdien representerer den primære kategorien, og opplevings- og bruksverdien har ein meir supplerande karakter. I tillegg til desse verdiane er det ei rekke andre faktorar eller eigenskapar som også spelar inn i verdisettinga, slik som alder, autentisitet, representativitet og om kulturminnet er sjeldsynt. Autentisitet er eit omgrep som vert brukt om kor ekte og/eller opprinnelig objektet er, og må alltid sjåast i forhold til for eksempel tidsperiode, stilart, materialbruk eller byggemåte. Representativitet handlar om kulturminnet som eit representativt utval av det typiske for til dømes ein periode eller innanfor eit geografisk område.

Vi ynskjer ofte også å vekta dei verdiane vi tillegg kulturminna i forhold til ulike skalaer som lav, middels, høg eller svært høg. For kulturminneforvaltinga er det naudsynt å ta stilling til kva som er verneverdig på eit lokalt, regionalt eller nasjonalt nivå. Det er kommunen si oppgåve å vurdera kva kulturminne som har høg lokal verdi, fylket vurderer kva som er viktig regionalt og riksantikvaren nasjonalt. At eit kulturminne har lokal verdi betyr ikkje at det har låg verdi, men at det er viktig for lokalhistoria og for lokalbefolkinga si oppleveling og tilknytning. Eit lokalt viktig kulturminne kan også vera viktig nasjonalt. I denne kulturminneplanen er det sett fokus på prioritering av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som kommunen i si verdivurdering reknar som høg eller svært høg. Dette vert grunngjeve i den følgjande gjennomgangen.

### Kva slags verdiar kan vi knyte til kulturminnet?

- **Kunnskapsverdi.** Kva kunnskap kan kulturminnet gi oss?
- **Opplevingsverdi.** Kva opplevelingar kan kulturminnet gi oss?
- **Bruksverdi.** Kva kan vi bruke kulturminnet til?



Kanontårnet på Fjell festning. Foto: Halvor Skurtveit

## 5.2 Automatisk freda kulturminne

Dei aller fleste av dei automatisk freda kulturminna er enno ikkje påviste. Den mest nærliggande årsaka er at dei ligg under markoverflata, og ikkje er synlege. Dette gjeld som oftast den vanlegaste funnkategorien av desse freda kulturminna, nemleg steinalderlokalitetane. Ein annan openberr årsak er at ein aldri har leita etter kulturminne i desse områda. Kartfesting og registrering av automatisk freda kulturminne vil aldri verta fullstendig. I offentleg forvalting og arealplanlegging er ein difor avhengig av data kulturminnevernet får fram gjennom registreringsarbeid. Ved planlegging av offentlege og større, private tiltak pliktar den ansvarlege å undersøka om tiltaket vil virka inn på automatisk freda kulturminne. Desse automatisk freda kulturminna er freda direkte etter lov, grunna sin høge alder og historiske kjeldeverdi, og har ei omsynssone på 5 meter rundt seg. Til denne kategorien kulturminne i vårt område hører alle kulturminne eldre enn reformasjonen (1537), ståande bygg og myntar eldre enn 1650 og kulturminne i vatn eldre enn 100 år. Fjell kommune ligg sentralt plassert i skipsleia, med den følgje at det finst mange skipsvrak i sjoområda. Mest omtalt er briggen Favoriten, som i 1868 gjekk ned ved Algrøyna. Desse skipsvraka vert ikkje skildra nærmare i denne planen.

Sjølv om dei automatisk freda kulturminna er formelt verna, er ei vurdering av verneverdi likevel viktig mellom anna når det gjeld framtidig planarbeid og eventuell tilrettelegging og formidling. Vi har i denne samanheng valt ut nokre kulturminne og kulturmiljø som vi meiner er i ei særstilling verdimesseg sett. Det er ei overvekt av kulturmiljø som er valt, då vi mellom anna meiner at tidsdjupna nokre av desse miljøa står for er svært verdifull. Vi har også vektlagt kva kunnskap ein har om kulturminna, og kor godt eigna desse er for formidling. Miljøa er presenterte med nummer som er gjengitt i den prioriterte lista over kulturminne og kulturmiljø som er vedlagt planen. Per i dag er tre av desse kulturminneområda på den såkalla BARK-lista over prioriterte kulturminne for skjøtsel og formidling; steinalderbuplassane i

Geitvika, gravrøysene og steinalderbuplassane på Kolltveit og øydegarden, gravrøysene og steinalderbuplassar ved Høybøen. BARK er ei nasjonal tilskotsordning i regi av Riksantikvaren og står for «Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne». Fjell kommune samarbeider tett med Hordaland fylkeskommune om dei nemnde prosjekta.



Tårnfoto av restaurert jernaldergrav ved Tytebærhaugen, aust for Høybøen. Foto: Universitetsmuseet i Bergen

## Nr.1 Kulturminneområde Høybøen, Vindenes (gnr. 26/3,8)



Mellomaldertuftene på Høybøen. Foto: Hordaland fylkeskommune

**Askeladden-ID:** Gardsanlegg og gravrøyser (64065), steinalderbuplassar i nord (95728, 95729, 95730), gravrøys og buplassar i aust (45819, 95787, 95731, 35751 m.f.)

### Skildring:

Høybøen er ein øydegardslokalitet som ligg mest urørt av moderne inngrep, med innmark og utmark, hustufter og naustuftu, steinstrengar, oppkome, vassrenner, dyrkingslag, gravrøyser, rydningsrøyser, hellesette vegar og anna. Lokaliteten vart utgraven i 1977-78. Funnmaterialet syner at øydegarden vart rydda kring starten av vår tidsrekning og var i bruk i romartid. Fire gravrøyser vitnar mellom anna om dette. Den gjekk ut av bruk på 400-talet og vart tatt opp att i vikingtid med bruk til midt på 1300-talet då den vart lagt øyde, truleg grunna pestsjukdom. Nord og aust for garden er det påvist fleire steinalderlokalitetar. Miljøet har førsteprioritet i bevaringsprogrammet BARK.

### Verdivurdering: Svært høg

Fornminnemiljøet ved Høybøen på Vindenes står i ei særstilling, også nasjonalt sett. Det høge kunnskapsnivået om området, variasjonen i kulturminne, og den autentiske plasseringa i eit urørt landskap med stor tidsdjupn gjer området unikt. Nokre av dei eldste steinalderbuplassane i Fjell er påvist her, og mellomaldergarden gir sjeldan kunnskap om vanlege folk sitt liv på denne tida. Det ligg eit stort potensiale for formidling i området.

## Nr.2 Gravrøysmiljø Revvika, Nordre Bjørøyna (gnr. 50/7)



Munkerøya på Bjørøyna. Foto: Lennart Fjell

**Askeladden-ID:** 6304, 95609, 16136, 64061

### Skildring:

Nordaust på Bjørøyna ligg fire gravrøyser ved Revvika. To av røysene ligg høgt på kollar med godt utsyn over sjøen. Gravene er ikkje undersøkte, men utifra plasseringa kan dei vera frå bronsealderen. Den mest markante av gravene er Munkerøya. Med sin omkrins på 25 meter i tverrmål er ho ei av dei største i heile Nordhordland. Under bygginga vart ein stor knaus utnytta til å byggja røysa rundt slik at den vart meir markant. Røysa ber i dag preg av at det er teke Stein frå ho. Røysa må ha vore eit kjent seglingsmerke, og har truleg fungert som markør for eit område eller territorium. Den fjerde av røysene ligg så lavt at ho truleg skriv seg frå yngre jernalder.

### Verdivurdering: Svært høg

Vi har få funn frå bronsealder i Fjell kommune. Ved sidan av eit skålgrøpfelt vest for Turøyna, er tre av røysene i Revvika dei einaste synlege kulturminna som kan skrive seg frå denne perioden. Dei fire gravminna har eit stort potensiale for formidling i seg. Trass i at Munkerøya ber preg av uttak av stein, er totaliteten av gravene i landskapet svært spesiell.

#### Nr. 3 Fangstanlegg Søra Sandøyna (gnr. 24/1)



Søra Sandøyna, i forkant bogestelle i ur. Foto: Berit Vik

**Askeladden-ID:** 231344, 231347, 231325

#### Skildring:

På Søra Sandøyna, vest for Angeltveitsjøen, er det i tre av vikene i vågen som skil øya fra Nordra Sandøyna, påvist i alt 10 fjæremannstufter, fleire båtopptrekk og bogesteller. Grunna den gode, lune hamna har dette vore eit attraktivt område for sesongvis fiske, kanskje så langt tilbake som til eldre jernalder. Dateringar fra Øygarden og Sund viser at nokre fjæremannstufter var etablerte allereie i romartid. Truleg er det også fleire tufter i området.

#### Verdivurdering: Svært høg

Lokaliseringa av desse fangstanlegga langt ut i havet, i urørt landskap, gjer at opplevingsverdien er heilt særmerkt. Det er enno ikkje gjort mange funn av fjæremannstufter i Fjell, då ein berre har eit anna sikkert anlegg å vise til (i Fjellspollen).

#### Nr. 4 Fangstanlegg Bjørnavågen, Fjellspollen (gnr. 53/87 & 54/5)



Ringmur Bjørnavågen. Foto: Lennart Fjell

**Askeladden-ID:** 134693

#### Skildring:

Fjæremannsanlegget i Bjørnavågen ligg like ved utløpet av Fjellvassdraget. Både nord, aust og sør for denne vågen er der spor etter tufter, båtopptrekk og andre anlegg som kan knytast til fjæremannstradisjonen.

#### Verdivurdering: Svært høg

Som eitt av to fjæremannsanlegg i Fjell kommune har dette anlegget svært høg verdi.

## Nr. 5 Buplassar ved «steinaldersti», Nordre Bildøyna (gnr. 34/2, 3, 4, 6 m.fl.)



Illustrasjonen viser eit skarpt skilje mellom bevaringsområdet og byen. Lys grøne felt er kulturminne. Omsynssona er stipla med svart. Frå moglegheitsstudie for kulturminne, ved AsplanViak AS og Opus AS (2014).

**Askeladden-ID:** 160875, 141412, 160876, 160877, 144249, 141419

### Skildring:

Det er påvist 12 steinalderbuplassar på Bildetangen, Nordre Bildøyna. Buplassane har datering frå eldste del av steinalderen (10 000 år før notid) til om lag 5000 år før notid. Opus Bergen AS og AsplanViak AS utarbeidde i 2014 ein moglegheitsstudie for kulturminne, der ein føreset frigjeving av seks av lokalitetane medan dei resterande seks skal takast vare på i gode omsynssoner som skal kunna opplevast av bebruarar og besökande. I moglegheitsstudien står det mellom anna: «Kulturminna er mest verdifulle når dei ligg i ein samanheng, og eit område rundt lokalitetane skal vernast som eit samanhengande kulturmiljø. (...) I denne samanhengen kan den opprinnelige funksjonen til steinalderbuplassane formidlast på ein forståeleg måte.»

### Verdivurdering: Svært høg

Tilrettelegging av gang- og sykkelveg ved steinalderbuplassane, og eit eige formidlingsopplegg for desse, opnar opp for både stor grad av opplevings- og bruksverdi. På sikt vil området verta lett tilgjengeleg via infrastrukturen i Sotra kystby. Som det vert påpeikt i moglegheitsstudien så er verdien til kulturminna her generelt høge, og kvar av lokalitetane representerer ein viktig kvalitet.

## Nr. 6 Steinalderbuplassar, Geitvika friluftsområde (gnr. 45/5,29)



Foto: Bergen og Omland friluftsråd

**Askeladden-ID:** 143748, 143749

### Skildring:

I den nordaustlege delen av bukta er det påvist to steinalderlokalitetar. I samband med reguleringsplan for Geitvika skal det opparbeidast ein universelt utforma tursti, som grunna topografin i området kjem nær til desse lokalitetane. Skjøtsel og tilrettelegging av lokalitetane vert ein del av planarbeidet som fylkeskommunen, Fjell kommune og friluftsrådet samarbeider om. Tiltaket ligg inne på Fjell kommune si prioriterte liste i BARK (Bevaringsprogrammet for arkeologiske kulturminne).

### Verdivurdering: Svært høg

Formidlingspotensialet i det lett tilgjengelege friluftsområdet er stort, og det er eit ekstra pluss at vegen fram til steinalderlokalitetane vert universelt utforma.

## Nr. 7 Bufjellhellaren på Vindenes (gnr. 26/3,10,178)



Foto: Laila Reigstad

Askeladden-ID: 16140

### Skildring:

Bufjellhellaren på Vindenes er ein av dei største, kjente hellarane i Fjell, med ei lengde på omkring 25 meter der grunnen er tørr. I hellaren er det funne keramikk frå eldre jernalder, brente bein, og kol i fleire prøvestikk. Dette viser at folk har hatt tilhald her, truleg i samband med fangst og fiske gjennom førhistoria.

### Verdivurdering: Svært høg

Hellarar utgjer ein kategori kulturmiljø der ein kan gjøre interessante funn, i og med at restane av organisk materiale vert godt bevarte i høve til dei opne buplassane. Ein kan ofte gjøre funn frå fleire periodar. Formidlingspotensialet er høgt, med tanke på tilgjenge og samanhengen med det rike kulturmiljøet Vindenes representerer.

## Nr. 8 Knappetåna skålgrøpfelt (gnr. 60/8)



Foto: Jann Rauø

Askeladden-ID: 64064

### Skildring:

Det einaste helleristningsfeltet som er påvist i Fjell. Skålgrøper er skålforma fordjupingar innhogd i stein, og er den vanlegaste forma for helleristning i Norge. Feltet ligg lengst nord på holmen Knappen, ut mot havet vest for Turøyna. På ei nokre meter brei hylle i berget er det hogd inn omkring 40 skålgrøper, 4-6 cm vide. Her finst også nokre nye inngraveringar. Flata ligg like ved ein god laksepass, og ein velkjend innfartsveg frå havet. Kan ikkje spesifiserast nærmare enn til bronse- eller jernalder.

### Verdivurdering: Svært høg

Alder, sjeldsynhet og plasseringa ut mot havet gjer denne lokaliteten til ein av dei mest spesielle i Fjell. Skålgrøpene er prega av slitasje, men trass i dette er opplevingsverdien stor.



Foto: Berit Vik

**Askeladden-ID:** 127359, 127360, 16137, 6308

#### **Skildring:**

Nær barneskulen på Kolltveit ligg det to gravrøyser frå jernalder og to buplassar frå steinalder, der den eine buplassen ligg delvis under ei av røysene. Røysene er overgrodde, men lett tilgjengelege. Skulen ynskjer å gjera skjøtsel her. Det er utarbeidd skjøtselsplan for lokalitetane, som eit samarbeid mellom Kolltveit skule, Fjell kommune og Hordaland fylkeskommune. Tiltaket ligg inne på Fjell kommune si prioriterte liste i BARK (Bevaringsprogrammet for arkeologiske kulturminne).

#### **Verdivurdering: Svært høg**

Det er eit stort potensiale i formidlinga av desse lokalitetane, i og med at dei ligg rett ved Kolltveit skule. Gravene er i seg sjølv ikkje av dei mest spektakulære, men med god skjøtsel vil dei kunne framstå på ein langt betre måte enn i dag. Tidsdjupna i lokaliteten, med steinalderbuplassane, gir ein ny dimensjon i pedagogisk og formidlingsmessig samanheng.



Det er gjort tusenvis av funn frå steinalderen i vårt område. Her frå utgravingane ved Sotrasambandet. Foto: Kjell Andersland

## 5.3 Kulturminne frå nyare tid

Kulturminne frå nyare tid er eit samleomgrep for kulturminne etter reformasjonen i 1537. Det omfattar bygningar og bygningsmiljø, jordbruksmiljø sitt kulturlandskap, offentlege bygg og organisasjonseigde hus, sjøbruksmiljø, tekniske kulturminne, samferdsel og krigsminne med meir. Storparten av desse kulturminna er utan formelt vern. Dei fleste er i privat eige, og det gjer eigarane til viktige aktørar i kulturminnevernet.

SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne i Norge) er eit nasjonalt register over bygningar og andre faste kulturminne frå før 1900. Registreringa vart utført som feldarbeid i tida 1975-1995. I Fjell vart registreringane gjennomført i åra 1977 – 1989 med ei øvre tidsgrense på 1940. Bygningane er kartfesta, oppmålte og fotograferte og kvart objekt har eit eige skjema. Det vart i regelen ikkje gjort verdisetting i felt, og berre eit fåtal av objekta i Fjell er verdisett. Registeret opererer med tre verneklassar for bygningar og anlegg:

1. Vernekasse A: Verneverdige kulturminne som er aktuelle for sikring ved formelt vern gjennom freding eller regulering ved omsynsszone.
2. Vernekasse B: Kulturminne som kan vera aktuelle for regulering til omsynssone.
3. Vernekasse C: Kulturminne som bør underleggjast plan- og bygningslova sine generelle føresegner.

Det at ei bygning er registrert i SEFRAK gjev ikkje formell vernestatus, men indikerer at bygningen kan ha verneverdi eller høyre til eit verneverdig kulturmiljø. SEFRAK-registeret viser 2242 bygg i Fjell kommune som er eldre enn 1940.

Registreringane er ikkje komplette, men omfattar truleg 90 – 95 % av alle bygga. Registreringane omfattar ikkje strekninga Døsjø – Ekerhovd, Li, og austsida av Bildøy. Little Sotra er heller ikkje med i denne registreringa, unntatt den austlege delen mellom Arefjord/Valen og Hjelteryggen/Knappen. For Bjørøy er det gjort ei eiga registrering, men utan at miljøa har vore klassifiserte etter verneverdi.

Kulturminna vert her presenterte i temakategoriar. Det må påpeikast at desse kan vera overlappande. Dei kulturminna og kulturmiljøa som vi meiner har høg verdi er presenterte i katalogform. Andre kulturminne er presenterte gjennom foto.

### Temakategoriar nyare tid:

- Naust- og sjøbruksmiljø
- Gards- og jordbruksmiljø
- Kommunikasjon og samferdsle
- Næring, industri og vassdrag
- Samfunnsinstitusjonar
- Organisasjonsliv og fritid
- Museum og private samlingar
- Kulturlandskap
- Krigsminne og forsvar
- Minnesmerke/monument
- Andre kulturmiljø



Nøter til tørk på Hissøyna. Foto: Monica Hovland

## Naust- og sjøbruksmiljø

Alle brukarane i Fjell disponerte det ein kan kalla ei sjøbrukszone på land, dei fleste på heimegarden. Denne sjøbrukszonan kom i tillegg til inn- og utmarka på garden. I sjøbrukszonan fann ein bygningar som naust og notbuer, båtlendingar og fortøyningsstader, i tillegg til område som eigna seg til konservering av fisk og vedlikehald av reiskapar og båtar. Vi kan også rekna gode fangststader, som silde- og laksevågar, langs sjølinja av garden med til sjøbrukszonan. Kvar gard hadde eitt eller fleire sjøbrukshus. I nausta og sjøbuene oppbevarte folk båtar, segl, årar, garn, nøter, snøre og andre fiskereiskapar - det essensielle for den daglege livberginga til folket på Sotra. I og ved sjøbruksusa føregjekk også konservering av fangstane og vedlikehald av båtar og reiskapar. Det er stor variasjon i bygningane ved sjø.

I eit forprosjekt til førre kystsoneplanen vart det i 1989 registrert 71 verneverdige sjøbruksmiljø i Fjell kommune, jamfør heftet verneverdige kulturminneland i kystsona i Fjell (1989): 3 område har særskilt verneverdi, 42 område har høg verneverdi og 26 område har «lågare verdi» (sjekk A, B, C). Det er Storasund på Syltøyna, handelsstaden nord på Langøyna og Landrovågen som har fått verneverdi gruppe A: Særskilt høg verneverdi. Andre kulturminne enn dei som grensar til sjø vart her ikkje tekne med, og dei har berre sett på miljø med to eller fleire bygg. I planperioden har vi prioritert å sjekka ut B-miljøa i det nemnde heftet, og dei miljøa vi meiner har høg verdi er presentert her.

## Nr. 10 Landrovågen (gnr. 24)



Foto: Monica Hovland

**SEFRAK-ID:** 1246/22/2-26, 37, 42-59

### Skildring:

Det mest innhaldsrike miljøet med eldre småbåtnaust på Sotra finn vi i dag i Landrovågen. Dei eldste nausta ligg på austsida av vågen, og skriv seg frå om lag 1870. Landro var tidlegare storgarden på Sotra, med 15 gardsbruk. Alle hadde naust på eigande grunn i Landrovågen. Hamna er lun, men var nok i grunnaste laget. Naustmiljøet og sjøhusa her er difor tilpassa robåten og den vesle motorbåten. Etter at vågen vart mudra opp i 1976, har båtane kunna fortøyast ved nausta. Få hus er rivne, og nye har kome til. Havnemiljøet inneholder naust, torvhus og sjøbuer. Det er flere større saltebuer for torsk og sild i miljøet.

### Verdivurdering: Svært høg

Naustmiljøet er eit av dei største og best bevarte naustmiljøa i Fjell kommune. Miljøet ber likevel preg av utvikling innan materialbruk og vedlikehaldsmetodar. Fleire av nausta er kledd inn med eternittplater, og at nokre av dei seinare moderniseringane tydeleggjer behovet for tettare oppfølging av bygningsvernmynde. Landrovågen har stor kulturhistorisk verdi, og er markert med omsynssone for kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

## Nr. 11 Storasundet (gnr. 12/9, 33, 9)



Foto: Monica Hovland

**SEFRAK-ID:** 1246/4/20-26,29

### Skildring:

Storasundet ligg på nordsida av Syltøyna. I vest har ein Lokøyosen. Dei eldste husa i miljøet er frå slutten av 1800-talet. Det har vore ei omfattande og variert verksemd på Storasundet. I tillegg til handelsverksemd sidan 1884, vart det drive med posttenester, telefoni, og oppkjøp og tilverking av sild og fisk. I ei avstengd vik i søraust, hadde dei stundom levande fisk gåande. I 1926 vart det starta opp med slipp og mekanisk verkstad på Storasundet. I dag er Fjell kystlag ein aktiv aktør i miljøet, og driv mellom anna sluppen og ivaretak smia frå 1927. Ved sidan av smia ligg N.O.P. Storesund Landhandel, som er presentert under temakategorien museum og samlingar.

### Verdivurdering: Svært høg

Storasundet er i tidlegare SEFRAK-registreringar vurdert til å ha svært høg verneverdi, noko som framleis står ved lag. Storasundet representerer eit særeigent miljø, som i si tid låg sentralt til i leia. Handelsstaden og sluppen er i dag i stor grad intakt slik den har utvikla seg frå slutten av 1800-talet. Bygningane ber preg av eit tilfredstillande vedlikehald. Storasundet er markert med omsynsso- ne for kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

## Nr. 12 Liaskjeret (gnr. 49/1)



Foto: Monica Hovland

### Nr. 13 Kallestadvika (gnr. 2 / fleire )



Foto: Sarah E Wahlberg Lund

**SEFRAK-ID:** 1246 – 1 – 4- 11

#### **Skildring:**

Miljøet ligg langs sørvestsida av Kallestadvika. Det er eit rikt miljø i ei svært god hamn. Fleire av nausta skriv seg frå 1800-talet.

#### **Verdivurdering: Høg**

Den karakteristiske naustrekka ber preg av nokre endringar i frå det opprinnelige, men utgjer likevel svært gode kunnskaps- og opplevingsverdier.

### Nr. 14 Turøyvågen (gnr. 60/ fleire)



Foto: Monica Hovland

**SEFRAK-ID:** 1246/25/148-206


#### **Skildring:**

Miljøet er lokalisert til austsida av Turøyna, der mange større og mindre bygg er reist på begge sider av Turøyvågen. Her er naust, sjøbuer, torvsjå, kaiar, båtopptrekk, slipp, molo/vernemur, tufter, fortøyningsboltar m.m. Alderen på kulturminna varierer. Nokre er frå 1900-talet, medan andre er frå 1800-talet.

#### **Verdivurdering: Høg**

Miljøet er halde i god hevd, trass i at nokre bygg er rivne sidan SEFRAK-registreringane. Miljøet er svært rikt og variert, og har høg verneverdi.

#### Nr. 15 Vindenes: Buneset og Heimavågen aust (gnr. 26)



Vindenes kai, med Heimavågen og Buneset. Foto: Widerøes flyveselskap rundt 1950

**SEFRAK-ID:** 1246/22/372-380, 382, 283

#### Skildring:

Sjøbruksmiljøet omfattar austlege del av Heimavågen, då vestsida er såpass endra grunna moderne tiltak og ny naustrekke. Heimavågen og Buneset utgjer til saman eit fint sjøbruksmiljø. Det store notloftet (Nothenjo på Vindenes) på omkring 700 kvm, vart bygd i 1946. Notloftet var, saman med andre fasilitetar på staden, fast landbase for fiskebåtoreiarlaget til notbasen Hans O. Vindenes fram til 1973, då verksemda vart avvikla. Notloftet vart ombygd til innomhus lagerhall i 1995 der delar av øvste etasjen er halden i opprinneleg stil, og i dag tener som selskaps- og konferanselokale med kulturhistoriske utstillingar.

#### Verdivurdering: Høg

Samla sett har miljøet høge verneverdiar trass i nokre større endringar. Området si kulturhistorie er interessant og rikhaldig. Og det gjenverande opprinnelege miljøet dannar ein viktig kontrast til det nye industriområdet representert ved CCB og ny godshamn.

#### Nr. 16 Algrøyna (nord) (gnr.18/ 14, 15, 9 )



Foto: Kjell Andersland

**SEFRAK-ID:** 1246/7/5, 6, 16, 84-86

#### Skildring:

Hamna ligg i ly av nokre holmar, og i aust har ein utsyn mot Sekkingstadosen. I tillegg til sjøhusa var her tidlegare også ein butikk på staden. Miljøet har også fleire yngre sjøhus.

#### Verdivurdering: Høg

Sjøbruksmiljøet har vore ein av dei sentrale stadane på Algrøyna i lang tid, og er viktig i kulturhistorisk samanheng.

Nr. 17 Ågotnes (gnr. 27/ fleire )



Foto: Kjell Andersland

**SEFRAK-ID:** 1246/20, 16- 21, 23, 25, 45, 74-76

**Skildring:**

Miljøet ligg i den sørlege delen av ei vid bukt. Eit nes gir ly for sør- og austlege vindar. Her er bygg både frå 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. Tidlegare stod det nothenge og ishus i området.

**Verdivurdering: Høg**

Sjølve kaiområdet ber i dag preg av at det er sett opp eit privat bygg der, men elles viser bygningsmassen tilbake på den gamle strukturen i området. Dette har vore ein av dei sentrale stadane i Ågotnes si kulturhistorie.

Nr. 18 Misje (hermetikkfabrikk, saltebu og tilstøytande naustmiljø) (gnr. 59 )



Foto: Sarah E Wahlberg Lund

**SEFRAK-ID:** 1246/24/23, 28, 44, 49-51, 73, 80, 82

**Skildring:**

Miljøet ligg langs vestsida av Misjesundet, og inneholder tidlegare sildesalteri og hermetikkfabrikk med tilstøytande bokerverkstad og tønnelager. I dag er delar av fabrikkloka omgjort til leilegheiter, og det er pågående arbeid med nye leilegheiter i sildesalteriet. Tiltakshavar ynskjer mellom anna å opne opp for kulturhistorisk utstilling frå lokalmiljøet i fellesareal i bygget. Det er tillegg fleire naust, kai, båtstø og torvhus i miljøet. Eit av nausta skriv seg truleg frå 1700-talet, fleire er frå 1800-talet og nokre er frå byrjinga av 1900-talet.

**Verdivurdering: Høg**

Miljøet er rikhaldig og særprega, og viser tilbake både på industrihistoria i området og fiskarbonden sitt liv. Torvhuset i miljøet er svært unikt, og bør vernast spesielt.

**Nr. 19 Kubbesund og Ottersvik, Lokøyna (gnr. 14/4, 5, 7, 18, 23)**



*Naustmiljøet i Ottersvik. Foto: Berit Vik*

**SEFRAK-ID:** 1246/5/11, 12, 15, 19, 36, 84, 86

**Skildring:**

Sør på Lokøyna ligg naustmiljøa Kubbesund (vest) og Ottersvik (aust). Store delar av naustmiljøa er restaurerte og godt vedlikehaldne. I Ottersvik kan to av nausta skriva seg frå 1700-talet.

**Verdivurdering: Høg**

Samla sett har desse miljøa høg verneverdi. Miljøa er haldne i god stand.

**Nr. 20 Naustmiljø på Nyheim, Bjørøyna (gnr. 51/13)**



*Foto: Kjell Andersland*

**SEFRAK-ID:** 1246-0010-055, 57 og 64

**Skildring:**

På Nyheim (Fløyte) på Bjørøyna er det som kan reknast som det eldste ståande naustet i kommunen lokalisert. Ifølgje SEFRAK-registeret skal det vera frå 1600-talet, men det er meir sannsynleg at det er frå 1700-talet ifølgje eigar. Det grindbygde naustet har pilarar av naturstein, og i sør eit tilbygg som vart reist i samband med brislingfiske på slutten av 1800-talet. Miljøet ligg i ei vestvendt bukt utan naturleg hamn, men med to fint murte moloar i naturstein. Miljøet kan delast i to; to naust ved molomurane, og ei større sjøbu på andre sida av odden i nord. Nausta har ein naturleg samanheng med gardsmiljøet, opprinneleg ein husmannsplass og i dag fritidsbustad, som ligg omkring 100 m aust for sjøen. Opprinneleg stod det eit naust ved sørsida av bukta, men dette er rive. Det same gjeld ei garnbu på nordsida som låg like vest for sjøbua.

**Verdivurdering: Svært høg**

Dei attståande nausta utgjer samla sett eit miljø av høg verneverdi, og det eldste naustet framstår som svært autentisk og har i seg sjølv svært høg verneverdi. Nausta og sjøbua, sett i samanheng med dei fint murte moloane og bygga frå den tidlegare husmannsplassen, viser tilbake til fiskarbonden sitt liv og virke i eit nokså uberørt landskap.



Foto: Odd-Bjarne Solsvik

**SEFRAK-ID:** -

**Skildring:**

Kjereidet er kjend for å vera ein svært god kastevåg alt frå gammalt. Det har i einskilde år vore teke store fangstar med makrell, men og sild og brisling. Kjereidet høyrer i dag til gardane Telavåg (Sund) og Kallestad, og vi veit at grunneigarane har drive landnotfiske på Kjereidet både på 18- og 1900-talet. Telavågmannen hadde buene sine på vestsida av vågen, medan Kallestadmannen hadde to buer på austsida, ei notabu og ei bu til å sova i. Rett vestafor elveosen ligg restane etter ei steinbu som tilhørde garden Kallestad. Dei eldste buene som i dag står på vestsida kan vera frå 1820-talet, men dei kan og vera eldre. Hyttene har dobbeltmur. På ei steinhelle til ei av buene var det ein «solkross». Denne er no gått tapt.

**Verdivurdering: Svært høg**

Kjereide er rekna som ein av dei beste kastevågane i Fjell (og Sund). Staden har høg opplevings-, kunnskaps- og bruksverdi då den framleis vert nytta til å formidla korleis ein gjorde landnotkast.



Stormen «Nina», Lokøyna. Foto: Kjell Andersland



Steingard på Knappskog. Foto: Kjell Andersland

## Gards- og jordbruksmiljø

I dag har vi 60 matrikkelgardar i Fjell. Garden, med eitt eller fleire bruk, var ramma kring både busetnad og næringsdrift. Dei eldste stovene ein veit om i Fjell var bygde av rundtømmer. Det var røykstover som hadde grue og ljore, men ikkje vindauge. I eldre tid hadde kvart distrikt sine lokale kjenneteikn når det gjaldt byggeskikk. Dette gjaldt både forma på husa og sjølve innreiinga. Det gjaldt og kvar folk sov, kvar dei kokte og korleis dei brukte husa. Etter kvart vart husa endra og ombygde, påverka av økonomiske tilhøve. Nye hustypar kom inn, men dei vart ofte omskapte og tilpassa lokale tradisjonar. I det trefattige området på Sotra måtte ein nyta det gamle tømmeret så lenge som råd. Dei fleste gamle hus er difor ombygde mange gonger. Kvart hus har såleis si eiga historie om flytting frå eine staden til den andre under skiftande tilhøve. Likevel finn ein at det er visse lokale reglar for korleis husa vart bygde om. Dei lokale variasjonane i byggeskikken i Norge vart mindre tydelege etter at sveitserstilen kom på sluttan av 1800-talet. Men først med våre moderne masseproduserte ferdighus er vi i ferd med å få ein einsarta byggjeskikk over heile landet.

Trass i mangelen på trevirke er det nyttta lite Stein som byggemateriale i Fjell. Særlig karakteristiske er dei eldste torvhusa som er bygde i stein og alle jordkjellarane både frå tidleg på 1800-talet og seinare. Elles finn me heile gråsteinsveggar i løene bygde som vernemurar. Kulturlandskapet har endra karakter etter bygningsmassen, og særlig dei store utskiftingane med opplysing av klyngetuna har endra landskapsbiletet. Tidlegare var det ei heil rekke med små uthus på gardane, men etter kvart vart uthusfunksjonane samla i ei stor driftsbygning og dei små uthusa forsvann gradvis frå landskapet. Det har vore utført eit stort arbeid då innmarksområda vart dyrka opp. Kystlandskapet i Fjell er prega av steingardar, bakkegardar og rydningar. Steingardane vart lagde som grensegjerde mellom matrikkelgardar, mellom bruk og mellom innmark og utmark. Steingardar som var grensegangar mellom gardane var rette på begge sider. Bølgardar mellom inn- og utmarka var rette og fint mura mot utmarka slik at sauene ikkje skulle hoppa over og koma heim på bøen. På innsida mot bøen eller enga var den ujamn og «avtrappa» slik at det skulle vera lett å jaga sauene ut igjen dersom dei var komne inn på bøen. Det er viktig å vera bevisst på ivaretaking av steingardar, om ikkje vil dei forsvinne litt etter litt.

Nr. 22 Krotastova frå Li (ikkje stadfast), opprinnelag gnr. 48/4)



Foto: Nils Georg Brekke

**Skildring:** Ein kjänner til tre stover med kroting frå Fjell (Tellnes, Våge og Li), men det har truleg vore mange slike. Krotastova frå Li hadde den mest forsegjorte krotinga av desse. Fylkeskonservatoren stod for riving og dokumentasjon av denne. Bygningsdelane er merka og lagra med tanke på seinare flytting og oppsetting. Det er sannsynleg at stova er frå 1700-talet eller tidlegare, sidan tømmeret i veggane hadde oval form. Dekoren, eller krotinga, var ei dekorform som truleg har vore svært vanleg i dei gamle røykstovene. Materialet var krit (kvitt eller raudt), kalk eller knust murstein, blanda med vatn eller surmjølk. Røra vart smurt på med fingrane eller ein pensel. Det var særlig ved høve som jul, jonsok og bryllaup at stovene vart krota. Stova hadde neppe vindauge då ho var ny, dei vart innsette seinare. Sannsynlegvis hadde det stått ein røykomm i eine hjørnet, med ljore i taket. Stova var panela, og det var under dette at veggane var dekorerte med kroting. Det er usikkert når krotinga vart utført, men det kan ha vore så sent som i andre del av 1800-talet. Veggene i stova var og dekorerte, noko som var heller uvanleg. Dekoren består av enkle og doble sirkelrosettar, doble valknutar og andre figurar, fylte med tette rader av prikkar i alle mellomrom.

## Verdivurdering: Svært høg

Sjølv om bygninga ikkje er ståande har krotinga svært høg verdi, som det einaste gjenverande dømet som vi kjänner til bortsett frå kroting som skal skjule seg under nytt panel i eit våningshus på Misje. Krotastova frå Li har førsteprioritet i tiltaksplanen. Stova er tidlegare dokumentert av Hordaland fylkesommune, som også har tildelt Fjell kommune kr 40.000 i midlar til bevaring og formidling.

## Nr. 23 To bygg frå det gamle klyagetunet på Søre Ekrhovda (gnr. 47/1)



Spinnehjul i kleber funne på Ekerhovd (funnr. B 14748) Foto: Svein Skare, Universitetsmuseet i Bergen

**SEFRAK-ID:** Ikke registrert

### Skildring:

Fram til 1916 var dei fleste husa på Søre Ekrhovda samla i eit klyagetun. På Søre Ekrhovda var det ni bruk då jorda vart utskifta i 1916. Etter utskiftinga vart det gamle klyagetunet liggande på bnr. 1, og dei andre brukarane måtte flytta husa sine frå klyagetunet og ut til dei nye brukna. Eigaren av bnr. 1 hadde to våningshus, og det er desse som framleis står på bnr. 1. Det eldste huset vart bygd i 1789 og det andre huset i 1846. Det er funne eit spinnehjul i kleber i åkeren på Søre Ekrhovda.

### Verdivurdering: Svært høg

I Fjell kommune er det ikkje mange spor att av den gamle klyagetuntradisjonen. Det er såleis av stor verdi at to av dei gamle våningshusa frå klyagetunet på Søre Ekrhovda er tekne vare på, og at dei står på opphavleg tuft.

## Nr. 24 Nordvikkverna (gnr. 4/2)



Foto: Kjell Andersland

**SEFRAK-ID:** 124602022

### Skildring:

Nordvikkverna kan vera bygd allereie på 1820-talet, men det er i alle fall sikkert at ho seinast vart reist ein gang i siste halvdel av 1800-talet. Mølla var i drift til litt etter 2. verdskrig. Kvernhuset er oppført i tømmer med utvendig kledning. Inntil austveggen vart det i 1939 bygd tørkehus i mur og enkel kledning. Bygningsmassen er på totalt 30 kvadratmeter. Det som særmerkjer kverna på Nordvik er at ho hadde to kvernollar og fire kvernsteinar, slik at ho kunne male på to anlegg samstundes.

### Verdivurdering: Svært høg

Fjell kulturminnelag har teke på seg ansvaret for kverna, som dei har restaurert og sett i stand slik at den framleis kan nyttast. Saman med den gode tilstanden gjer dette at ho har svært høg verdi.

Nr. 25 Kallestadkverna (gnr. 2/11)



Foto: Fjell kommune

**SEFRAK-ID:** Ikke registrert (bygningsnummer 24183726)

**Skildring:**

Kallestadkverna er lokalisert nær grensa til Sund kommune i sørvest, til vestsida av Kvernelva som renn frå Storvatnet og ut i Kørelen. Det er usikkert når Kallestadkverna blei reist, men ho var i bruk fram til 1938.

**Verdivurdering: Høg**

Kverna er sett i god stand av Kallestad og Trengereid grendalag, som har teke på seg ansvaret for denne. Ho kan ikkje nyttast til maling av korn då kvernallen ikkje er sett i stand.

Nr. 26 Gardsmiljø på Tveita (gnr. 7/1)



Foto: Halvor Skurtveit

**SEFRAK-ID:** 1246002002, 03 og 09

**Skildring:**

Miljøet innehold ei lemstove, eit eldhus og ei gardskvern som ligg i eit bekkefar eit stykke aust for tunet på Tveita. Stova skal ha blitt reist tidleg på 1800-talet, og var opprinnleig ei røykstove som skal ha blitt flytta frå Tyssøy. På 1870-80-talet vart huset forhøga med lem. Huset fekk ny kledning i 1965, og nytt tak i 1980. Eldhuset skal ha blitt reist på 1800-talet, og vart nytta til steiking, baking, røyking av fisk og tørking av korn. Begge desse bygga er godt vedlikhaldne. Kverna skal ha blitt reist i 1910, og denne vart nytta fram til krigen.

**Verdivurdering: Svært høg**

Lemstova og eldstova, saman med kvernhuset som også høyrer til gardsbruket, er ein kategori kulturmiljø det er få igjen av. Miljøet er godt vedlikehalde, og er vurdert til å ha svært høg verdi.

## Nr. 27 Gjerdet kulturminnegard (gnr.56/65)



Familien på Gjerdet tidleg på 1930-talet. Utlån av foto: Kari Landro

**SEFRAK-ID:** 1246-016-123, 124 og 125

**Skildring:** Fjell kommune eig Gjerdet kulturminnegard, som ligg på Søre Fjell ved foten av Fjedla fjedle og Fjell festning. Gardsbruket omfattar eit våningshus i laft og bindingsverk frå 1914, ei løe i bindingsverk frå 1925, ein jordkjellar frå slutten av 1800-talet, og uthus, hage, innmark og utmark. Som del av det tidlegare verdiskapingsprogrammet Perler i Nordsjøløypa (PIN), i regi av Riksantikvaren, var hovudsatsingsområdet for Fjell å ta vare på gamle tradisjonar for mat og handverk og å formidla kunnskap til nye generasjoner. I bygda sa ein «dei på Gjerdet» om dei som budde på garden, og såleis vart sambruket «Dei på Gjerdet» grunnlagt. Gjennom fleire år vart det skapt aktivitet og interessante produkt med kulturhistoria på garden som bakteppe. I dag nyttar Fjell turlag og Sotra husflidslag garden som base. Museum vest ønskjer å etablera eit tettare relasjon mellom Fjell festning og Gjerdet kulturminnegard, og har vedtak på at dei ønskjer kontorplasar på Gjerdet kulturminnegard. Fjell kommune vil leggja til rette for dette.

### Verdivurdering: Høg

Gardsmiljøet utgjer samla sett høg verneverdi. Heilekappen er bevart med ulike gardselement, men ein har også fått moglegheit til å kome nærmare inn på dei menneska som levde der og deira daglegliv. Det er mellom anna teke vare på foto- og brevmateriale fra garden. Gardshistoria ber også preg av dei store omveltingane som kom med 2. verdskrig og bygginga av Fjell festning. Ein periode rekvirerte tyskarane heile huset.

## Nr. 28 Smie på Ulveset (gnr. 8/7)



Omvising i smia på Ulveset. Foto: Fjell kulturminnelag

**SEFRAK-ID:** 1246-016-045

**Skildring:** Smia er truleg bygd omkring år 1900 av Nils Larsen Ulveseth, son til han som vart kalla «Skulelarsen». I Noregs Handelskalender for åra 1892 - 94 for Fjell Herred under haandvækere er Nils Larsen, Ulvesæter, ført opp som smed. Son hans Mathias Nilsen, arbeidde også som smed. Magnus Ulveseth, son til Mathias, overtok som eigar etter faren. Då Fjell kulturminnelag overtok ansvaret for smia var ho tømt for innhold. Det vart soleis gjort avtale med eigar Magnus Ulveseth, at kulturminnelaget i samråd med eigar skulle setja smia i stand med mest mogeleg av det gamle utstyret. Ettertid er det laga ny ljore i taket, esse er satt opp og blåsebelg (elektrisk vifte). Kulturminnelaget har montert oppatt ny smibenk mot gavlvegg og vi har henta tilbake alt utstyr til smia som var lagra av Magnus, i løa på garden. Smia vart det frå gammalt av laga mineborar, slegger, sigdar, saupekjavar, utstyr til hesteselar, jernskongar til kjerrehjul, kvest mineborar og økser og anna arbeid til det daglege bruk på gardane.

### Verdivurdering: Høg

Smia på Ulveset er, grunna Fjell kulturminnelag sitt arbeid, i god stand. Det er også ivaretak reiskap for smiing. Målet til Fjell kulturminnelag er å visa fram smia for skuleelevar og andre interesserte. Smier er ein sjeldsynt kategori. Dei fleste er ikkje berre gått ut av bruk, men er også tapt eller därleg vedlikehaldne. Det at Fjell kulturminnelag satsar på formidling omkring smia, set ho i ei særstilling..

## Nr. 29 Steinfjøs på Ulveset (gnr. 8/4 )



Foto: Fjell kommune


**SEFRAK-ID:** 1246-016-001

### **Skildring:**

Den steinbygde løa ligg like ved vegen, vest for Ulveset skule, og har tidlegare fått nemninga «Stiftelsen» på folkemunne. Dette fordi løa måtte fungere som fødestue for ei forbipasserande kvinne. Løa har vore nytta som sommarfjøs, og skal vera reist i 1898 ifølgje tidlegare eigar.

### **Verdivurdering: Svært høg**

Steinfjøsen har høg arkitektonisk verdi, og er verna i reguleringsplan.



Detalj frå steinløe på Ågotnes. Foto: Berit Vik



Gjerde med småbautaer «De syv jomfruer», Ågotnes. Foto: Berit Vik




Våningshus på Misje med kroting under panel i stova. Foto: Berit Vik




På Havrøyane er det tufter etter husmannsplassar. Foto: Halvor Skurtveit



Jordkellar på Ågotnes. Foto: Berit Vik



Grensestein i Blommen. Foto: Halvor Skurtveit



Saugefjøs på Knappskog. Foto: Kjell Andersland



Peder Olai Mikkelsen (f. ca. 1856) fekk reist dette særmerkte steinbygget, som blir kalla Trengereidkyrkja. Bygninga vart mellom anna brukt til lagring av høy. Til høgre ein jordkjellar.  
Foto: Berit Vik



Bru på Foldnes. Foto: Monica Hovland

## Kommunikasjon og samferdsle

Det er utenkeleg å leva eit liv ved havet utan båten. Havet var den viktigaste ferdelsåra for folket på Sotra til langt ut på 1900-talet, inntil Sotrabrua stod ferdig i 1971. Vi veit at båtar som likna den færingen vi kjenner i dag, vart bygd for omkring 1700 år sidan på Halsnøy i Sunnhordland. Færingen har altså vore ein viktig del av fiskaren sin kvardag i svært lang tid. Eit godt døme på kor viktig sjøvegen har vore, får vi frå løytnant Frihjof Alfred Henriksen som var landmålar hos Norges Geografiske Oppmåling på andre halvdelen av 1800-talet. I boka «Kva løytnant Henriksen fortalte frå Fjell og Sund i året 1860» skildrar han topografien her ute på Sotra, men dreg og inn andre observasjonar kring levemåte, kulturhistorie og liknande. Ut i frå sine vandringer skildrar han kommunikasjonstilhøva på øya på denne måten: «I dette distriktet er vannvegane hovudsakleg dei viktigaste kommunikasjonsmidla. Folk er så vande til desse at det stort sett ikkje kan sporast interesse for å byggja skikkelege vegar. No gjeld det visstnok om fleire av dei vegstumpane som finst, at dei er ytterst uheldig anlagte: Dei er tunge, bakkete, og kostbare å vedlikeholda. Men om sjølv det beste veganleggjet vart desse traktene til del, så ville fleirtalet av ålmugen føretrekka segl og årer framfor hest og kjerre for å koma seg fram».

Dei gamle vegfara som finst i Fjell, finn ein dels gjennom skriftlege kjelder, dels frå eksisterande parti av dei gamle vegane og dels gjennom lokal munnleg tradisjon som til dømes stadnamn. Vegane i ei bygd har ofte fleire ulike funksjonar; stiar, vegtråkk, kløvvegar, stølsvegar, bygdevegar, kyrkjevegar og hovudvegar. Sotra er langstrakt og kronglete. Ein gjekk frå visse punkt til andre. Hovudvegen til fots gjekk aust-vest frå Bildøypollen til Møvik, medan hovudvegen nord-sør var framkomeleg med båt i større strekk. Dei fleste stiane var nok berre opptrakka gjennom tidene, men frå 1770-talet vart nokre av dei mest brukte løypene utvida og utbetra. Den offentlege vegbygginga i Fjell vart sett i gang i 1849 i form av kjerrevegar som skulle syta for presten sin framkomst. Sidan kyrkja på Fjell vart reist ein gong truleg i tidleg mellomalder, har folk vandra ulike vegar i retning kyrkja, og nokre av desse vegane er bevarte den dag i dag. Kyrkjevegen til Morland er kanskje den mest kjende.

Kystrøyser, vardar og sjømerke har frå gammalt vore viktige landkjenningsmerke for sjøfarande. Før 1800-talet engasjerte styresmaktene seg lite i merking langs skipsleia ved kysten. Men i 1687 var det blitt bestemt at bøndene som budde langs leia til og frå Bergen skulle merka undervasskjer med stenger, anten på sjølve skjeren eller på nærmeste land. Fleire vikar og vågar i Fjell har frå gammalt av vore brukte som hamner for skip som var på seglas til eller frå Bergen. På eit kartverk frå 1705 er fleire fortøyningsplassar både på vest- og austsida av Sotra markerte. Seglingsmerke med blink vart måla direkte på fjellet. Desse fanst langs heile kysten. Algrøy bygdalag og Bjørøy og Tyssøy grøndalag har kartlagt fleire fortøyningsboltar og seglingsmerke i sine nærområde.

Nr. 30 Brattholmen kai (gnr. 42/34)



Utlån av foto: Turid Gjelstein

SEFRAK-ID: -

### Skildring:

Kaia på Brattholmen ligg på austsida av Littlesotra, og har vore eit viktig knutepunkt med dampbåtforbindelse til Bergen og seinare bilferje til Alvøen. I 1929 starta den første bussruta frå Møvik til Brattholmen, og i 1935 starta den første ferjeruta frå Brattholmen til Alvøen, med MB «Sandsfjord», som kunne ta 3 bilar og 40 menneske. I dei påfølgjande åra vart nye ferjer med auka kapasitet sette inn. Den siste ferja «Kvarven» vart sett inn i 1968, og kunne ta 24 bilar og 175 personar om gangen. Ferjesambandet vart nedlagt då Sotrabrua opna for ferdsel. Siste ferje gjekk frå Brattholmen til Alvøen fredag 10. desember 1971. Det hender framleis at større båtar legg til her, tildømes «Vestgar». Kaia er elles nytta til besøk av småbåtar i sommarsesongen.

### Verdivurdering: Høg

Ein av dei viktigaste stadene i Fjell sett frå eit samferdsleperspektiv. Det er ikkje tilfeldig at Brattholmen gjestgjevarstad er lokalisert like nordvest for kaia, som er ei svært god skipshamn.

Nr. 31 Turøyvarden (gnr. 60/9)



Foto: Kjell Andersland

Askeladden-ID: 220632

**Skildring:**

Turøyvarden er bygd i 1896. Varden er mura av gråstein, tilnærma sirkelforma og 5 meter høg. Turøyvarden vart freda av Riksantikvaren i 2016. Fredinga omfattar varden med hovudform, konstruksjonsform og materialbruk. Føremålet med fredinga er å bevare Turøyvarden som eit viktig navigasjonshistorisk kulturmiljø. I grunngjevinga heiter det at Turøyvarden er eit viktig landkenningsmerke, både for sjøfarande langs kysten og for innseglingsstrekning til landområda på innsida av øya, m.a. inn til Hjeltefjorden.

**Verdivurdering: Svært høg**

Jamfør grunngjevinga over, så har Turøyvarden svært høg verneverdi.

Nr. 32 Parti av kyrkjevegen i Fjell, Blommen (gnr. 58/fleire)



Foto: Fjell kommune

SEFRAK-ID: -

**Skildring:**

Dei første vegane i Fjell var «prestevegar» bygde og haldne vedlike in natura. Det vil seie som utførte dagsverk av alle brukarar av matrikulert jord. Vegen i Blommen er eit parti av prestevegen som vart bygd i første halvdel av 1840-talet.

**Verdivurdering: Høg**

Store parti av denne vegen gjekk tapt under bustadbygging lenger nord mot Bildøybakken. Det er viktig å ta vare på restar av denne. Dette partiet representerer eit urørt stykke i fine omgjevnader som bør takast vare på.

### Nr. 33 Straumsundet bru (gnr. 34/516)



Foto: Kjell Andersland

**SEFRAK-ID:** -

#### **Skildring:**

Straumsundet er ei vippebru som vart bygd i 1924. Det seiast at kapasitetsgrensa for bruva vart nådd i 1958. Det største problemet var at bruva berre tillet eit akseltrykk på fem tonn, noko som gjorde at større bilar som rutebilar ikkje kom over. Kor tid bruva siste gang var open for gjennomfart er ikkje kjent. Brua er bygd opp av ein steinmolo med ein vippekonstruksjon i stål i den austlege enden.

#### **Verdivurdering: Høg**

Som den einaste av sitt slag, har den høg verdi. Ny reguleringsplan er under utarbeidning for området og det er uklart kva løysing ein går for.

### Nr. 34 Prestekaia i Møvik & prestekaia i Bildøypollen



Markering av restaurering av prestebrygga ved Bildøypollen i 2003. Foto: Halvor Skurtveit

**SEFRAK-ID:** -

#### **Skildring:**

Ei sak i heradsstyret i 1842 var å leggja veg frå sjøen ved Bildøybakken til Fjell prestegard og kyrkje. I juni 1844 var vegen ferdig. I 1849 og dei følgjande åra vart det bygd ein 3 alen brei rideveg til Møvik i samband med gravplassen der. I 1874 vedtok kommunestyret å gjera ferdig det siste stykket av vegen, fram til sjøen i Møvika. Føresetnaden var at grunneigarane gav grunn, at brukarane på Ulveset forplikta seg til vedlikehald og at amtsvegkassen ytte tilskot. Ved enden av vegen skulle det byggast ei landgangsbrygge. Denne vegen vart bygd i 1850-60-åra, og var like fram til 1890-åra den einaste bygdevegen i heile kommunen.

#### **Verdivurdering: Høg**

Ein av dei fyrtre bygdevegane i Fjell, som viser tilbake på kyrkja si særstilling som samfunnsinstitusjon.

**Nr. 35 Steinmurt kjerreveg i Netalia, Bjørøyna (gnr. 51/1, 13)**



*Foto: Bjørøy og Tyssoy velforening*

**SEFRAK-ID:** -

**Skildring:**

Kjerrevegen slyngar seg oppover frå løa som høyrer til husmannsplassen Fløyte/Nyheim (prioritert miljø 20). I parti er muren rett kraftig, og det er også tufter etter utløer i tilknyting til vegen.

**Verdivurdering: Høg**


Ein fin representant for kjerrevégane som mange stader er gått tapte, eller er skada. Denne er i god stand.



*Varde, seglmerke ved Tjørnøy. Foto: Algrøy bygdalag*



Freiss-bolt og merke på Naustholmen, Bjørøyna. Foto: Bjørøy og Tyssøy velforening



Fortøyningsbolt og blink i leia ved Algrøyna. Foto: Algrøy bygdalag



Fyrlykt på Hissøyna. Foto: Arnljot Gjelstein. Utlån: Turid Gjelstein



Knarrvika industristad på 1930-talet. Foto: Fjell kommune

## Næring, industri og vassdrag

Innunder denne temabolken hører andre næringar enn primærnæringane. Bygging av kornmøller og tilhøyrande infrastruktur i Skålsvika, Kolltveit og Knarrvika i siste halvdel av 1800-talet, vert rekna som starten på industrialiseringa i Fjell. Men når det gjeld industrierksemder i Fjell er det nok først og framst fabrikkane i Knarrvika og hermetikkfabrikken på Kolltveit ein tenkjer på. Det er påfallande, men heilt naturleg, at fabrikkane på begge desse stadene vart reiste der det før hadde vore kornmøller. Det har også vore hermetikkfabrikkar andre stader, som på Misje. Der vart det også starta opp eit større sildesalteri. Før Sotra kystby er Knarrvika kanskje den einaste staden på Sotra som har gått gjennom noko som kan karakteriserast som byutvikling. Men det er sjøvsagt fiskeri og havbruk som har vore hovudnæringane i vår kystkommune. Fleire stader har ein forsøkt seg på ulike typar oppdrettsanlegg, mellom anna i Veløy- og Flågøykjøpo der delar av anlegga framleis står att. Desse anlegga vart bygd mot slutten av 1960-talet, og representerer pionerfasen innan norsk lakseoppdrettsnæring.

Vi har tidlegare hatt to hummarparkar i drift; på Misje og Sekkingstad. Sistnemte starta opp i 1928, og er framleis i drift. På holmen Oksen utanfor Solsvika vart det på 20-talet bygd opp eit stort anlegg for klippfiskproduksjon. Det måtte stenge ned og vart selt og ombygd til restaurant- og selskapslokale i 1968. Noverande eigar arbeider med å finna ny bruk av anlegget. Det må til sist nemnast at Fjell sin strategiske posisjon midt i skipsleia har opna opp for fleire handels- og gjestgevarstader opp gjennom åra. Brattholmen, Solsvika og Lokøyna er dei mest kjente stadane. Det står i dag ikkje att nokon av dei opprinnelige bygga frå desse stadane, med unntak av våningshuset som hørde til handelsstaden på Lokøyna. Bygningsmassen ved Brattholmen gjestgevarstad står i så måte i ei særstilling kulturminnefagleg sett.

## Nr. 36 Langøy handelsstad (Langøy kystgard gnr. 16/1)



Foto: Gudveig Lillebø

**SEFRAK-ID:** 1246/7/131, 133, 134, 135


### Skildring:

For sjøfarande ligg miljøet sentralt til der Torvsundet, Longevågen og Sekkingstadosen møtest. Husa og havna ligg i ei lun vik i ly av Salmonholmen i nordaust. Kulturmiljøet viser både til det tradisjonelle næringsgrunnlaget for busetnaden langs kysten med jordbruk, fiske og sjøbruk og til dei meir serviceretta attåtnæringane som handel, post, telefoni, bakeri og salteri. Våningshuset vart bygd i 1880 og seinare påbygd i 1952. Driftsbygninga vart bygd i 1935, og sjøhusa omkring 1870 og 1900. Landhandel vart starta opp i 1878, og eit bakeri vart reist i 1884. Butikken med lager og saltebu er restaurert, medan bakeriet over den gamle bakaromnen vart nyoppført i gammal stil på 90-talet. I 1999 vart Langøy kystgard valt til tusenårsstad i Fjell kommune. Handelen på Langøyna vart lagt ned i 1973 og gardsdrifta eit tiår seinare. I 1994 vart stiftinga Langøy kystkultursenter skipa, og dei fekk restaurert og disponera sjøbuene. I dag er staden i privat eige. Langøy kystgard er tusenårsstaden til Fjell kommune. Kvart år vert Langøymarknaden tilskipa her.

### Verdivurdering: Svært høg

Langøy kystgard er eit svært verdifullt kulturmiljø som viser tilbake til ulike sider av kystsamfunnet, og er lite påverka av utbygging og anna påverknad som forstyrrer biletet frå 1800-talet. Det ligg til rette for opplevelingar og formidling her. I vågen ligg det også spor etter fleire husmannsplassar. Kulturmiljøet er definert som omsynssone for kulturmiljø i gjeldande kommunedelplan.

### Nr. 37 Knarrvika industristad (gnr. 39, 40 og 41)



Steinbygg teikna av Einar Oscar Schou. Opprinnlege nyttta som gassentral. Foto: Berit Vik

**SEFRAK-ID:** 1246-0013-013 til 32 **ASKELADDEN-ID:** 222181

**Skildring:** God tilgang på vatn, gode hamneforhold og gunstig lokalisering i leia la forholda til rette for industrireising i Knarrvika. På 1840-talet vart det i Knarrvika etablert ei mølle. Denne vart nedlagt etter brann i 1904, og i 1905 vart det starta ein liten sildeoljefabrikk. I 1920 var folketalet auka frå 21 menneske til 676. Knarrvika vart på kort tid utbygd til ein stor industristad med kunstgjødselfabrikk, ein større sildeoljefabrikk og eit hierarkisk bustadsystem med nærmare seksti hus med til saman over 200 husvære. Det vart også bygd ut servicefunksjonar som fjøs, eit større butikkbygg med fleire lokale, sjukestove, vassverk, offentleg bad, kino og skule. Storparten av bygningane som vart reiste mellom 1915 og 1922, vart teikna av arkitekt Einar Oscar Schou. Einaste unntaket var tretti arbeidarhus som vart leverte av Nordviken bruk på Hamar. Grunna dårlig lønnsemd vart produksjonen i verksemndene i Knarrvika lagt ned allereie i 1922. I åra mellom 1928 og 1935 vart ein stor del av bustadhusa selde for nedriving.

#### Verdivurdering: Svært høg

Den gamle industristaden i Knarrvika er eineståande i vårt område. Mange av bygga er haldne i god stand, medan andre er meir utsette for forfall. Fleire bygg har gått tapt dei seinare åra; butikkbygget, direktørbusenden i Mustadbakken og arbeiderbusenden Blåsenborg. Hordaland fylkeskommune har i desse samanhengane lagt vekt på at ein må sikra kulturminneverdiene, og at ein tek innover seg dei viktige lokale og regionale kulturminneverdiene knytt til denne industrihistoria. Kulturmiljøet er definert med omsynszone for kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

### Nr. 38 Brattholmen handels- og gjestgjevarstad (gnr. 42/170)



Brattholmen gjestgjevarstad, truleg i 1894. Fotoeigar: Fjell kommune.

**SEFRAK-ID:** 1246-011-001, 002 og 004 **ASKELADDEN-ID:** 236307

#### Skildring:

Det har truleg vore gjestgjevarstad og skysstasjon på Brattholmen frå tidleg på 1700-talet. I februar 1890 braut det ut brann i den gamle gjestgjevarstaden. Det store hovudhuset med landhandel, skjenkestove, stover og rom for overnattingsgjestar og bustad for famlien og tenarskapet, brann ned. Det noverande huset vart reist året etter og er ei tømmerbygning i typisk sveitserstil på høg gråsteinsmur. Huset er i dag raudmåla, med kvite dragehovud og med trappetårn i sørrenden. Huset har breitt profilerte listverk rundt dører og vindauge, utskorne sveitserornament og typiske rekkverk langs trappene. Taket har kraftige takutspring og er dekt med skiferheller. Huset har altan og veranda, drakar i gavlendane og vindauge med krysspost. I ein lengre periode var huset eigd av Bergen kommune, og det vart nytta til både skuledrift og feriekoloni. Sidan 80-talet har huset vore i privat eige, og det er halde i god stand. Til eigedomen høyrer også fleire større og mindre bygg, som tidlegare har fungert som mellom anna kjeglehall, hønsehus og badehus. Kaianlegg og sjøbu høyrer også til miljøet. På den opne plassen framfor huset er det reist ein bautastein frå nyare tid.

#### Verdivurdering: Svært høg

Bygningane er heilt utan sidestykke i vårt område, og dei er godt vedlikehaldne. Både i seg sjølv, og sett i samanheng med det omkringliggende miljøet er verneverdiene svært høg.

Nr. 39 Demningssystemet ved Halgjevatnet (gnr. 58/8)



Foto: Fjell kommune

SEFRAK-ID: -

**Skildring:**

Demninga ved Halgjevatnet er også blitt kalla «den kinesiske mur», fordi den er bygd opp av to parallelle steinmurar som er fylt med torvjord som tetningsstoff. På toppen dannar opninga mellom steinmurane ein kjerreveg. Den sørlege delen av demningssystemet er i to delar, kor kvar del er om lag 40 meter lang. Demningane er omkring 8 meter breie. Det var møllaren Anders Larsen som fekk bygd demninga for å få fram vatn til turbinane i mølla ved Kolltveit kai. Det mest krevjande prosjektet var oppdemminga av Halgjevatnet. Arbeidet varte frå 1896 til 1900. Det var svenske spesialistar som stod for arbeidet. Dei etablerte eit steinbrot like ved demninga, der dei nytta dynamitt. Målet var å få heva vatnet åtte og ein halv meter, slik at ein kunne få det til å renne nordover istadenfor ned i Fjellvassdraget.

**Verdivurdering: Svært høg**

I dag ligg dei enorme murane att som ein aldri så liten attraksjon for turgåarar på stiane, og formidlingspotensialet er stort. Dette er den einaste intakte av dei store demningane i vårt område, då hovuddemningane både i Skålvik og ved Storavatnet i Knarrvika er skada. For nokre år sidan vart det av Statens vegvesen, grunna oversvømming, sprengt eit hol i ein liten del av demninga for å sleppa ut vatn. Dette ramma området bør utbetraast.

Nr. 40 Midtmarka, kjerneområde for vassindustri (gnr. 33 og 58)



Steinbru mellom Storavatnet og Nordravatnet. Foto: Halvor Skurtveit


SEFRAK-ID:

**Skildring:**

I Midtmarka på Sotra, mellom Kolltveit i aust og Skålvik i vest, er det fleire kulturminne som skriv seg frå utnyttinga av vasskrafta i området. Det er mindre stemmer og større demningar i betong og naturstein, ferdselsårer, steinbruer med meir. Det er utarbeidd ein rapport over delar av området i samband med kulturminneplanarbeidet.

**Verdivurdering: Høg**


Samla sett utgjer kulturminna frå vassindustrien høg verdi. Desse kulturminna er under press, mellom anna i samband med bygginga av Sotrasambandet.



*Hummarparken på Sekkingstad. Foto: Berit Vik*



*Restane etter oppdrettsanlegget på Veløykjølpo. Foto: Gaute Losnegård.*



*Oppdrettsanlegget ved Flågøykjølpo. Foto: Gaute Losnegård*



*Anlegget på Oksen. Foto: Gaute Losnegård*



Landro kyrkje. Foto: Monica Hovland

## Samfunnsinstitusjonar

Enkelte bygg er viktige mellom anna for bruken og dei opplevingane folk knyter til bygget, og ikkje nødvendigvis berre arkitekturen eller utsjänaden. Kyrkjer er av dei eldste bygga som har særleg verdi, men og bedehus, skular, rådhus, forsamlingslokale og liknande bygg kan vera viktige symbol på makt, kultur og tradisjon i eit bygdesamfunn. Bedehus og forsamlingslokale kjem vi tilbake til i neste temaavsnitt som omhandlar organisasjonsliv og fritid. Når det gjeld dei offentlege bygga har desse oftaast ei meir markert utforming og plassering enn andre bygg. Ein kan på mange måtar seia at bygningsstrukturen speglar ein samfunnsstruktur. Men det tok ei stund før denne typen «spesialiserte» institusjonsbygg vaks fram. Fram til 1899, då Fjell rådhus på Straume stod ferdig, var kyrkjestaden Fjell gard administrasjonssenteret i Fjell. I tida før Fjell gamle skule vart bygd, og nytt til tinglokale, heldt politikarane møte der det var plass, som til dømes på prestegardar og handelsstadar. Etter krigen nyttja ein tyskarbrakker til å reisa eit nytt kommunehus, som opna i 1966. Framveksten av skulen som institusjon tok også si tid. Bortsett frå på Fjell gard var omgangsskulen einerådande i Fjell fram til den første skuestova vart bygd på Angeltveit på starten av 1870-talet. Av dei eldste skulebygga er det i dag berre Brattholmen (Snekkevik) skule som framleis står.

Gravstadane er også teke med i denne temabolken, då dei høyrer til rituale omkring kyrkja som institusjon. Fram til 1849 var Fjell kyrkjegard den einaste gravstaden i Fjell kommune. På grunn av koleraepidemien vinteren 1849 fekk Fjell to nye gravstader i Møvika og Bildøydalen. Sidan har det kome til fleire andre gravstader, først ut på Landro i 1901 i samband med bygginga av Landro kyrkje og sist ut nye gravstader ved Foldnes kyrkje.

Nr. 41 Fjell kyrkje (gnr. 57/3)



Foto: Fjell kommune

**ASKELADDEN-ID:** 84147

### Skildring:

Fjell kyrkje er ei langkyrkje i nygotisk stil, teikna av arkitekt (statskonsulent) Fritz von de Lippe og oppført av byggmeister Ole E. Syslak. Ho vart innvigd i 1874. Kyrkja er orientert med koret mot sør. I 1940 vart sakristiet utvida og i 1971-72 vart det reist eit stort tilbygg for kyrkjelydsal, som tverrfly til skipet si vestside, like nord for koret. Kyrkja har vore ein del ombygd, og vart seinast måla innvendig og utsmykka i 1960-70-åra av Lars Georg Lie. Glasmåleriet i korvindauga er laga i Storbritannia etter teikning av Odtmann fra Tyskland. Det er 700 sitteplassar i kyrkja, som vart listeført i 2001. Slike kyrkjer skal forvaltas i tråd med kyrkjerundskrivet (T-3/00). Saker som gjeld endringar i og ved desse kyrkjene skal sendast til Riksantikvaren før biskopen fattar vedtak etter kyrkjelova. Planarbeid eller tiltak innanfor ei 60-metersone kring kyrkja skal handsamast av fylkeskommunen.

### Verdivurdering: Svært høg

Kyrkja har vore eit sentralt midtpunkt i liva til folk i Fjell i lange tider, og kyrkjestaden i enno lengre tid. Området sør for kyrkja er ein automatisk freda kyrkjegard frå mellomalderen.

Nr. 42 Foldnes kyrkje (gnr. 36/227)



Foto: Kjell Andersland

**SEFRAK-ID:** -

**Skildring:**

Foldnes kyrkje er den sist oppførte av kyrkjene i Fjell. Kyrkja vart vigsla i 2001, og er teikna av arkitektane Kolbjørn Jensen og Hanne Kruse ved Signatur arkitektkontor. Det er ei moderne arbeidskyrkje som er tilrettelagt for dei ulike aktivitetane og arbeidsoppgåvene som finn stad i kyrkja. Utvendig er kyrkja halden i jordfargar, medan fargane inne er i kvitt og blått. Alterveggen er prega av eit stort kors i farga glas.

**Verdivurdering: Svært høg**

Dette bygget kan nok utan tvil seiast å vera eit av dei mest særprega, moderne bygga i kommunen. Den arkitektoniske utføringa når det gjeld form og farge er i ei klasse for seg sjølv. Grunna dei arkitektoniske kvalitetane er kyrkja sett til å ha svært høg verneverdi.

Nr. 43 Fjell prestegard (gnr. 58/1)



Foto: Kjell Andersland

**SEFRAK-ID:** 1246-016-078

**Skildring:**

Fjell prestegard vart bygd i 1849 for soknepresten i Fjell og Askøy sokn. I tunet står det i dag eit våningshus i to høgder med mansardtak, ei løe og eit tidlegare «vognhus» som er omgjort til garasje. For nokre år sidan vart den såkalla Borgstova i tunet riven. Det har tidlegare vore fleire mindre bygg i tunet.

**Verdivurdering: Høg**

På 80-talet sette Riksantikvaren i gang fredingsprosess av prestegarden, men dei avslutta prosessen i og med at dei meinte at såpass mange av dei autentiske detaljane var gått tapt (rivne bygg, endringar). Opplysningsvesenets fond står som eigar i dag, og har gjort ei eiga verdivurdering sett til høg. For Fjell kommune står prestegarden uansett i ei særstilling.

#### Nr. 44 Kolerakyrkjegarden på Møvika (gnr. 11/4)



Foto: Kjell Andersland

**SEFRAK-ID:** -

#### **Skildring:**

Under koleraepidemiane i 1848-49 døydde 75 personar i Fjell sokn. Etter pålegg frå staten reiste kommunen i 1849 kolerakyrkjegardar i utmarka på Møvika og i Bildøybakken. Gravstaden på Møvika vart nytta som gravstad for vestre Fjell fram til 1880. Gravstaden er omkransa av ein natursteinsmur med ein støyp på toppen. Muren har rasa ut eit par plassar, men er elles i god stand. Midt i står ein bautastein med innskrifta «Kolera kyrkjegard frå 1849». Ein granhekks omkransar gravstaden. Det er ingen gravminne å sjå i den djupe mosen.

#### **Verdivurdering: Høg**

Koleragravstaden i Møvika er viktig å ta vare på ikkje berre i eit lokalt perspektiv, då det i dag er svært få eksisterande koleragravstader i landet utanom Hordaland. Gravstaden er freda etter gravferdslova, men ikkje etter kulturminnelova.

#### Nr. 45 Kolerakyrkjegarden i Bildøybakken (gnr. 34/372, 480)



Foto: Halvor Skurtveit

**SEFRAK-ID:** -

#### **Skildring:**

Gravplassen i Bildøydalen er markert med ein minnestein med påskriften «Bildøydalen kyrkjegard koleraåret 1849/Gravstad for russefangar 1940–1945». Gravplassen er omkransa av ein tørrmur som er samanrasa fleire stader. På delar av muren er det lagt på ein tynn, armert støyp. Næringsbygg ligg tett inntil gravstaden i nordvest. Jamfør skildring under miljø 63 (minnesmerke i Bildøydalen).

#### **Verdivurdering: Høg**

Gravstaden omfattar både avlidne frå koleraepidemien og krigsfangane sin lagnad under 2. verdskrig. Dette er viktige hendingar ikkje berre i eit lokalt perspektiv.

Nr. 46 Fjell gamle skule (gnr. 58/18, 19)



Foto: Monica Hovland

SEFRAK-ID: 1246-016-012

#### Skildring:

Då Fjell gamle skule stod ferdig i 1897 var skulen i ei særstilling mellom dei nye skulebygga i kommunen. Dette var den største skulen, og bygninga skulle også tena andre føremål, mellom anna skulle kommunestyremøta haldast der. Ein periode var det også banklokale og fattigkasse i bygget.

Gymssalen vart påbygd i 1987.

#### Verdivurdering: Høg

Skulen er vurdert til å ha høg verneverdi, då den har vore eit av dei viktigaste bygga i Fjellbygda i lang tid. Skulen er i dag litt nedsliten, og det er viktig å koma fram til ein konklusjon som gjeld for vidare bruk av bygget.

Nr. 47 Brattholmen gamle skule (gnr. 42/3)



Illustrasjon: Kjell Andersland

SEFRAK-ID: 1246-011-010

#### Skildring:

Omgangsskulen var den rådande skuleforma i Fjell fram til ny skulelov i 1860. «Lov om almueskole på landet», fastskulelova, fastsette at kommunen skulle inndelast i skulekrinsar som ikkje skulle vera større enn at borna kunne søkja fast skule. I 1874 vart den første fastskulen reist på Angeltveit og i 1876 på Skoge og Snækkvik. Skulen i Snekkevika på Brattholmen er den einaste attståande av i alt tre liknande skulebygg frå denne perioden. Skulen var i drift fram til 1950-talet. Men skulen er vorten nytta til mellom anna sløydundervisning lenge etter at den faste drifta var over.

#### Verdivurdering: Svært høg

Dette er den eldste skulen i Fjell kommune, og den einaste i sitt slag. Det er nytta tømmer frå den gamle kyrkja på Fjell. I eit kommunestyremøte på 80-talet vart det gjort vedtak om at bygget skulle verta framtidig skolemusem. Tanken var å flytta det til Møvik, der kommunen hadde kjøpt tomt til eit bygdamuseum. Brattholmen skule er vurdert til å ha svært høg verneverdi, og ligg inne i tiltaksplanen. Ein må koma fram til ei løysing på kva som skal gjerast vidare med bygget.



Anlegget til Ran seilforening. Frå deira nettside

## Organisasjonsliv og fritid

Innunder denne temabolken hører kulturminne som er knytt til organisasjonsliv og fritidsaktivitetar, slik som forsamlingslokale og idrett. Framveksten av folkerørsler frå siste del av 1800-talet og utover på 1900-talet førte til bygging av forsamlingshus over heile landet. I Fjell har vi sjeldsynt forsamlingshus som er representert berre med eitt bygg i sitt slag, slik som losjehuset på Tellnes, samfunnshuset på Landro og ungdomshuset på Fjell. Derimot er det reist fleire bedehus i vårt område enn mange andre stader, i alt 23 stykke i perioden 1906 (Landro) til 1968 (Syltøy). Mange av bedehusa er påbygde eller ombygde, og nokre er rivne. Ein samla gjennomgang både av eksteriør og interiør i desse bygga bør prioriterast. Mange av utsmykningane/måleria i bedehusa er utførte av målaren Vilhelm Bjørknes.

Når det gjeld kulturminne frå fritidsaktivitetar som sport, finst det mellom anna karakteristiske konstruksjonar etter skyttarlagsaktivitet i ulike utmarksområde på Bjørøyna, Ågotnes og Kolltveit. Den fyrste skytebana på Kolltveit vart bygd i 1890. Sjøsporten kom på bana i vårt område med stiftinga av båtlaget «Ran» i 1894. Sommaren 1903 innvigde seglforeininga det sjølvbygde klubbhuset «Ranheim» i Anglavika. I år feira laget 125 års jubileum i eigne selskapslokale på anlegget som er utviklat til å verta eit moderne og innholdsrikt seglsportanlegg.

Utetter 1900-talet byrja familiar i byen i aukande grad å trekke på sommarferie til vårt område. Tidleg i hundreåret var det vanleg at byfolket leide seg inn på gardane, og desse «landliggjarane» utgjorde etter kvart ei viktig attåtnærering i somme grender. Den nemnde satsinga til Ran seilforening gjenspeglar ei generell rørsle i åra kring hundrårsskiftet, då ei rekke sports- og friluftslag og foreiningar bygde seg hytter. Utetter mellomkrigstida valde stadig fleire å byggja hytte i Anglavika, framfor å leiga husvære på gardsbruken. Det var likevel først i tiåra etter andre verdskriga at denne utviklinga skaut fart. Hyttene vart anten bygde på leigd grunn, eller dei kjøpte hyttetomter som dei skilde frå hovudbruket. Anglavika fekk dampskipsskai tidleg på 1930-talet, men rutebåtar har visstnok tidlegare stoppa ved Ranakaien som stod ferdig i 1928. Det kom ei stor utviding av hyttefeltet på 1950-talet. Eit av dei mest karakteristiske miljøa for fritidsbustader ligg like nord for Saltskohavnen (gnr. 38) nordaust på Litlesotra eit stykke aust for Anglavika. På Bjørøyna har det også blitt bygd mange fritidsbustader frå 1920-talet og utover.

## Nr. 48 Ungdomshuset Fjellheim (gnr. 57/8)



Foto: Halvor Skurtveit

**SEFRAK-ID:** 1246-016-056

### Skildring:

Det einaste «klassiske» ungdomshuset av sitt slag i Fjell kommune. Bygget vart reist i 1925 av Ungdomslaget Strilen. I 2015 vart det overteke av Fjell grendalag. Interiøret i sjølve hovudsalen er godt bevart. Det kom til påbygg i sør og vest i 1973-74. Bygget har vore nytta til så mangt. Til ulike lagsaktivitetar, festar og jubileum. I ein periode fungerte delar av ungdomshuset som bibliotek, og under krigen nytta tyskarane bygget til depot.

Bygninga har 1 ½ etasje og heilvalma tak, med hoggen skifer.

### Verdivurdering: Høg

Det er halde i god stand, og trass i endringar er det som det einaste ungdomshuset i Fjell vurdert til å ha høg verneverdi.



Grendahuset på Spjeld. Foto: Kjell Andersland

Bygget stod til litt utpå 1950-talet på Laksevåg. Det fungerte som menighetshus til St. Markus kyrkje. Bygget fungerer i dag som grendahus, og er eigd av Spjeld Grendalag.

Nr. 49 Ekerhovd bedehus (gnr. 47/14)



Foto: Kjell Andersland

SEFRAK-ID: -

#### Skildring:

Ekerhovd bedehus vart bygd i 1914, og er såleis eit av dei eldste av dei totalt 23 bedehusa som har eksistert i kommunen i si tid. I 100-årsjubileumsheftet utgitt i 2014 vert det vist til at bedehusa var enkle av økonomiske grunnar. Når det gjaldt utsmykning så var hovudkravet at det skulle leia tankane mot Guds ord og evangeliet. Det skulle gje noko å tenkja på. Opprinneleg var Ekerhovd bedehus 88 kvadratmeter innvendig. Bygget bestod av møtesal med galleri, kjøken, gang og eit tilbygg frå 1970 på 30 kvadratmeter med garderobe og toalett. Kjellaretasjen kan også nyttast til møteverksemeld. Ekerhovd bedehus har eit maleri på frontveggen som er måla av Vilhelm Bjørknes i 1962. Det er gjort nokre endringar i inventaret, mellom anna er trebenkar skifta ut med stolar og ny altarstol kom til på 50-talet.

#### Verdivurdering: Høg

Bedehusa i kommunen er under press, då mange er rivne eller vert nyttta på annan måte. Ekerhovd bedehus er godt bevart, og trass i nokre endringar har det høg verdi som eit av dei eldste bedehusa i kommunen. Det blir i desse dagar gjennomført dugnad på Ekerhovd bedehus, kor skiferhelletaket blir utskifta. Ein gjennomgang av alle bedehusa i kommunen bør prioriterast.

Nr. 50 Landro samfunnshus (gnr. 24/98)



Foto: Fjell kommune

SEFRAK-ID: -

#### Skildring:

Samfunnshuset A/L på Landro er eigd og vert drifta av grendalaga Landro, Vindenes, Angeltveit, Polleide, Misje, Ågotnes og Solsvika. Landro samfunnshus vart opna i 1959. Det var svært moderne for si tid. Samfunnshuset var kontroversielt i bygda, både før og etter at det vart bygd. Huset har blitt pussa opp dei siste åra, og vert leidt ut til arrangement og andre aktivitetar.

#### Verdivurdering: høg

Trass i at det er utført stor grad av modernisering av bygget, er verneverdien vurdert til å vera høg grunna den kulturhistoriske verdien for Fjellsamfunnet. Dette er det einaste samfunnshuset i Fjell.



Båtar fra samlinga i Knarrevikløa. Foto: Halvor Skurtveit



Kanontårnet ved Fjell festning. Foto: Fjell kommune

## Museum og private samlingar

I Fjell kommune finst det fleire privatpersonar som samlar på gjenstandar eller andre minne frå tidlegare tider i form av foto, intervjuemateriale og liknande. Slike samlingar er viktige ressursar i dei ulike forteljingane frå kulturhistoria i vårt område. Nokre samlingar er meir formaliserte enn andre, og det er fire slike som her er definerte til å ha høg verneverdi. Fjell festning er skildra under tema-bolken krigsminne og forsvar.

## Nr. 51 Misje bygdemuseum (gnr. 59/23 )



Foto: Fjell kommune

**SEFRAK-ID:** -

### Skildring:

Misje Museum vart stifta i 1998, og er eigd av Misje bygdelag. Bygningen vart først reist på Follesø på Askøy kring 1900, og flytta med eigaren til Misje i 1907. I 1998 vart huset flytta til skuletomta på Misje og innreidd til museum. Bygget vart tilbakeført til anno 1910 og innreidd for å formidla ulike sider av daglelivet i perioden.

### Verdivurdering: Høg

Det typiske vestlandshuset frå førre århundreskifte er velhalde og inneheld samlingar som viser til viktige sider av kulturhistoria på Misje.

Nr. 52 Knarrevikløa (gnr.40/4)



Illustrasjon: Kjell Andersland

SEFRAK-ID: 1246-013-003

**Skildring:**

Knarrevikløa er teikna av arkitekten Einar Oscar Schou til reisinga av industristaden i 1916-17. Bygget fungerte som løe/fjøs fram til 1922, då bedrifta gjekk konkurs. Fram til omkring 1960 fungerte bygget som lager og i ein periode frå 1959 – 1975 var det yrkesskule i løa. I dei seinare åra har Stiftinga Knarrevikløa teke seg av vedlikehald av løa, i samråd med eigar Omya Hustadmarmor AS (tidlegare Norwegian Talc AS), mot at ein har fått nyitta bygget. Fjell kulturminnelag har ei stor samling av gjenstandar. Større objekt som båtar, er lagra i loftsetasjen i bygget. Kulturminnelaget arbeider med å få til ei utstilling av desse objekta i kjellarlokala i bygget.

**Verdivurdering: Høg**

Stiftinga Knarrevikløa har gjennom fleire år utført vedlikehaldsarbeid i løa, som i seg sjølv har høg verneverdi. Dei kulturhistoriske samlingane vil vera eit viktig supplement til noverande bruk av bygget. Det vil ikkje minst opne opp for at besökande kan få ny innsikt - også om den tidlegare industristaden, som jo er heilt særmerkt i vårt område.

Nr. 53 Giertsennausta (gnr. 27/150)



Foto: Odd-Bjarne Solsvik

SEFRAK-ID: 1246-020-025

**Skildring:**

Giertsennausta (tidlegare Gjersingnaustet) vart reist i 1903 på Ågotnes av firmaet Giertsen & Co, som dreiv notbruk der. I dag er bygget nytt av Fjell kystlag. Då Coast Center Base KS, Kystbasen Ågotnes, overtok området med Giertsennausta, så vart det i samråd med Fjell kommune bestemt å bruka nausta til kulturelle aktivitetar. Torgdagsnemnda i Fjell vart oppnemnd i 1979, og tok til å samla utstyr og båtar som dei brukte under torgdagen i Bergen. Båtane og utstyret vart sette i stand og teke vare på i Giertsennausetet. Fjell kystlag vart skipa i 1984 av folk som ynskte å bidra i arbeidet. Fjell kystlag har ikkje berre ei samling av båtar i naustet, men driv aktivt vedlikehald av desse og bygningsmassen. Giertsennausta er to samanbygde naust i 2 etasjer, med loftsrrom over det eine. Giertsennausta representerer i seg sjølv ein viktig del av kulturhistoria i Ågotnesområdet, med all aktiviteten som notbøteriet og lokala har romma til utover 60-talet.

**Verdivurdering: Høg**

Historia som er knytt til Giertsennausta er i seg sjølv interessant. Saman med det nye innhaldet som er kome til i bygga med Fjell kystlag sin aktivitet, gjer dette at kulturmiljøet har høg verneverdi. Kontrasten til CCB-basen, som omkransar naustet i nord, vest og aust, framhevar også kor viktig det er å ta vare på spora frå perioden før den nye næringsaktiviteten i området.



Foto: Kjell Andersland


**SEFRAK-ID:** 1246-004-020

**Skildring:**

I lokala til den tidlegare landhandelen på Storasundet finn ein i dag eit museum i privat eige: N.O.P. Storesund Landhandel. Museet inneheld mellom anna ein velhalden presentasjon av landhandleriet, postkontoret, og båtmotorar og mange slags kuriositetar. Det vert drive av Egil Storesund. Landhandelen vart opprinneleg bygd i 1920, med fleire seinare påbygg.

**Verdivurdering: Høg**

Samlinga er særskilt verdfull for opplevings- og kunnskapsverdien omkring kulturmiljøet i Storasundet, og også i ein større, kulturhistorisk samanheng.



Flatholmen ved Storasundet. Foto: Kjell Andersland



Utsyn frå hustuft til det einaste attst  ande v  ningshuset p   L  no. Foto. Berit Vik

## Kulturlandskap

Kulturlandskap er landskap som i st  re eller mindre grad er p  verka av menneske. Nemninga vert brukt n  r det blir fokusert p   den menneskelege p  verknaden av landskapet, og s  rleg ofte om landskap knytt til jordbruket. Moderniseringa og nedleggingar innanfor jordbruket, og byggepresset fr   1970-talet og oppover, har f  r til stort press p   det tradisjonelle kulturlandskapet i Fjell. Den kulturlandskapstypen det framleis finst mykje igjen av i Fjell er kystlyngheia. Denne skriv seg fr   ein fleire tusen ?r gammal tradisjon med brenning av lyng for ? skapa godt beitegrunnlag, og er del av eit st  rre kystlyngheimr  de som finst langs Atlanterhavskysten heilt s  r til Portugal. Mykje av lyngheia i Fjell er i dag er generelt i d  rleg tilstand med grovvaksen r  sslyng som ikkje eignar seg til beite.

I samband med utarbeidingsa av kommuneplanen sin arealdel vart det laga ei overordna landskapsanalyse. Der vart det presisert at Fjell har eit s  rbart landskap, med mange skarpe terrenghformer og opne heilandskap. Dette st  r i kontrast til avgrensna jordbruksgrender og skjerma sprekkedalar med meir frodig vegetasjon. Det vart understreka at f  resegner knytt til estetikk og landskaps- og terrengtillpassing skal bidra til at ny utbygging innordnar seg i landskapet for ? ta vare p   Fjell sin identitet. Dei tre kulturlandskapa som blir presenterte er alle knytt til gards- og jordbruket.

## Nr. 55 St  l p   Kallestad (gnr.2/5, 6, 9)



Foto: Halvor Skurtveit

**SEFRAK-ID:** -

### Skildring:

St  len vart nytta av fleire bruk p   Kallestad, til mj  king av storfe og sau d   desse beita i utmarka. Det er usikkert kor gamal st  len p   Kallestad er, men sj  lve bruken av utmarka kan vera like gammal som den faste busetjinga. Området framst  r i dag i ulike fargar. Innanfor steingarden, i innmarka, er det restar etter gr  n sl  tte- og beiteeng. I utmarka utanfor steingarden er det kulturbete. Det er gr  nast n  rast steingarden der dyra har opphalde seg mest. Midt i steingarden er det plassert ein steinmurt skjenefflor. Skjenefflorar stod typisk i utmarka eller, som her, i grensa mellom inn- og utmark.

### Verdivurdering: H  g

St  len representerer eit sjeldant og sv  rt karakteristisk kulturlandskap, som p   ein tydeleg m  te viser tilbake til bruken av området. Opplevingsverdien i det ur  rte området er stor.

**Nr. 56 Morland – kulturlandskap med fleire kulturminne frå nyare tid (gnr. 32/1, 3, 16)***Foto: Halvor Skurtveit***SEFRAK-ID:** -**Skildring:**

I eit større område som berører fleire gardsbruk er det ei heil rekke kulturminne frå nyare tid i form av Stein- og bakkegardar, rydningar, klopper og oppmura bekkeløp. Gjennom området går eit parti av den gamle kyrkjevegen frå Morland til Fjell.

**Verdivurdering: Høg**

Området er framleis i god hevd. Kulturlandskapet ligg i eit vakkert, kupert naturlandskap med blandingskog. Det oppmura bekkeløpet som går langs kyrkjevegen er i seg sjølv eit viktig kulturminne.

**Nr. 57 Misje - slått og beiteeng med oppmuringar og steingardar (gnr. 59/5, 134)***Foto: Berit Vik***SEFRAK-ID:****Skildring:**

Kulturlandskapet er lokalisert nordaust på Misje, i bakkane vest for gardstunet. Kulturlandskapet inneheld slått- og beiteeng med rydningar og fine Stein- og bakkegardar i eit kupert terrenn. Nokre av steingardane representerer handverk av høg klasse.

**Verdivurdering: Høg**

For nokre år tilbake vart grunneigaren nominert til Anton Mindes ærespris, der krava mellom anna er at kandidaten må drive garden på ein framifrå måte, ha eit godt dyrehald og velstelt areal med orden i tun og bygningar. Området ber preg av svært god skjøtsel av kulturlandskapet, noko som er sjeldsynt i Fjell i dag, då få bruk framleis er i drift.



Utsyn til CCB-basen frå naustmiljø i Mathopen. Foto: Kjell Andersland



Støttepunkt Geitanger, Fjell fort. Foto: Fjell kommune

## Krigsminne og forsvar

Det tyske anleggsmaskineriet som rulla innover vårt område under 2. verdskrig, sette sitt preg på landskapet i større grad enn noko anna inngrep. Forsvaret av Bergen hamn og den viktige ubåtbasen på Laksevåg vart høgt prioriterte av dei tyske okkupasjonsstyretnadene. Difor vart det avgjort at skytset frå slagkryssaren «Gneisenau» skulle sendast nordover og brukast i eit landbasert kanonbatteri ved Bergen. Fjell festning er det største festningsanlegget som vart bygd i Norge under 2. verdskrig, i åra 1942 – 45 på høgdeplatået Fjedlafjedle over Fjell gard. Fjedlafjedle blei omgjort til ei festning i forsvaret av Bergen, med fleire støttepunkt i form av ytre nærforsvarsområde – «Festung Vorfeld Fjell» - på Nese, Møvik, Geitanger, Bildøybakken, Knarrvika og andre stader. Festninga hadde status som eit av dei sterkeste forsvarsanlegga for den tyske okkupasjonsmakta i Nord-Europa, og var del av Atlanterhavsvollen og «Festung Europa». Det vart også sett opp vakthytter ulike stader, mellom anna ved Turøyvarden og på Hestholmen ved Bjørøyna.

Det er krigsminna frå siste verdskrig som pregar landskapet i Fjell. Men vi har også kulturminne som viser tilbake til forsvarsverk som kan skriva seg langt tilbake i fortida, nemleg vetane. Hjeltavarden på Spjeldsfjellet har vore viktig i forsvarssystemet her ute, saman med fleire andre veter som på Turøyna og Førdesveten i Sund.

Nr. 58 Fjell festningsområde med tilførslevegar, fangeleiarar m.m. (gnr. 56/fleire )




Foto: Kjell Andersland

**ASKELADDEN-ID:** 212530

**Skildring:** Fjell festning er eit av åtte svært tunge fjernkampbatteri (hovudskyts over 280 mm) som vart etablerte i Norge i løpet av 2. verdskrig. Samanlikna med tilsvarende forsvarsanlegg i Norge er det den høge graden av utsprengde tunnelar til vern av viktig infrastruktur som særmerkar Fjell festning. Den underjordiske delen har ei rekke unike bygningsdetaljar som tydeleg vitnar om stilretning på 1930-talet innan arkitekturen. Vidare er heilskapen i festninga lett å lese om ein går gjennom dei underjordiske gangane. Denne delen vart vedtaksfreda i 2004. Til forsvar av hovedskytset vart det bygd ut eit omfattande nærforsvar. Bevaringsgraden av dette nærforsvarsystemet er og høg. Mange av dei om lag 20 bunkerane er sjeldsynte i ein europeisk kontekst. Inngangen til den freda delen av anlegget går gjennom ein glaskuppel som dekker brønnen der hovedskytset ein gang stod. Sotra og Øygarden forsvarsforening arbeida målretta for å verne det gamle militære anlegget gjennom 1990-talet. Frå 2008 har Museum Vest hatt ansvaret for formidlinga og forvaltinga av det freda kulturminnet.

**Verdivurdering: Svært høg**

Fjell festning er eit viktig krigsminne i internasjonal målestokk. Store delar av anlegget er i svært god stand. Museum Vest ser det som teneleg at eit større område på 67 dekar med ei rekke sjeldsynte bunkerar vert freda. Dette området tilsvrar det arealet Stiftinga Fjell festning har ansvaret for. Vidare ønsker Museum Vest at vegen opp mot det indre festningsområdet, krigsfangeleirane og det som finst av brakker i nær tilknyting til festninga vert del av ei militærhistorisk omsynssone. Hordaland fylkeskommune påpeikar at Fjell festning bør leggjast i ei større omsynssone for bevaring av kulturmiljø og prioriterast i samband med arealplan for nye Øygarden kommune.

## Nr. 59 Støttepunkt Nese, Fjell fort (gnr. 6/fleire)



Foto: Lennart Fjell


**ASKELADDEN-ID:** 221302

### Skildring:

Støttepunktet på Nese vart utbygd våren 1943, som ein del av det ytre nærforsvarområdet for Fjell fort, som fekk fellesnemninga «Festung Vorfeld Fjell». Krigsminna på Nese består av meir enn 15 objekt, innanfor eit område på omkring 300 x 900 meter. Ved Nese kai ligg ein liten kampbunker i betong, med tre skyteskår. Bunkeren er i relativt god stand. Dei resterande objekta finn ein ved Husavarden, som kan nāast ved å følge stiar mot NV frå busshaldeplassen (vegen sin ende). Hovudmengda av objekta på Nese er feltmessige stillingar, tørrmurt i naturstein.

### Verdivurdering: Høg

Det er vurdert som viktig å ta vare på nokre av støttepunktene i «Festung Vorfeld Fjell». Nese er støttepunktet med flest krigsminne, og kan danne eit godt utgangspunkt for formidling.



Særeigen inngangsportal ved Fjell festning. Foto: Halvor Skurtveit



*Liten bauta reist på Løno - til minne om eit forlis? Foto: Berit Vik*



*Langøy kystgard er valt til Fjell kommune sin tusenårsstad. Foto: Kjell Andersland*

## **Minnesmerke og monument**

Det er fleire minnesmerke og monument i Fjell, av ulik kategori, som er reiste på bakgrunn av både privat og offentleg initiativ. Døme er plaketten ved tusenårsstaden på Langøyna, eldreårsmonumentet på Bjørøyna, og merket ved brufestet til Sotrabrua som vart sett opp ved opninga av denne i 1971. Alle desse nemnde minnesmerka har i større grad eit positivt skjær over seg enn mange andre minnesmerke etter tragiske hendingar, som til dømes tap gjennom krig og ulukker eller andre katastrofar. Ein annan kategori minnesmerke er dei som er reiste til minne om enkeltpersonar som på ein eller annan måte har sett spor etter seg i samfunnet. Ved Bu- og servicesenteret på Straume er det reist ei minnestøtte over den respekterte legen Arnljot Gjelstein. Utvalet av monument som er vurderte til å ha høg verneverdi, baserer seg mellom anna på hendingane dei representerer, alder og lokalisering.



*Plakett over tusenårsstaden. Foto: Kjell Andersland*

## Nr. 60 Bauta 1 Brattholmen (gnr. 42/171)



Foto: Halvor Skurtveit

ASKELADDEN-ID: 6305

**Skildring:** Bautaen står i Maimyra på høgre sida av veggen når ein kører ned mot Brattholmen, eit stykke før avkjøringa til Snekkevika/Ebbesvika. I Per Fett (Førhistoriske minne i Midhordland) si oversikt for Fjell står følgjande: «Bautasteinen står i ein sprekk i den vestre av knausane V for den nye skolen, 150 m VSV for denne. Han er 2 m høg, 50 cm brei og 20 cm tjukk, står med breisidene mot O og V. På austsida står innhogd: 1805 og monogrammet HDL (Eller HLD).» Hans Endreson Dahle var eigar av Brattholmen frå 1787 til 1826, og det er sannsynleg at det er initialane hans som er rissa inn dersom ein går for den siste tolkingsvarianten av monogrammet og at E'en er sliten ned. Eit stykke aust for bautaen skal fleire krigsfangar ha vorte avretta etter 2. verdskrig.

### Verdivurdering: Høg

I Strilesoga er bautasteinen teken med i eit kart over bautaer frå førhistorisk tid eller tidleg mellomalder. I Askeladden er den oppført som arkeologisk minne. Øystein Geber har derimot ikkje teke den med i si oversikt over førhistoriske minne i bygdeboka Band I. Bautaen kan vera reist før 1805, men den er mest sannsynleg ikkje førhistorisk. Førhistorisk eller ikkje, som ein av to bautaer i kommunen, har den høg verdi. I Maimyra er ein i ferd med å utarbeide ein reguleringsplan for bustadblokker. Der har ein teke omsyn til bautaen, som vert liggande i eit grøntareal.

## Nr. 61 Bauta 2 Brattholmen (gnr. 42/170)



Foto: Halvor Skurtveit

### Skildring:

Bautaen står framfor hovudhuset til den gamle gjestgjevar- og handelstaden i Brattholmen. Ei flaggstang er bolta fast til bautaen, og det er beplantning rund denne. Innskrifta på steinen er «Oppreist 1802 i Brattholmen».

### Verdivurdering: Høg

Som ein av to bautasteinar i Fjell har denne høg verneverdi, også grunna si lokalisering i eit av dei viktigaste kulturmiljøa i Fjell.

#### Nr. 62 Minnestøtte over falne i 2. verdskrig, Fjell kyrkje (gnr. 57/3)



Foto: Vigleik Brekke

SEFRAK-ID: -

#### Skildring:

I alt 18 personar heimehøyrande i Fjell måtte bøte med livet under 2. verdskrig. Dei døyde under ulike omstende, 17 menn og ei kvinne. Dei fleste i starten av 20- åra og den eldste i ein alder av berre 44 år. På sokkelen til minnestøtta står følgjande inskripsjon: Truskap til døden.

#### Verdivurdering: Høg

Det er viktig å minnast dette kapittelet av vår historie, i respekt for dei som vart ramma og i håp om at noko liknande ikkje skal gjenta seg.

#### Nr. 63 Minnestøtte over koleraavlidne og krigsfangar i Bildøybakken (gnr. 34/372)



Foto: Kjell Andersland

SEFRAK-ID: -

#### Skildring:

På minnestøtta står følgjande: «Bildøydalen kyrkjegard – Koleraåret 1849 – Gravstad for russarfangar 1940-45.» Under koleraepidemiane i 1848-49 døydde 75 personar i Fjell sokn. Etter pålegg frå staten reiste kommunen i 1849 kolerakyrkjegardar i utmarka på Møvik og i Bildøybakken. I Olav Kobbelteit si bok «Fjell festning i krig og fred» kjem det fram at ein kan dokumentera at 24 krigsfangar døydde under opphaldet i Fjell under 2. verdskrig. Det vart funne 25 lik då gravene vart opna i Bildøybakken, og dette kan truleg forklarast med at ein av fangane vart skoten på Ramsøy og gravlagd her fordi han hadde ein bror i leiren i Sjubotn. Som nemnt under katalogpunkt nr 64, så er nemninga «russarfange» litt upresis.

#### Verdivurdering: Høg

Koleraepidemien og fangehaldet under 2. verdskrig representerer to markante historiske hendingar både lokalt og internasjonalt. Det er viktig at dei 100 personane som til saman er dokumentert gravlagd etter desse hendingane her i Fjell, vert synleggjort gjennom ei slik støtte. Såleis trer historia nærmare.

## Nr. 64 Minnestein over krigsfangar ved Fjell festning (gnr. 56/57)



Foto: Monica Hovland

SEFRAK-ID: -

**Skildring:** 50 år etter Norge si frigjering fra Tyskland 8. mai 1945, reiste Fjell kommune ei støtte til minne om krigsfangane som bygde Fjell festning i krigsåra 1942-45. Tyskarane nyttar nemninga «russarfangar» om alle fangar som vart tekne i Sovjetunionen. Denne nemninga festa seg også blant folk i Norge. Det var nok også flest russarar – altså frå Russland – som var i Norge, men det var også ein del frå Ukraina og frå Kviterussland. Fordelinga har vi ikkje eksakt, men alle høyrd heime i det som då heitte Sovjetunionen. Ein reknar med at om lag 2000 krigsfangar – fordelt på fleire kontingent - kom til Fjell.

### Verdivurdering: Høg

Det er særsviktig å minnast historia til alle fangane som lei, og derav nokre som mista livet, under 2. verdskrig i Norge. Desse historiene har inntil seinare tid blitt gløymde, eller nedprioriterte, i forteljingane om krigen.

## Nr. 65 Minnestein over omkomne fiskarar frå Turøyna (gnr. 60/



Foto: Kjell Andersland

SEFRAK-ID: -

**Skildring:** Ved bedehuset på Turøyna er det reist ei minnestøtte over døde frå fire ulukker og forlis på sjøen, i perioden 1919 til 1944. I 1919 omkom to fiskarar på seifiske og i 1920 omkom fire fiskarar under forsøk på å få ei mine på land. Den mest omtalte ulukka er nok den i 1929, då motorbåten «Kandisen» gjekk ned med fire mann. Dei etterlet seg koner og 16 barn. Det vart gjennom BT oppmoda om å hjelpe dei etterlatne i ein vanskeleg kvardag. Den fjerde større ulukka som ramma folk på Turøyna, skjedde i 1944. Då døydde far og tre søner under fiske av palemort ved Sandøybåen. Som Tore Turøy påpeikar i bygdeboka for Turøyna, så har det vore fleire ulukker og forlis der folk frå Turøyna er omkomne, både før og etter desse fire ulukkene.

### Verdivurdering: Høg

Denne støtta er eit minne over fire spesifikke ulukker, men symboliserer også nokre meir enn desse tragiske tapa som prega lokalsamfunnet Turøyna over ein periode på 25 år. Støtta minner oss om kor krevjande og utrygt fiskarlivet har vore, og om alle dei som har mista livet under fiske opp gjennom tidene.



Naust ved Hissøyna. Foto: Monica Hovland

## Andre kulturmiljø

Innunder denne samlekategorien hører samansette og særegne kulturmiljø, som ikkje passar heilt inn under dei andre kategoriene. Tre av miljøa ligg langt vest i havet, og eitt ved eit av dei beste jordbruksområda på Fjell gard.

## Nr. 66 Keilo på Hissøyna – Sanden med naust- og gardsmiljø (gnr. 13/fleire)



Foto: Fjell kommune

**SEFRAK-ID:** 1246/4/88/95

### Skildring:

Hissøyna ligg vest for Syltøyna på Sotra, heilt sørvest i Fjell kommune. Berre Løno ligg lenger vest. Busetnaden og matjorda er i hovudsak samla langs ein akse frå Keilo i nord til Kylderen i søraust. Det eldste naustmiljøet ligg i Keilo, som skjer seg inn som ei smal kløft i klippe landskapet frå nord der det er hogd ut ein «kanal» for å ha betre passasje inn til den store fjøra; Sanden. Fjæra er omkransa av naust og båt. I naustmiljøet er det mellom anna tufter etter eit ishus. Keilo fraus ofte til, og om vinteren skar dei store isblokkene som seinare skulle brukast til ising av fisk, i første rekke lask. I dag eig Bergen og Omland Friluftsråd bruk nummer 3 og 4.

### Verdivurdering: Svært høg

Miljøet er heilt særmerkt mellom anna når det gjeld lokaliseringa til havs og når det gjeld formidlingspotensialet for staden. I og med at Bergen og Omland friluftsråd eig to av brukna i dette miljøet, så opnar det opp for at kulturhistoria vert tilgjengeleg for besøkande på ein unik måte. Våningshuset på bruk 4 har gjennomgått ei svært vellukka restaurering.

**Nr. 67 Løno – naustbukt og eide med konstruksjonar i steinur, tufter og våningshus  
(gnr. 14/10, 11, 13 og 28)**



Foto: Berit Vik

**SEFRAK-ID:** 1246\_005-088 og 093

**Skildring:**

Løno er den ytste utposten mot havet i Fjell kommune, lokalisert om lag ei sjømil vest av Lokøyna. Øya er frå naturen si side nesten delt i to. Lønevågen skjer seg djupt inn frå sør, og nordover mot vågen Sandkeilo i nord. Mellom vågane strekk det seg eit lave eid. Dette partiet danner ei ypparleg lon; ein stad der det er smult vatn på grunn av at det ligg verna mot det opne havet. På dette eidet er det funne ei skaftholks frå steinalderen. Det er ei stor istorisk avsetning av Stein ved eidet, kor ein ser tydelege spor etter bruk i form av eit vegfar og ulike oppmuringar. Dei første som slo seg ned på Løno i nyare tid kom dit på midten av 1840-talet. På det meste budde det omkring 50 menneske på Løno, fordelt på seks gardsbruk. Husa låg spreidd utover heile øya. Men no står det berre tuftene igjen etter bygga, med unntak av våningshuset på austsida som Bergen og Omland friluftsråd eig.

**Verdivurdering: Høg**

Løno er ein heilt særeigen stad, lokalisert langt ut mot havet i vest og med tuftene som er spreidd rundt omkring i det gamle, rydda kulturlandskapet. Ein har god dokumentasjon når det gjeld busetnaden på øya, og alt ligg til rette for god formidling av denne for besökande.

**Nr. 68 Torvhusmiljø på Fjedlafjedle (gnr. 56/3,4,7)**



Foto: Lennart Fjell

**SEFRAK-ID:**

**Skildring:**

I bakkane aust for Fjell sentrum finst det eit karakteristisk utmarksmiljø. Der er det mange steinmurte torvhus, utløer, trapper, steingardar og andre konstruksjonar som viser til stor utnytting av området. Det dreier seg om fleire bygg, som er svært særprega.

**Verdivurdering: Høg**

Eit sjeldsynt miljø, med mange steinkonstruksjonar og bygg, som strekk seg over eit forholdsvis stort område.



Foto: Berit Vik

**SEFRAK-ID:** -

**Skildring:** Duøyna er ei mindre øy, som er lokalisert aust for Hissøyna. I Skatevikje ligg eit forholdsvis stort og moderne sjøhus der delar av blikkpanelet på austre vegg er i ferd med å blåse av. Naustet er sett opp ein del år etter siste krig på ein stad der det tidlegare stod eit eldre, tømra naust. På knausane som omkransar vika, står det tre firkanta kar som er støypte av betong. Kara vart nytta til preparering av fiskereiskapar med blåstein (kobbarsulfat). Ein metode som var vanleg i ein overgangsperiode etter at den gamle måten med å barke nøter med avkok av bjørkebark gradvis vart mindre brukt. Vel 20 meter nord for sjøhuset finn ein tufta etter ei lita bygning. Det er to viker nedanfor tufta, som begge har eigna seg til å koma i land med færing eller seksæring.  
(Kjelde: Hans Kristian Bukholm)

**Verdivurdering: Høg**

Ein interessant og særprega lokalitet som viser tilbake til ressursutnyttinga som gjekk føre seg i mang ei vik og bukt i vårt område. Det er også fortøyningsboltar i nærleiken. I bukta er ei lita, trebygd overnattingsbu sett opp, som ledd i prosjektet «Null meter over havet». Bua tilbyr gratis overnatting til båtfarande, og skal kunne fjernast utan at ho set spor etter seg. Det særegne kulturmiljøet vert såleis tilgjengeleggjort på ein god måte. Det bygger opp under opplevings- og bruksverdien av området.



Smie på Landro. Illustrasjon: Kjell Andersland



Foto: Halvor Skurtveit

På Landro ligg ei stavbygd loe og som representerer ein tusen år gammal bygningstradisjon kring Nordsjø-bassenget. Ho vart restaurert for ti år sidan. Det vert sagt at ein av bjelkane skal vere mange hundre år gammal.

## Prioriterete kulturmiljø - tillegg etter høyring

I løpet av høyringsperioden kom det innspel på kulturmiljø som burde prioriterast i denne kulturminneplanen. I kommunestyret vart det vedteke å ta inn desse tre kulturmiljøa i planen:

- Den gamle ferdelsvegen frå Morland til Fjell kyrkje
- Den gamle ferdelsvegen frå Bildøyna til Fjell kyrkje og vidare til Tellnes
- Standplass og tilhøyrande skyttargrav på søre Kolltveit

Desse kulturmiljøa kjem som tillegg i planen med nummerering frå 70 til 72. To av miljøa går innunder temaet kommunikasjon og samferdsle, og eitt av miljøa innunder temaet organisasjonsliv og fritid. Alle miljøa er vurderte til å ha høg verneverdi.



Foto: Kjell Andersland

**SEFRAK-ID:** -


### Skildring:

Den gamle stien mellom Fjell og Morland er nok i hovudsak nytt av folk som skulle til og frå Fjell kyrkje, som etter alt å døma har vore kyrkjested gjennom 700 år. Stien har også vore nytt som skuleveg og til andre ærend mellom bygdene. Her har folk slitt i tresko med tunge kiper. Børnene på den gamle stien har for nokre vore særstunge. Bruk av robåtar på vassvegane i området har vore med på å letta desse tunge børnene. Dei vart brukte til transport av varer, husdyr og folk. Kyrkjevegen er i dag ein mykje nytt tursti.

### Verdivurdering: Høg

Turstien går nær fleire vatn i eit vakkert naturområde med skog, lyng og fjellknusar. I starten og slutten av strekket er det fint opparbeidd kulturlandskap med steingardar og rydningar. Kyrkjevegen Morland – Fjell har vore ei av dei viktigaste ferdelsårene for folk i Fjell, og er framleis ein godt tenleg sti.

## Nr. 71 Den gamle ferdsselsvegen frå Bildøyna til Fjell kyrkje og vidare til Tellnes (gnr. fleire)



SEFRAK-ID: -

### Skildring:

På folkemunne heitte denne vegen frå gammalt av «den gamle Korsveg», eller Krossvegen. Nemninga går igjen i Krossleitet og Krossleittjørna på søre Fjell, og i sørvest har ein «Kyrkjestegen». Dette viser at ferdsselsvegen særleg korresponderar med kyrkjesteden Fjell. Det var denne vegen ein brukte når ein skulle til kyrkja. Partiet av ferdsselsvegen, som er avmerka over, er prega av oppmuringar, nokre plassar i svært bratt stigning. For å få eit nøyaktig bilet av vegen og tilstanden i dag, med tilhøyrande kulturminne, må denne registrerast.

### Verdivurdering: Høg

Fjell gard er det tidlege, kulturhistoriske sentrumet i Fjell kommune. Lokaliseringa i godt jordbrukslandskap og med lett tilkomst både frå sjø- og landsida, gjer at dette har vore eit attraktivt område for tidleg busettad, og ei naturleg lokalisering for ein kyrkjested i middelalderen. Ferdsselsvegen har vore ei hovudfartsåre til og frå kyrkja, og andre viktige ærend i området.

## Nr. 72 Standplass med tilhøyrande skyttargrav på søre Kollvteit (gnr. 33/587)



Foto: Jann Rauø

SEFRAK-ID: -

### Skildring:


Dette anlegget vart bygd i 1920, og viser tilbake til den tidlege, organiserte skyttarlagsaktiviteten i Fjell kommune. Standplassen med tilhøyrande skyttargrav ligg like sørvest for Storhaugen på søre Kollvteit. Den må sjåast i samanheng med eit system som strakk seg over til andre sida av Storvatnet. Her skaut dei mot skivemål 300 og 500 meter mot sørvest. Skyttarveggen på fotoet over ligg 500 meter frå standplass. I søraustleg ende av Storvatnet ligg den eldste standplassen, som skriv seg frå 1880. I Fjell kommune har vi kulturminne frå slik aktivitet også på Bjørøyna og Ågotnes.

### Verdivurdering: Høg

I Riksantikvaren sin fredingsstrategi fram mot 2020 er anlegg knytta til sommar- og vinteridrett nesten fråverande i fredingslista. Men Riksantikvaren har fokusert nettopp på denne typen kulturminne i dei seinare år. Anlegget på søre Kollvteit representerer den tidlege fasen for organisert skyttarlagsaktivitet her i Fjell, og er ein interessant kulturminnekategori.

Turbinen frå det gamle kraftverket i Skålsvika, gjorde si nytte frå 1916 til 1952. Turbinen er no eit fint blikkfang i inngangspartiet til Fjell kommune si eigedomsavdelinga, som er lokalisert til Bildøybakken.

Foto: Kjell Andersland.





Tapetdetalj i loftsrommet til kontorbygget (Laboratoriet) i Knarrvika. Det er godt mogleg at tapeten er formgjeve av arkitekt Einar Oscar Schou som har utforma både eksteriøret og interiøret i bygget.

Foto: Kjell Andersland



Torgdagen i Bergen. Foto: Lena Eikeland Kutschera

# DEL III: PRIORITERINGAR I PLANEN

## 6 Plangjennomføring

«Kulturminner og kulturmiljøer representerer et mangfold og en bredde. De representerer viktige miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdier, både for dagens og morgendagens samfunn. Det er likevel verken mulig eller ønskelig å ta vare på alt. Derfor er det viktig at de prioriteringene vi gjør, er basert på kunnskap. Avgjørende for at vi skal lykkes, er at de ulike offentlige forvaltningsnivåene, eierne og allmennheten har en best mulig oversikt over kulturminnene. Vi må kunne vise hvilke kulturminner og kulturmiljøer som er verneverdige.»

(St.meld. nr. 35 (2012–2013) Framtid med fotfeste)

Tematisk er planen avgrensa til faste kulturminne, men immaterielle kulturminne som t.d. stadnamn, lokalhistorie og tradisjonar vert likevel omtalt ved fleire høve. Planforslaget skal byggja opp under målsetjingane i planen:

- setta kulturminnevernet på dagsorden
- skapa eit godt grunnlag for ei heilskapleg kulturminne-forvalting til bruk i arealplanlegging og byggesakshandsaming
- kartlegga og prioritera lokale kulturminne
- skapa meir føreseielege tilhøve for eigalar av kulturminne
- auka kunnskap og interesse for kulturminne blant folk flest

I løpet av planarbeidet har vi sett kulturminnevernet på dagsorden, og lagt eit godt grunnlag for å arbeida strategisk med dette feltet innanfor planperioden. Vi har sett fokus på dei administrative rutinane når det gjeld arealplanlegging og byggesakshandsaming. Dette vonar vi vil skapa meir føreseielege tilhøve for mellom anna tiltakshavarar og eigalarar av kulturminne. I tråd med Riksantikvaren sin strategi for arbeid med kulturminne i kommunane skal kulturminne og kulturmiljø, som av kommunen er vurdert til å ha høg verneverdi, synleggjera i den nasjonale databasen Askeladden.

På bakgrunn av gjennomgangen i førre kapittel, presenterer vi i dette kapittelet ei liste over kulturminne, kulturmiljø og kultur-

landskap i Fjell som vi meiner har høg verneverdi. Innarbeiding av desse i framtidige arealplanar er eit av fleire tiltak i tiltaksplanen, som også vert presentert i dette kapittelet. Tiltaksplanen omfattar aspekt som går på bevaring, formidling, skjøtsel, nye kartleggingar, forvalting og bruk av kulturminne. Kva konsekvensar denne planen får ser vi nærmare på mot slutten av kapittelet, før vi til sist kjem med nokre forslag omkring kva som bør prioriterast i ein framtidig kulturminneplan for Nye Øygarden kommune.

### 6.1 Prioritere kulturminne og kulturmiljø

Alle kulturminna som vert presenterte her er skildra nærmare i den føregåande temadelen, med same nummerering som vist i lista som er vedlagt planen. Det må presiserast at lista ikkje er uttømmande, mellom anna fordi det er mange kulturminne som enno ikkje er fanga opp og vurderte. Vi har i hovudsak koncentrert oss om kulturmiljø, då vi berre unntakvis har god nok oversikt til å kunna velja ut enkelbygg. Mange verneverdige kulturminne som ikkje er med i lista nedanfor, er presenterte med foto i temadelen. Då hovudfokus har vore å trekka fram viktige kulturminne av høg og svært høg verdi, er det ikkje definert miljø av låg eller middels verdi. Det må understekast at det er mange kulturminne av lågare verneverdi som det vil vera viktig å ta vare på. Det at til dømes ingen steingardar per i dag er på lista, betyr ikkje at det ikkje finst verneverdige steingardar i Fjell som kan ha høg verneverdi. Vi treng likevel ei betre kartlegging av desse for å gjera kvalifiserte val. Og i mellomtida er vi, som før, merksame på å fanga opp steingardar som vert påverka ved tiltak eller regulering. Det statlege målet om å ta vare på eit representativt utval av kulturminne, medfører at ein skal strekka seg etter å visa alle aspekt av historia. Eit mangfold av ulike typar kulturminnekategoriar bør såleis, på sikt, prioriterast.

Denne lista tek ikkje sikte på å ta ifrå private eigalarar råderetten over deira kulturminne, men å byggja opp under ulike former



Torgdagen i Bergen. Foto: Lena Eikeland Kutschera

for støtte i ivaretakinga av desse gjennom mellom anna rådgjeving og tilskot. Samtidig synleggjer lista at kulturminna har ein verdi for fleire enn dei som står som eigar i dag. Kulturminna på denne lista meiner vi representerer mellom anna høge kunnskaps-, opplevings- og bruksverdiar, som må takast vare på for framtidige generasjonar. Bindande vern kan først skje gjennom innarbeiding av desse i framtidige arealplanar, etter plan- og bygningslova, eller eventuelt gjennom enkeltvedtak om vern.

Korleis, og kor omfattande, dette vernet skal vera må definerast nærmere når nye arealplanar skal utarbeidast i Nye Øygarden kommune. Dette må gjerast i samråd med eigara og andre aktuelle interessentar.

## 6.2 Prioriteringar i tiltaksplanen

Ei vellukka forvalting av kulturminne er oftast eit resultat av eit vellukka samarbeid mellom ulike aktørar, og av eldsjeler sin eineståande innsats. Denne kulturminneplanen legg til grunn samarbeid mellom aktørar både innanfor statleg, kommunal, privat og frivillig sektor. Tiltaksplanen er presentert i tabellform i eige vedlegg, der den er lista opp i prioritert rekkefølge med spesifisert kostnadsbereking og tidshorisont. Tiltaka omfattar aspekt som går på bevaring, forvalting og formidling av kulturminna, og vert nærmare skildra i det følgjande.

### Tiltak 1 – Vurdera tilstanden til Krotastova frå Li, og etterbruk med formidlingsplan

Materialet frå krotastova har lege lagra i lang tid, og det er no presserande å få undersøkt kva tilstand krotinga er i. Fylkeskonservatoren løyvde i 2011 kr 40.000 til dette. Nokre av utfordringane har vore å finna ein stad der ein kan gå gjennom materialet i trygge omgjevnader, og eigna etterbruk av stova. Etter ny synfaring på lagringsstaden, ved fylkeskonservatoren i Hordaland, har vi fått klarsignal om at ein kan gå gjennom materialet i eit eigna telt nær lagringsstaden. Når det gjeld vidare bruk kan ei mogleg løysing vera å setta opp delar av stova i eigna lokale, som t.d. Fjell folkeboksamling. Kristin Holte har i

masteroppgåva «Fra kritkroting til nye dekorative uttrykk», brukt motiv frå mellom anna kritkrotinga i Listova til å utvikla ulike strikke- og tekstilprodukt. Dette opnar opp for nye former for formidling, der barn og unge ikkje berre vert passive mottakarar men sjølv aktivt kan ta del i og skapa nye uttrykk inspirert av kulturminna.

### Tiltak 2 – Formidling, skjøtsel og tilrettelegging av øydegardskomplekset ved Høybøen

Fjell kommune er med i Bevaringsprogrammet for Arkeologiske kulturminne (BARK) i regi av Riksantikvaren nasjonalt og Fylkeskonservatoren i Hordaland regionalt. Vår førsteprioritet i programmet, og dermed eit viktig tiltak i handlingsdelen, er formidling, skjøtsel og tilrettelegging av øydegardskomplekset ved Høybøen. Dette er eit av dei mest verdifulle kulturmiljøa i vår region, utførleg skildra i temadelen. I tråd med eigen skjøtselsplan har vi forplikta oss til å rydda fornminneområdet for tre- og buskvegetasjon, å brenna lyngen i området slik at den igjen vert drivverdig, og leggja til rette for tilkomst og formidling. Det er særleg delen som gjeld rydding og skjøtsel som er kostnadskrevjande, estimert til nærmare 350.000 kroner. Vi har motteke midlar frå Riksantikvaren, Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune, og vi vil nyitta eigne kulturvernmidlar til prosjektet. Vi ynskjer å redusera kostnadene ved å nyitta Grøn etat i Fjell kommune til store delar av skjøtselarbeidet. Vi har elles eit godt samarbeid med grunneigarar.

### Tiltak 3 – Kulturhistorisk analyse og moglegheitsstudie for Fjell gard, med tiltaksdel (Plansmie)

I kommunedelplanen sin arealdel ligg det eit krav om områdeplan for Fjell gard. Det neste punktet i tiltaksdelen har som premiss at ei kulturhistorisk analyse og moglegheitsstudie for Fjell gard vil vera eit viktig og naudsynt kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling av området. Fjell gard var det første administrative senterer i Fjell kommune, og representerer på mange måtar eit kulturhistorisk tyngdepunkt i kommunen.



Kofte med krotamønster frå Listova ved @holtestrikk. Foto: Hilde Mork

På eit relativt lite område er det ein høg konsentrasjon av viktige kulturminne og kulturmiljø: Fjell gard, Fjell kyrkje, Fjell gamle skule og tidlegare rådhus, Fjell prestegard, Gjerdet kulturminnegard, ungdomshuset Fjellheim, Fjell festning og tilhøyrande krigsminne, gamle sentrale ferdelsårar til lands og til sjøs, og kulturlandskap og kulturminne frå jordbruksområdet som til dømes torvhusa på Fjedlafjedlet. Ei nærmare kartlegging av desse kulturminna er naudsynt. For nokre av kulturminna må ein også vurdere vidare bruksfunksjon. Det er mange ulike aktørar og interesser som er knytt opp mot området. Fjell turlag og Sotra husflidslag har i dag sine basar på Gjerdet kulturminnegard. Fjell festning ynskjer også å nyttar Gjerdet kulturminnegard i si verksemd.

Når det gjeld ny bruk av Fjell skule, har Fjell kommune fått mange gode innspel frå privatpersonar, kulturnæringsverksemder og frivillige organisasjonar. Fjell eldreråd har peikt på at delar av gamleskulen bør gjerast om til ei form for utstillings- eller museumslokale. Særleg Fjell grendalag har vist stor interesse og har gode og konkrete idear om korleis dei kan nyttar både skulehuset og delar av uteområdet. I kronikken «Framtida ved Fjell gard, med vern og bruk av kulturarven», som stod på trykk i Vestnytt 4. desember i fjor, kjem styret i Fjell grendalag med mange viktige innspel. Fjell grendalag har samtidig påpeikt at det bør vera ein prosess som samlar dei ulike aktørane og innbyggjarane på Fjell gard. God medverknad og god dialog er naudsynt før ein fell ned på ein konklusjon om etterbruken av Fjell skule. Det same kan seiast om Fjell gard i eit meir heilskapleg perspektiv. Ei kulturhistorisk analyse og ei moglegheitsstudie med tiltak må involvera og engasjera både breitt og spesifikt, slik at ein kan kome fram til ei god og langsiktig løysing. Nokon har allereie kome fram med konseptnemningane «Fjell historiske gard» og «Kulturgrenda Fjell», der ein ser på den kulturhistoriske heilskapen og ulike samanhengar i landskap og bygningsmasse.

#### **Tiltak 4 – Registrering og dokumentasjon av Fjell festningsområde og tilhøyrande krigsminne**

Museum Vest er ansvarleg for dette tiltaket, som gjeld registrering og dokumentasjon av Fjell festningsområde og tilhøyrande krigsminne med tanke på vidare vern, formidling og forsking. Dei ynskjer å nyttar ulike metodar, som til dømes arkeologiske undersøkingar der russarfangleirane var lokaliserde, for om mogleg å få nye opplysningar om livet i leiren. Det vil også vera ynskjeleg å besøka ulike arkiv, til dømes i Tyskland og Russland, for om mogleg å finna opplysningar som kan gi meir innsikt i krigskvarden for soldatar og fangar i Fjell. Informasjonen ein kan henta ut av slike undersøkingar, vil vera eit viktig supplement og bidra til ein ekstra dimensjon i formidlingsarbeidet ved Fjell festning. Desse tankane er også i tråd med Museum Vest sitt nye fokus på alternative historieforteljingar om krigen, sett mellom anna frå krigsfangane sitt perspektiv.

#### **Tiltak 5 – tilstandsrapport og moglegheitsanalyse for Brattholmen gamle skule**

I møte 9. mai 1980 vedtok Fjell kommunestyre å innreia gamleskulen på Brattholmen til skolemuseum «når den planlagde utvidinga ved Brattholmen skule er gjennomført», 35 år seinare, i eit av høyringssvara til kulturminneplanen, kjem tidlegare elevar ved Brattholmen skule med oppmoding om at det gamle skulehuset vert teke vare på for ettertida: «Dersom skulen vert sett i stand kunne det lagast eit museum, eller at skulestova på eit eller anna vis kan koma skulen/skulekrinsen til gode. Vi meiner eit tiltak for å verne skulebygget historisk er viktig for ettertida. (...) Vi håpar at det kan utarbeidast ein tilstandsrapport for å få i gang rehabilitering av «Gamleskulen» i Brattholmen. Slik vi ser det hastar dette då grunnmuren er i dårlig stand, taket likeeins.» Skulehuset står utsett til ved eit vegkryss, og ei bevaring av bygget føreset mellom anna at ein finn ei ny lokalisering for skulen. Ein meir detaljert tilstandsrapport må utarbeidast for å få svar på kva ei



Inngangsdør, Brattholmen gamle skule. Illustrasjon: Kjell Andersland

eventuell flytting vil krevja av ressursar, og ein må sondera kva moglegheiter ein har for ny plassering og bruk.

#### **Tiltak 6 – restaurering av Knarrevikløa**

Stiftinga Knarrevikløa har i fleire år arbeidd med eit omfattande restaureringsarbeid av Knarrevikløa. For ein del år tilbake hadde rådgjevarar frå Kulturminnefondet ein gjennomgang av bygget. Det vart lagt ein plan for naudsynt restaurering fleire år fram i tid. Dei arbeider stadig med tiltak, og eit av dei største løfta dei seinare åra har vore å leggja nytt tak. Dei neste tiltaka som står på lista er sprøyting mot skadedyr i treverket i loftsetasjen, og innreiing av kjellaren med tanke på at Fjell kulturminnelag vil bruka rommet til utstilling av gamle fiske- og landbruksreiskapar. Desse sakene er no lagra i loftsetasjen. Stiftinga Knarrevikløa mottok nyleg kr 85.000 i tilskot frå Hordaland fylkeskommune til dette arbeidet. Fjell kulturminnelag vil stilla ressursar til rådvelde gjennom dugnad, mellom anna slik at dei får realisert å ta i bruk kjellarlokala til utstillingslokale.


#### **Tiltak 7 – Restaurering, digitalisering og formidling av filmen «Fjell – en øygardskommune»**

Fotograf og dokumentarfilmskapar Hans Kristian Bukholm (Bergen Filmutvikling) laga på 1970-talet filmen «Fjell – En øygardskommune», i samarbeid med blant andre Reidar Heimvik i tidlegare Fjell Filmnemnd. Filmen vart teken opp i 16mm format i fargar, og vart ferdig produsert i 1980 med ei speletid på omkring 25 minutt. Filmen inneheld, forutan ein presentasjon av Fjell kommune på 70-talet, ein del historiske sekvensar i svart/kvitt. Filmen vart dei fyrtå åra distribuert i form av 16mm-kopiar, som var det vanlege for visningar i skulen og i foreiningar og lag. Etter at 16 mm-formatet gjekk ut av bruk og vart erstatta av video, har filmen i praksis vore ute av distribusjon, bortsett frå nokre få VHS-kopiar som vart laga på 1990-talet. Desse er no også utdaterte og ute av bruk, og dei avspeglar ikkje filmen sin reelle tekniske kvalitet. Bukholm ynskjer å oppdatera filmen til DVD.

Erfaringar med den omrent samtidige Sund-filmen, som Bukholm redigerte, viser at filmen har fått ny aktualitet etter ei slik oppdatering. Optaka til både Fjell- og Sundfilmen vart gjort i starten av ein periode med store omveltingar i samfunnet, med nye vegsamband og framveksten av oljeindustrien. Som Bukholm skriv: «Når vi nå ser gjennom «Fjellfilmen» ser vi klart at også denne filmen har et innhold som nå nærmest kan kalles historisk og som gjør at den nå er mer interessant enn tidligere.» Filmen synleggjer viktige sider ved kystkulturen her ute, og er eit unikt historisk dokument som bør takast vare på og oppdaterast slik at den igjen kan nyttast i formidling. Det er ein komplisert teknisk prosess som krevst for å få scanna filmen over til DVD-format. Kostnadskalkyla er på totalt kr 85.000.

#### **Tiltak 8 – Registrering og tilstandsrapport for demningssystemet ved Halgjevatnet**

Dei store, tørrmurte demningane er ein kategori kulturminne som i dei seinare åra har vore under sterkt press i Fjell kommune. Delar av konstruksjonen i to av dei største demningane, Skålevikdemninga og demninga ved Storavatnet i Knarrevika er fjerna. Den siste av desse største demningane, og dermed den einaste intakte, er demningssystemet ved Halgjevatnet. Det er snakk om eit imponerande demningssystem som har behov for ei nærmare registrering med tilstandsrapport. Delar av demninga er skada og treng utbetring, ikkje berre grunna dei kulturhistoriske verdiane, men også med omsyn til tryggleiken for turgåarar i området. Demningssystemet er ei mykje nytta ferdselsåre for turgåarar som går kyrkjevegen frå Morland til Fjell. Etter at registreringane og tilstandsrapporten er ferdigstilt bør ein arbeida for å setta i stand demningssystemet og rydda vekk vegetasjon der det er naudsynt.



Fjellfilmen. Foto: Halvor Skurtveit

## **Tiltak 9 – Formidlingsprosjekt for vasskulturminna i Midtmarka: Oppsett av infoskilt (4)**

Fjell kulturminnelag har sett i gang eit formidlingsprosjekt som gjeld kulturminna som er knytt opp mot vassressursane i Midtmarka. Dette er eit av kulturmiljøa – eller like gjerne kulturlandskapet – som er inne på Fjell kommune si prioriterte liste. Demningane, stemmene, ferdselsvegane m.m. viser til omfattande anleggsverksemder i dette området over fleire år.

Det skal settast opp informasjonsskilt fire ulike stader.

Fjell kulturminnelag og Fjell kommune har tidlegare hatt eit samarbeidsprosjekt som resulterte i ei registrering av nokre av kulturminna i Midtmarka. Det er særskilt positivt at Fjell kulturminnelag no tek initiativet til formidling ute i felten, der dei også dreg nytte av medlemmar i laget sin kunnskap om temaet.

## **Tiltak 10 – Formidling, skjøtsel og tilrettelegging av graver fra eldre jernalder, og steinalderbuplassar, på Kollveit**

To gravrøyser frå eldre jernalder og to tilstøytande steinalderlokalitetar utgjer eit prioritert kulturmiljø i samband med bevaringsprogrammet for arkeologiske kulturminne (BARK). Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Kollveit skule, Fjell kommune og Hordaland fylkeskommune (fylkeskonservatoren). Arbeidet vil kunne integrerast i skulen sitt undervisningsopplegg, og auka kunnskapen blant skuleelevarane om kulturminne og korleis dei kan takast vare på. Området gravrøysene ligg i er i dag tilgrodd, og kulturminna er i dag nesten uråd å sjå. Med synleggjering av kulturminna og deltaking av skuleelevar i arbeidet kan kulturminna verta ein lokal ressurs. Ein ynskjer også å setta opp informasjonsskilt for å formidla kunnskapen omkring kulturminna.

## **Tiltak 11 – Formidling av kulturhistoria på Vindenes (LivOGList-prosjekt)**

Prosjektet er forankra i plansmearbeidet for Ågotnesområdet, der bruken av Notloftet på Vindenes til kultur- og historiformidling vart nedfelt. Behovet for formidling av kystkultur og lokal kulturhistorie til innbyggjarane, då særleg til dei yngre, vart


påpeikt. I 2017 sokte Notloftets venner om midlar frå LivOGList Hordaland, gjennom prosjektnamnet «Vårt felles Vindenes». Dei mottok kr 50.000 til vidareutvikling av ideane som kom fram under plansmearbeidet. I søknaden formulerte dei desse tankane omkring formidlinga av kulturhistoria i området: «For Notloftets venner er det viktig å utrede og tilrettelegge for formidling og synleggjøring av den naturlige, historiske linjen som preger det å bo på Vindenes. Fra de aller første beboerne på Vindenes (Høybødn), via fiskarbonden og sildefiskeriene, til mekanisk og høyteknologisk bruk av sjø- og havområdene som vert utviklet og servert frå Vindenes- og Ågotnesområdet i dag. Vi mener at dette kan gjøres slik at beboerne deltar aktivt i både utvikling og bruk av området, og at dette vil bygge tilhørighetsfølelsen i en bygd med mange tilflytttere. Vi ser at Notloftet, det store naustet på Vindenes kai, og området forøvrig, kan verta sentralt i denne bevisstgjøringen.» Notloftets venner har fleire lokale aktørar, næringsliv, privatpersonar og frivillige organisasjonar, som samarbeidspartnarar. Til hausten er planen å söka tre-årige prosjektmidlar frå LivOGList Hordaland, ein sum på totalt kr 300.000, for å kunna vidareutvikla planane.

## **Tiltak 12 – infoskilt ved turstien til Turøyvarden**

Då planprogrammet til kulturminneplanen var på høyring, kom Turøy grenadalag med innspel om å få opp eit informasjonsskilt i tilknyting til Turøyvarden. Dei ynskjer også skilting av stien opp til varden, mellom anna på bakgrunn av at Turøyvarden nyleg vart freda. Det er viktig å synleggjera dette kulturminnet, som i generasjonar har vore eit seglingsmerke for sjøfarande.

## **Tiltak 13 – Moglegheitsanalyse: Utvikling av Kystkultursenter på Ågotnes (jf. prosess Plansmie Ågotnes)**

Fjell kystlag ynskjer å sondera moglegheita for å utvikla eit kystkultursenter, som i framtida skal sikra ei levande ivaretaking av kystkultur. Dei ynskjer mellom anna å fokusera på restaurering og bygging av nye båtar ved bruk av gamle



Ved Keilo på Hissøyna. Foto: Monica Hovland

handverksteknikkar. Dette vil ikkje stå i vegen for vedlikehald som vert utført utifrå mindre strenge prinsipp autentisk sett, då ein ynskjer å ha rom for ulike tilnærmingar. I løpet av 30 års aktivitet har Fjell kystlag allereie opparbeida seg ein solid base på Ågotnes, gjennom aktivitet i tilknytning til Buanaustet og Giertsennausta. Laget vonar at eit kystkultursenter kan føra til eit løft i arbeidet for kystkulturen i regionen, gjennom satsing på kompetanse og engasjement utifrå eit samarbeid mellom ulike aktørar; både profesjonelle og frivillige.

#### **Tiltak 14 og 15 – formidling og samarbeid på tvers**

Tiltak 14 og 15 omhandlar arrangement under dei europeiske kulturminnedagane i september, og bruk av Fjell folkebok-samling sine lokale og utstillingsrom til kultur-utstillingar.

Engasjement og deltaking er essensielt for ei levande kulturarv. Fokus på formidling kan vera ein viktig faktor for å sikre at kulturarven er tilgjengeleg for komande generasjonar.

Dei europeiske kulturminnedagane vert arrangert ei veke i september kvart år, og alle som ynskjer det kan delta. Fjell kommune har delteke fleire ganger. Då anten med eitt eller fleire arrangement, i regi av kommunen sjølv eller andre aktørar.

Vi har som mål at vi skal delta i denne markeringa kvart år. I år skal kulturminnedagane markerast 7. – til 15. september med temaet «framtidas kulturarv». Arrangørar vert spesielt oppfordra til å involvera barn og unge, og til å få dei til å reflektera rundt kva kulturarv er. I tråd med dette oppfordrar vi folk til å nyta Fjell folkeboksamling sine lokale og utstillingsrom til kulturhistoriske utstillingar. Då ikkje berre under kulturminnedagane, men gjennom heile året. Dette punktet er oppført i tiltakslista nettopp for å synleggjera at dette er ein ressurs som må brukast. Ein kan sjølv sagt også nyta rommet til andre tema enn kulturhistorie.

#### **Tiltak 16 – oppdatering av databasar og kulturminnesøk**

Kulturminna som Fjell kommune vurderer til å ha høg eller svært høg verneverdi, skal leggast inn i den nasjonale databasen Askeladden, til bruk i kulturminneforvaltinga. Dei resterande kulturminna, som også er viktige for mangfoldet og vår forståing av kulturhistoria, skal synleggjera i publikumsportalen Kulturminnesøk. I denne portalen vil også kulturminna frå Askeladden vera søkbare.

#### **Tiltak 17 – innarbeide kulturminne og kulturmiljø fra den prioriterte lista i den framtidige arealplanen**

Denne planen har status som temaplan, og er ein strategisk plan utan bindande arealdel. Bindande vern av kulturminne og kulturmiljø kan først skje ved kartfesting og innarbeiding av føresegner i kommuneplan eller reguleringsplanar.

I Nye Øygarden kommune må ein ta stilling til prioriterte kulturminne frå tre kommunar. Ein må såleis vurdera kulturminna utifrå ein større målestokk når det gjeld mellom anna representativitet.



Løe med steingavl på Knappskog. Foto: Kjell Andersland

## **Tiltak i handlingsplanen – tillegg etter høyring**

I kommunestyret vart det vedteke å prioritera fire nye tiltak, som vart spelt inn under høyringsperioden. Desse tiltaka kjem som tillegg i handlingsplanen med nummerering frå 18 til 21, og føreset godt samarbeid med dei som har kome med innspela.

### **Tiltak 18 - infoskilt ved kyrkjestien; Brurasteinen og Skautabrekko**

Kyrkjestaden på Fjell har i mange hundreår vore ein av dei viktigaste treffstadene for folk. Mange stiar fører fram til kyrkja, og mange stadnamn langs desse ferdelsårene gir viktige opplysningar om aktiviteten som utspant seg der. Skautabrekko og Brurasteinen viser til at det var der koner og bruder stoppa opp for å få på seg skaut og finstas. Eldrerådet ynskjer å sette opp to skilt på dei respektive stadane. Brurasteinen er vekke i dag, men det er mogleg å sette opp skilt i nærleiken av der den sto.

### **Tiltak 19 - infoskilt om dei arkeologiske utgravingane ved Sotrasambandet, Bildøyna**

Det har vore store arkeologiske utgravingar på Bildøyna i tilknytting til traseen for Sotrasambandet. Eldrerådet ynskjer at resultata frå gravingane skal gjerast tilgjengeleg for folk flest. Ein må finne ut kva som er mest gunstig; å sette opp skilt nær vegtraseen der funna er gjort, eller på ein annan meir sentral stad. For at skiltet skal kunne realiserast er ein avhengig av samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen.


### **Tiltak 20 - Infoskilt omkring skyttarlagsaktivitetene på søre Kollveit (standplass og mål)**

Riksantikvaren har i dei seinare tiåra i større grad prioritert kulturminne som har med rekreasjon og fritid å gjere. Den tidlege skyttarlagsaktivitetene på Kollveit viser tilbake til den tidlege, organiserte skyttarlagsaktivitetene i Fjell kommune. Standsplass med tilhøyrande skyttargrav, like sørvest for Storhaugen på søre Kollveit, må sjåast i samanheng med skivemåla

300 og 500 meter mot sørvest. Ei formidling av denne aktiviteten vil kunne nå mange turgårar i området, og gi ei forklaring på kva desse strukturane i si tid vart nytta til.

### **Tilak 21 - Tilrettelegging og formidling av steinalderstien ved Bildetangen**

I planlegginga av den nye kystbyen ved Bildetangen har Liegruppen heile tida vore klar på at det er viktig å forankre det nye i det gamle. I området der byen skal byggast ligg det fleire lokalitetar frå steinalder, og ein har kome langt i planlegginga av ein steinaldersti i området. Hordaland fylkeskommune har kome med innspel om at tilrettelegginga og formidlinga av steinalderstien må inn som prioritert tiltak i tiltaksplanen. Eit slikt tiltak vil synleggjere ein viktig og svært utbreidd kulturminnekategori i vårt område; dei oftast usynlege steinalderlokalitetane.



Sjurbotn, Fjell. Foto: Lennart Fjell



Liatårnet. Utsikt mot Pyttane Foto: Mai-Helen Hansen

## 6.3 Konsekvensar av planen

Det er eit grunnleggjande mål at denne planen skal vera eit godt arbeidsverktøy for kommunen når det gjeld å sikra at kulturminna vert forvalta på ein god måte, og å gje fagmynde som fylkeskommunen god styringsinformasjon for den samfunnsutviklinga som skjer i vekstkommunen Fjell, og no snart Nye Øygarden kommune. Gjennom arbeidet med planen er kulturminna sett på den politiske dagsorden, og samarbeidet med lokalsamfunnet på kulturminnefeltet vert synleggjort og styrka. Arbeidet med denne kulturminneplanen har vist at det er mykje som er ugjort på kulturminnefeltet i Fjell, til dømes når det gjeld registrering av kulturminne. Men arbeidet med planen har også vist at vi har mange verdifulle kulturminne å ta vare på, og at det er mange som legg ned eit stort arbeid i nettopp det. Samla sett vonar vi at denne planen skaper meir føreseielege tilhøve når det gjeld forvaltinga av kulturminne, og at den vil auke kunnskapen og interessa for kulturminne blant folk flest.

Denne planen tek ikkje frå grunneigar råderett over eigen eigedom og endrar ikkje på grunneigar sitt ansvar for å senda inn søknad til kommunen når det gjeld endring av arealbruken på eigedomen, riving eller ombygging av bygningar og anlegg. Ved behandling av slike søknader eller reguleringsplaner, vil temaplanen ligge til grunn som vurderingsgrunnlag. Det vil då vera ei avvegning om omsynet til vern tel meir enn andre omsyn. Rettsgiv vern av kulturminna som er prioritert i planen kan først skje ved kartfesting og innarbeiding av føreseigner i arealplanar, etter plan- og bygningslova, eller eventuelt gjennom vedtak om vern. Det går fram av gjeldande planstrategi «at dei til ei kvar tid gjeldande planar vil gjelda fram til ny plan er vedteken, sjølv om det skulle verta endringar i kommunestrukturen». Denne temaplanen vil såleis gjelda fram til ny kulturminneplan for Nye Øygarden kommune er vedteken. Fokus og tiltak i planen er lagt opp til å gjelda fram til 2022.

Ved utarbeidning av tiltaksplanen har det vore særleg fokus på kommunen si økonomiske gjennomføringsevne. Det vert med

få unntak ikkje tilført friske midlar til tiltaka, og såleis er dei fleste tiltaka tenkt gjennomført innanfor budsjett (drift, investering, prosjekt). Sak som gjeld tilskot til kulturvernmidlar skal behandlast over sommaren, og tiltak i planen vil der vera prioriterte. Nokre av tiltaka skal vera avslutta innan kommunesamanslåinga, medan dei fleste må halda fram i Nye Øygarden kommune. Tiltakslista i planen har mange konkrete tiltak som skal føra til synlege resultat for innbyggjarane i kommunen. Nokre av tiltaka viser til uløyste problem på kulturvernfeltet langt tilbake i tid. Fleire av tiltaka dreier seg om formidling av kulturminne og kulturhistorie, og viser at det er mange frivillige aktørar som har gode prosjekt og visjonar. Dei nemnde tiltaka viser at det er mykje entusiasme og interesse for kulturminna og kulturhistoria i Fjell. Tiltak som gjeld tilrettelegging og formidling er ein føresetnad for at dette engasjementet skal auka. Med rett tilnærming kan kulturminna fungera som ressursar for verdiskaping og god samfunnsutvikling. Det vil vera naturleg at ein i framtidige tiltaksplanar på kulturminnefeltet vektlegg dei kulturminna som er på den prioriterte lista.

## 6.4 Kva framtidige planar bør løysa

Det er ein fordel at både Fjell, Sund og Øygarden vil ha ferdigstilte kulturminneplanar ved kommunesamanslåinga. Såleis vil vi stå nokså likt i den vidare prosessen fram mot ein felles kulturminneplan for regionen, og tilhøva ligg til rette for satsing på kulturarv. I ein slik framtidig plan vil det vera ein fordel om også immateriell kulturarv og gjenstandar, inklusiv båtar, inkorporerast. Ein kystkommune som Nye Øygarden bør fanga opp dei karakteristiske og særegne kulturminna frå ressursutnyttinga av sjø- og havområda. Ei nyregistrering av naust- og sjøbruksmiljø, fiske- og fangstsystemet, kulturminne knytt til farleia og spesielle industriverksemder knytt til ressursar frå havet bør prioriterast. Mange av desse tidlegare næringsbygga i sjøsona er ute av bruk i dag, og mange står til nedfalls. Ei utfordring i så måte er korleis ein skal få til ny bruk av desse bygga, i tråd med mellom anna dei føringane som ligg for strandsona i plan- og bygningslova. Ein annan kategori kulturminne som



Foto: Berit Vik




Foto: Monica Hovland

bør prioriterast er forsamlingshus. Fjell kommune har berre eitt ungdomshus og eitt samfunnshus, men derimot svært mange bedehus, samanlikna med Øygarden og Sund. Bedehusa er sårbare då mange er rivne eller bygd om i seinare tid. Andre særleg sårbare kulturminne er småskalabygg i i form av funksjonsbygg tilhøyrande gards- eller sjøbruket. Bygningskategoriar som ishus, barkehus, mindre saltebuer, torvhus, skjenefflorar, smier og jordkjellerar kan lett verta oversette – noko mellom anna fredingslista til Riksantikvaren vitnar om.

Tilrettelegging og formidling er ein føresetnad for å lukkast med, og skapa entusiasme for, kulturminna. Med sine respektive kulturminneplanar har Øygarden, Sund og Fjell gode grunnlagsdokument som tilseier at ein kan satsa for fullt på å synleggjere kulturminna. Lokalhistoria bør opp og fram i lyset! Då gjerne via nasjonale kultursatsingar som den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken. Dette er noko Bjarøy og Tyssøy velforening påpeikte i sitt innspel til kulturminneplanen sitt planprogram. Dei ynskjer å synleggjera funna i det omfattande registreringsarbeidet dei har utført: «*Velforeningen ser det som viktig at funn av registreringsarbeidet også kan brukes i skolesammenheng slik at lokalhistorien vert ført videre. Det kan bidra til å styrke identitet og tilknytning til grenene/lokalmiljøet. Det vil også bidra til bedre forståelse for å bevare kulturminner inn i fremtiden*». Barn på skulane i Nye Øygarden kommune bør, ved sidan av å læra om nasjonen Norge si historie og verdshistoria, også læra kva som har utspelt seg akkurat i det området dei bur.

Ei av dei største utfordingane innan kulturminneforvaltinga er tilgang på økonomisk kapital. Det er stor etterspurnad etter midlar, og få som tilbyr tilskot. Fjell kommune har i dag ei eiga tilskotsordning for kulturvernmidlar, med ein pott på kr 100.000. Administrasjonen i Øygarden, Sund og Fjell er allereie i gang med å formulera tilskotsordningane som skal gjelda frå 2020. Tilskotspotten som eventuelt vert øyremerk kulturvern, bør spegla at talet på kulturminne aukar. Vi bør også få på plass

gode incentivordningar som er øyremerk kulturarvfeltet, som til dømes ein kulturvernpris, og kanskje avgifts- og skattelette for eigaraar av verneverdige bygg. Noko anna som kan vera med på å gje eit løft når det gjeld finansiering av tiltak innan kulturvernfeltet, er folkefinansiering. Dei seinare åra har denne forma for finansiering vorten meir utbreidd, også i Norge. Det er ynskjeleg at ein i Nye Øygarden kommune ser på moglegheita for å oppretta ein nettportal for folkefinansiering, som eit samarbeidsprosjekt mellom kommune, privat næringsliv og bankar i regionen. Gjennom ein slik nettportal vil ein kunne få ei ny plattform for samarbeid – som bør omfatta meir enn kulturarvprosjekt – der dei heldige vil kunna få realisert prosjekta sine raskare enn gjennom dei tradisjonelle kanalane. Kulturminna i Fjell har ikkje nødvendigvis berre lokale interessantar som vil ynskja å bidra, noko mellom anna venegruppa til Brattholmen gamle skule ber vitne om.

Heilt til sist kan nemnast eit par meir kostnadskrevjande visjonar for den nye kommunen, som på ingen måte er nye tankar. Den eine gjeld bygging av eit kulturhistorisk museum eller visningssenter i Straume kystby, og den andre gjeld oppretting av eit bygningsvernsenter i vår region. Museumsvisjonen går på at ein ny by for den nye regionen, også bør romma historia til denne regionen. Liegruppa har allereie arbeidd mykje med å utvikla ein steinaldersti, som skal formidla funna frå fleire steinalderbuplassar nær kjerna av det bebygde området som kjem på nordre Bildøyna. Den nye byen skal byggast rett ved gode fiske- og fangstområde som har vore utnytta langt tilbake i steinalderen, og rett ved det som har vore ei viktig farlei for dei båtfarande generasjonane før oss. Når det gjeld bakgrunnen for visjonen om eit bygningsvernsenter, så handlar den mellom anna om at bygningsmassa vår stadig vert eldre og at gjenbruk framfor riving og nybygg oftast også er god miljøpolitikk. Ein bør satsa på kompetanse innanfor bygningsvernet. Dess fleire kompetente aktørar ein får innanfor kulturminnevernet i vårt område, dess større sjanse er det for at ein kan lukkast i å utvikla ei framtidsretta og berekraftig forvalting av kulturminna i vår region.





Sotraplassen ved Sartor Storsenter. Foto: Sartor Storsenter

# Ordforklaringsar

Her følgjer ei samla, alfabetisk liste med forklaring på sentrale ord og omgrep som vert nytta i kulturminneforvaltinga.

## Anlegg

Ei gruppe bygningar med tilhøyrande areal, for eksempel gardsanlegg, byanlegg eller fabrikkanlegg. Det vert og brukt om byggverk og konstruksjonar som ikkje nødvendigvis inkluderer bygningar, for eksempel vegar, bruer, tunnelar eller grøntanlegg. Når det gjeld arkeologiske kulturminne ligg anlegga ofte under markoverflata.

## Antikvariske retningslinjer

Retningslinjer som ein skal følgja ved tiltak på verna kulturminne. Dei kan vera overordna og generelle, og/eller utforma spesielt for kvart einskild kulturminne. Retningslinene kan for eksempel innebera krav om bruk av tradisjonelle materiale, utføring og teknikkar og bruk av handverkarar med kunnskap om arbeid med verna kulturminne. I tillegg kan det vera avgrensingar på kva som kan skiftast eller fjernast frå kulturminnet.

## Askeladden

Riksantikvaren sin offisielle database over kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova, eller kulturminneglag vurdert som verneverdige. Askeladden er tilgjengeleg for offentleg forvaltning. Det er lagt til rette for at kommunar skal ta i bruk Askeladden til kulturminna dei har prioritert i sine kulturminneplanar.

## Autentisitet

Autentisitet er eit omgrep som vert bruk om kor ekte og/eller opprinnleig objektet er. Autentisitet må alltid sjåast i forhold til noko, for eksempel tidsperiode, stilart, materialbruk eller byggemåte.

## Automatisk freda kulturminne

Kulturminne som er freda direkte etter lov:

- kjende og enno ikkje kjende kulturminne eldre enn 1537 (reformasjonen)

- kulturminne i sjø, vatn og vassdrag eldre enn 100 år
- ståande bygg og myntar eldre enn 1650
- samiske kulturminne eldre enn 100 år
- faste og lause kulturminne på Svalbard frå før 1946
- fredinga gjeld sjølege kulturminnet og ei sone på 5 meter rundt dette

## Bergkunst

Bilete og symbol som er hogde, slipte eller måla på berg. Bergkunst finn vi i Norge som helleristningar, slipte bergbilete, hole- eller hellinemåleri.

## Bevaringsverdig kulturminne

Sjå verneverdig kulturminne.

## Dispensasjon

Fritak frå eit enkelt tilfelle å følgja ei lov, eit vedtak eller ei forskrift. Innan kulturminneforvaltinga inneber dette:

- dispensasjon frå automatisk freding, dvs. at det vert tillate inngrep i eller ved det automatisk freda kulturminnet
- dispensasjon frå vedtaksfreding, dvs. at det vert gjort unntak frå fredinga for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i kulturminnet
- dispensasjon frå vern gjennom plan- og bygningslova, dvs. at kommunane gjer unntak frå planavgjærda om vern

## Fast kulturminne

Kulturminne som er jord- eller stadfaste. Funn av gjenstandar inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.

## Forskriftsfreda kulturminne eller kulturmiljø

Nemninga vert brukt om kulturminne/kulturmiljø som er freda ved forskrift og ikkje ved enkeltvedtak. Dette gjeld bygningar og anlegg som er omfatta av ein statleg verneplan, og som var i statleg eige då dei vart freda. Forskriftsfreding er ein enklare prosedyre enn freding ved hjelp av enkeltvedtak.

## Freda kulturminne/kulturmiljø

Eit kulturminne/kulturmiljø som myndighetene gir så stor verdi

at det må sikrast for ettertida. Eit freda kulturminne/kulturmiljø er automatisk freda, vedtaksfreda eller forskriftsfreda. Ei freding er den strengaste forma for vern. Det vil seie at inngrep/endringar må godkjennast av myndighetene. Lovene som vert brukte ved freding i dag, er kulturminnelova og svalbardmiljølova.

## Førhistorisk tid

Perioden av menneska si historie før skriftlege kjelder eksisterer, der arkeologiske og naturvitenskaplege kjelder står for tolkingsgrunnlaget. Tidspunktet for når førhistorisk tid tek slutt og går over til historisk tid, varierer stort i ulike delar av verda.

## Historisk tid

Perioden av menneska si historie der det er mogleg å rekonstruera ei historisk utvikling utifrå skriftlege kjelder. Historisk tid i Norge er rekna frå og med vikingtid.

## Immateriell kulturarv

Immateriell kulturarv er knytt til det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne, slik som praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheter. Døme på immateriell kulturarv er tru, tradisjonar, segner, stadnamn, musikk, hendingar og handverk. Når det gjeld handverk så er det altså ikkje gjenstandane, men kunnskapen om korleis desse vert laga, som er fokus.

## Konservering

Konservering av eit kulturminne tyder at ein sikrar det så godt som mogeleg mot øydeleggingar. Desse øydeleggingane kan koma på grunn av naturleg nedbryting eller menneskelege inngrep. For bygningar brukar ein vanlegvis ordet istandsetjing.

## Krigsminne

Materielle og immaterielle kulturminne etter andre verdskrig og okkupasjonen.

## Kulturarv

Samlenamn for materiell og immateriell kultur. Nemninga kul-

turarv vert særleg brukt i samarbeidet mellom kulturminneforvaltinga, arkivverket og museumssektoren, saman med kommunane og lokale lag og foreiningar.

### Kulturlandskap

Alt landskap som er påverka av menneske. Ordet vert brukt når det vert fokusert på den menneskelege påverknaden av landskapet, og særleg ofte om jordbrukslandskap.

### Kulturmiljø

Eit område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Naturelement med kulturhistorisk verdi kan vera ein del av eit kulturmiljø.

Kulturmiljø kan for eksempel vera eit byområde, ei setergrend, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader.

### Kulturminne

Kulturminne er alle spor etter menneska sine liv og virke i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Naturelement som har kulturhistorisk verdi er også kulturminne, eller kan inngå som del av eit kulturminne.

Kulturminne kan for eksempel vera bygningar, hagar, gravhaugar, helleristningar, steinalderbustader, båtar eller vegfar. Desse kan vera frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid. Vi skil mellom lause og faste kulturminne.

### Kulturminnesøk

Kulturminnesøk er ei open publikumsteneste frå Riksantikvaren, kor informasjonen mellom anna kjem frå kulturminnebasen Askeladden. På kulturminnesøk kan også publikum registrera nye kulturminne, uavhengig av om dei er verna ved lov eller ikkje ([kulturminnesok.no](http://kulturminnesok.no))

### Kulturminneverdi

Verdi som vert tillagt eit kulturminne. Forvaltning, organisasjoner, eigrarar, brukarar eller andre kan vurdere kultur-

minnet sin verdi på ulike måtar. Verdivurderinga kan endrast over tid. Kulturminneforvaltinga deler gjerne verdiane inn i ulike kategoriar, slik som kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar.

### Kulturminnevern

All aktivitet som har som føremål å verne kulturminne (jamfør definisjon av kulturminne).

### Kulturminneforvalting

Samleomgrep for ulike offentlege etatar som har delegert mynde etter kulturminnelova. Det vil seia eit formelt forvaltingsansvar for kulturminne og kulturmiljø. Inndelt i tre nivå: statleg, regionalt og kommunalt.

### Kulturvern

Omfattar arbeid med både immateriell og materiell dokumentasjon, innsamling og formidling av vår kulturarv.

### Landskap

Våre ytre, fysiske omgjevnader, både naturgitte og menneskeskapte. Landskapet er forma av samspelet mellom mennesket og naturen. Omfattar alle typar landskap, som til dømes bylandskap, jordbrukslandskap, industrialandskap, kystlandskap og fjellandskap.

### Laust kulturminne

Kulturminne som er flyttbare. Lausfunn eldre enn 1537 er automatisk freda. Desse, og myntfunn eldre enn 1650, er staten sin eigedom.

### Listeført kulturminne

Kulturminne som etter ei kulturhistorisk vurdering er identifisert som verneverdig og oppført i ei liste over objekt som skal forvaltast på ein nærmare definert måte. Både kulturminne som er formelt verna (ved lov eller forskrift), og kulturminne utan formelt vern kan vera listeførte. Eksempel på listeføring er NB! registeret og liste over særleg verneverdige kyrkjer.

### Lokal verdi

Verdi som vert tillagt kulturminne eller kulturmiljø knytt til lokal verksemد og historie. Eit kulturminne av lokal verdi kan også ha regional og/eller nasjonal verdi.

### Marine kulturminne

Kulturminne under vatn, definert som: alle spor etter menneskeleg verksemد som no ligg i eller under vatn. Til dømes grunna skipsforlis, havarerte luftfartøy eller oversvømming av tidlegare landområde. Marinarkeologi er eit fagfelt innan arkeologien retta mot studiet av menneska si tilknyting til hav, innsjøar og elver gjennom undersøkingar av materiell kultur.

### Maritime kulturminne

Kulturminne knytt til kysten og sjøen.

### Motsegn

Riksantikvaren, fylkeskommunane, Sametinget og ei rekke andre styresmakter kan fremja motsegn, det vil seie ein protest eller innvending mot forslag til arealplanar etter plan- og bygningslova. Så lenge det finnast ei motmæle, kan kommunen ikkje vedta endleg plan.

### Nasjonal verdi

Verdi som vert tillagt kulturminne eller kulturmiljø knytt til viktige fasar og forhold i landets historie. Eit kulturminne av nasjonal verdi kan også ha internasjonal verdi.

### Naturlandskap

Omgrepet vert brukt om landskap med liten grad av menneskeskapt påverknad. Nemninga vert også brukt når ein ynskjer å retta fokus mot landskapets geologiske og biologiske innhald.

### Nyare tids kulturminne

Kulturminne som er daterte til 1537 (reformasjonen) eller seinare. Nokre av desse kulturminna er automatisk freda gjennom kulturminnelova, som til dømes ståande bygningar frå før 1650. Gjennom vedtak kan Riksantikvaren også freda andre typar kulturminne frå nyare tid.

## **Regional verdi**

Verdi som vert tillagt kulturminne eller kulturmiljø knytt til regional verksamhet og historie.

Eit kulturminne av regional verdi kan også ha nasjonal verdi.

## **Representativitet**

At eitt eller eit utval kulturminne er representativt, betyr at det er typisk eller karakteristisk for ei større gruppe kulturminne. Omgrepet vert brukt ved samanlikning med andre kulturminne.

## **Restaurering**

Restaurering tyder å heilt eller delvis tilbakeføra ein bygning eller gjenstand til ein tidlegare tilstand. Ved restaurering må ein velja kva tidspunkt kulturminnet skal tilbakeførast til. Det kan vera slik det var då det vart laga eller oppført, slik det var på eit seinare tidspunkt eller ein kombinasjon av ulike stadium.

## **SEFRAK-bygning**

Nemninga vert brukt om bygningar som vart registrerte i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900, men i enkelte område vart grensa sett noko lengre fram i tid, som her i Fjell (bygningar før 1940.) Omkring 95% av bygningsmassen i Fjell er registrert. Det einaste kriteriet for registrering var alder på bygningen.

## **Sikring**

Sikring vil seia alle tiltak for å verna kulturminne og kulturmiljø mot skade og tap. Sikring kan mellom anna dekkja istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel, dokumentasjon og juridiske tiltak.

Sikring kan og skje ved arkeologisk utgraving for å ta vare på kunnskapsverdien til kulturminnet.

## **Skipsfunn**

Nemninga vert brukt om gamle båtar som er meir enn hundre år gamle, skipsskrog, tilbehør, last og alt anna som har vore om bord. Skipsfunn er verna etter eigne reglar i kulturminnelova.

## **Skjøtsel**

Regelmessig vedlikehaldstiltak, for eksempel pleie av vegetasjon, for å ta vare på eit kulturminne og/eller eit kultur-

miljø. Vedlikehald av eventuelle skilt, stiar og rampar går også inn i skjøtselomgrepet.

## **Universell utforming**

Innan kulturminneforvaltinga inneber universell utforming at kulturminnet vert gjort tilgjengeleg for flest mogeleg. Dette inneber tilrettelegging for besøk og/eller tilrettelagt formidling av kulturminnet sin kunnskaps- og opplevingsverdi.

## **Vedtaksfreda kulturminne**

Eit vedtaksfreda kulturminne vert i dag freda gjennom vedtak etter kulturminnelova eller svalbardmiljølova. Vedtaksfredingar etter kulturminnelova kan omfatta alle typar kulturminne yngre enn 1537, ståande byggverk yngre enn 1649, kulturmiljø og farty. Vedtaksfredingar etter svalbardmiljølova kan omfatta kulturminne yngre enn 1945.

## **Verdsarv**

Kulturarv og/eller naturarv som er innskrevne på UNESCO si verdsarvliste. Verdsarvstadene utgjer ein felles arb som er umissande for menneske, på tvers av landegrensene.

## **Verna kulturminne**

Eit kulturminne som er verna ved lov eller andre verkemiddel. Dei viktigaste lovane er kulturminnelova, plan- og bygningslova, kyrkjelova, svalbardmiljølova og naturmangfaldlova.

Andre verkemiddel for vern er statlege verneplanar, kyrkje-rundskrivet, avtaler, listeføring, tilskotsordningar med meir.

## **Verneverdi**

Sjå kulturminneverdi.

## **Verneverdig kulturminne**

Kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig/bevaringsverdig. Dei fleste verneverdige kulturminna er ikkje formelt verna etter kulturminne- eller plan- og bygningslova. Mange vert likevel tekne vare på fordi dei vert oppfatta som verdifulle av eigarar og brukarar. Både kulturminne med og utan formelt vern kan vera listeførte, dvs. oppført i ei liste over objekt som skal forvaltas på ein nærmare definert måte.



Fisk til tørk, Ågotnes. Foto: Kjell Andersland

# Litteraturliste

## Relevant litteratur

Aurland naturverkstad 2013: Landskapsanalyse, Fjell kommune.

Bjerck, Hein 2014: Koloniseringen av den skandinaviske skjær-gårdskysten og begynnelsen til sjøfangsten. I Norges fiskeri- og kysthistorie bind I: Fangstmenn, fiskerbønder og værfolk fram til 1720

Bukholm, Hans Kr. 2018: Duøyna og Djupassøyna. To gamle bo-steder under sesongfiske i tidligere tider. I Havstrilen, kulturhisto-riks årbok for Sund, Fjell og Øygarden.

Brekke, Nils Georg(red) 1993: Kulturhistorisk vebok: Hordaland.

Fjell bygdebok band I – VI.

Fjell, Lennart 2008: Fjellspollen – Ein vassveg inn i fortida. I Hav-strilen, kulturhistorisk årbok for Sund, Fjell og Øygarden.

Fylkeskonservatoren i Hordaland 1981: Landro. Kulturminne i Fjell. Registreringsrapport nr 8, Bergen.

Fylkeskonservatoren i Hordaland 1989: Verneverdige kultur-minnemiljø i kystsona i Fjell kommune. Forprosjekt til kystsone-planen for Fjell kommune.

Geber, Øystein 1989: Førhistorisk tid i Fjell. Fjell Bygdebok Band I.

Juuhl, Johan C.W. 1912: «Det grå riket». Innleiing og utval ved Halvor Skurtveit.

Kallestad, Margrethe et.al. 2009: Vandring i vest : vegvisar til Sotra og Øygarden. Perler i Nordsjøløypa

Kallestad, Ove Mikal 2019: Heimen ved havet. Hissøyna. Livet og lagnaden til havstrilen og fiskarbonden som budde yst i hav-gapet vest for Bergen. 3. opplag.

Kobbeltveit, Olav 2006: Fjell festning i krig og fred.

Kolle, Nils 2014: Norskekysten – en naturens gave. I Norges fiskeri- og kysthistorie bind I. Fangstmenn, fiskerbønder og værfolk fram til 1720.

Kulturminnesøk v/Riksantikvaren: Publikumsversjonen av forskar- og forvaltingsdatabasen Askeladden.  
<https://kulturminnesok.no/>

Miljøstatus v/Miljødirektoratet: Kartløsing med flere kultur-minnetema, mellom anna SEFRAK: <https://miljoatlas.miljodirektorat.no/MAKartWeb/KlientFull.htm?>

Lohne, Ø. 2006: SeaCurve\_vl – Teoretisk berekning av strand-forskyvningskurver i Hordaland fra UTM koordinater (excel-ark)

Rauø, Jann S 2016: Kulturminneregistrering av vannkraft-industrien i Midtmakra, Fjell kommune på Store-Sotra.

Strilesoga bind 3- 5. Nord- og Midthordland gjennom tidene. Fra 1650-1800.

Trengereid, Nils 1970: Bygdeboka for Fjell.

Turøy, Tore 2001: Gards- og ættesoga om Turøy.

Turøy, Tore 2004: Misje Bygdebok. Soga om Misje i tekst og bilde.

Univeristetsmuseet i Bergen 2015 & 2016: Rapportar frå arkeo-logiske registreringar på Hissøyna.

Ågotnes, Jakob E. 2001: Giertsennaustet på Ågotnes – kystkul-turhistorie frå Fjell. Bygd av Giertsen & Co, Bergen. I Havstrilen, kulturhistorisk årbok for Sund, Fjell og Øygarden.

Ågotnes, Jakob E. 2003: Brattholmen. Med rett til å bryggja øl og skjenka vin og brennevin. I Havstrilen, kulturhistorisk årbok for Sund, Fjell og Øygarden.

## Regionale føringer

Fylkesdelplan for kulturminne «Kultur viser veg» (1998-2010)

Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025)

Strategisk landbruksplan for kommunane Fjell, Sund og Øygarden (2004 – 2008)

## Lokale føringer

Arealdelen til kommuneplanen (2015 – 2026)

Kommunedelplan for kultur (2007-2010) «Mellom by og hav»

Landskapsanalyse (2013)

Kystsoneplan for Fjell (1991)

Verdifulle kulturlandskap i Fjell kommune i Hordaland (2005)

## Overordna føringer

Lover, føreskrifter og konvensjonar – <https://lovdata.no/>

Meldingar til Stortinget - <https://www.regjeringen.no/no/dokument/meldst/id1754/>

UNESCO-konvensjonar - <http://unesco.no/konvensjoner/>



Landrovågen. Foto: Kjell Andersland

# Vedlegg 1: Tabell over prioriterte kulturminne og kulturmiljø

	Førhistorisk tid			
1	Kulturminneområde	Høybøen (øydegard), graver og buplassar	Svært høg	Automatisk freda
2	Gravrøysmiljø	Revika, Nordre Bjørøyna (bronsealder)	Svært høg	Automatisk freda
3	Fangstanlegg	Fjæremannstufter, båtopptrekk, bogesteller, Søra Sandøyna	Svært høg	Automatisk freda
4	Fangstanlegg	Fjæremannstufter, båtopptrekk m.m., Bjørnavågen i Fjellspollen	Svært høg	Automatisk freda
5	Steinalderbuplassar	Steinalderbuplassar, Nordre Bildøyna	Svært høg	Automatisk freda
6	Steinalderbuplassar	Steinalderbuplassar, Geitvika friluftsområde	Svært høg	Automatisk freda
7	Hellarlokalitet	Bufjellshellaren på Vindenes	Svært høg	Automatisk freda
8	Helleristingsfelt	Knappetåna skålgriftfelt	Svært høg	Automatisk freda
9	Kulturminneområde	Koltveit – gravrøyser og steinalderbuplassar	Svært høg	Automatisk freda
	<b>Nyare tid - temakategoriar</b>			
	<b>Naust- og sjøbruksmiljø</b>			
10	Naust- og sjøbruksmiljø	Landrovågen	Svært høg	Omsynssone KPA
11	Naust- og sjøbruksmiljø	Storasundet	Svært høg	Omsynssone KPA
12	Naust- og sjøbruksmiljø	Liaskjeret	Høg	Ingen
13	Naust- og sjøbruksmiljø	Kallestadvika	Høg	Ingen
14	Naust- og sjøbruksmiljø	Turøvvågen	Høg	Ingen
15	Naust- og sjøbruksmiljø	Vindenes: Buneset og Heimavågen aust	Høg	Ingen
16	Naust- og sjøbruksmiljø	Algrøyna (nord)	Høg	Ingen
17	Naust- og sjøbruksmiljø	Ågotnes	Høg	Ingen
18	Naust- og sjøbruksmiljø	Misje (hermetikkfabrikk og tilstøytande miljø)	Høg	Ingen
19	Naust- og sjøbruksmiljø	Ottersvik og Kubbesund, Lokøyna	Høg	Ingen
20	Naust- og sjøbruksmiljø	Naustmiljø på Nyheim, Bjørøyna	Svært høg	Ingen
21	Naust- og sjøbruksmiljø	Kastevåg ved Kjereidet	Svørt øg	Ingen
	<b>Gards- og jordbruksmiljø</b>			
22	Gards- og jordbruksmiljø	Krotastova frå Li (ikkje stedfast)	Svært høg	Definert som verneverdig
23	Gards- og jordbruksmiljø	2 bygg frå det gamle klyngetunet på Ekrhovd	Svært høg	Ingen
24	Gards- og jordbruksmiljø	Nordvikkverna	Svært høg	Definert som verneverdig
25	Gards- og jordbruksmiljø	Kallestadkverna	Høg	Ingen
26	Gards- og jordbruksmiljø	Gardsmiljø på Tveita	Svært høg	Ingen

27	Gards- og jordbruksmiljø	Gjerdet kulturminnegard	Høg	Ingen
28	Gards- og jordbruksmiljø	Smie på Ulveset	Høg	Ingen
29	Gards- og jordbruksmiljø	Steinfjøs på Ulveset	Svært høg	Verna i reguleringsplan
<b>Kommunikasjon og samferdsle</b>				
30	Kommunikasjon og samferdsle	Brattholmen kai	Høg	Ingen
31	Kommunikasjon og samferdsle	Turøyvarden	Svært høg	Vedtaksfreda
32	Kommunikasjon og samferdsle	Parti av kyrkjevegen i Fjell, Blommen	Høg	Ingen
33	Kommunikasjon og samferdsle	Straumsundet bru	Høg	Ingen
34	Kommunikasjon og samferdsle	Prestekaia i Møvik & prestekaia i Bildøypollen	Høg	Ingen
35	Kommunikasjon og samferdsle	Steinmurt kjerreveg i Netalia, Bjørøyna	Høg	Ingen
<b>Næring, industri og vassdrag</b>				
36	Næring, industri og vassdrag	Langøy handelsstad (Langøy kystgard)	Svært høg	Omsynssone KPA
37	Næring, industri og vassdrag	Knarrvika industristad	Svært høg	Omsynssone KPA
38	Næring, industri og vassdrag	Brattholmen handels- og gjestgjevarstad	Svært høg	Ingen
39	Næring, industri og vassdrag	Demningssystemet ved Halgjevatnet	Svært høg	Ingen
40	Næring, industri og vassdrag	Midtmarka, kjerneområde for vassindustri	Høg	Ingen
<b>Samfunnsinstitusjonar</b>				
41	Samfunnsinstitusjonar	Fjell kyrkje	Svært høg	Listeført
42	Samfunnsinstitusjonar	Foldnes kyrkje	Svært høg	Ingen
43	Samfunnsinstitusjonar	Fjell prestegard	Høg	Ingen
44	Samfunnsinstitusjonar	Kolerakyrkjegarden i Møvik	Høg	Ingen
45	Samfunnsinstitusjonar	Kolerakyrkjegarden i Bildøybakken	Høg	Ingen
46	Samfunnsinstitusjonar	Fjell gamle skule	Høg	Ingen
47	Samfunnsinstitusjonar	Brattholmen gamle skule	Svært høg	Ingen
<b>Organisasjonsliv og fritid</b>				
48	Organisasjonsliv og fritid	Ungdomshuset Fjellheim	Høg	Ingen
49	Organisasjonsliv og fritid	Ekerhovd Bedehus	Høg	Ingen
50	Organisasjonsliv og fritid	Landro samfunnshus	Høg	Ingen

	<b>Museum og private samlingar</b>			
51	Museum og private samlingar	Misje bygdemuseum	Høg	Ingen
52	Museum og private samlingar	Knarrevikløa	Høg	Omsynssone KPA
53	Museum og private samlingar	Giertsennausta	Høg	Ingen
54	Museum og private samlingar	N.O.P. Storesund	Høg	Omsynssone KPA
	<b>Kulturlandskap</b>			
55	Kulturlandskap	Støyl på Kallestad	Høg	Ingen
56	Kulturlandskap	Morland – kulturlandskap med fleire kulturminne frå nyare tid	Høg	Ingen
57	Kulturlandskap	Misje nord - slått- og beiteeng med oppmuringar og steingardar	Høg	Ingen
	<b>Krigsminne og forsvar</b>			
58	Krigsminne og forsvar	Fjell festningsområde med tilforslevegar, fangeleirar, Russarstegen m.m.	Svært høg	Alt under grunn freda
59	Krigsminne og forsvar	Støttepunkt Nese (Fjell fort)	Høg	Ingen
	<b>Minnesmerke/monument</b>			
60	Minnesmerke/monument	Bauta 1 Brattholmen	Høg	Automatisk freda (usikkert jf. s. 84)
61	Minnesmerke/monument	Bauta 2 Brattholmen	Høg	Ingen
62	Minnesmerke/monument	Minnestøtte over falne i 2. verdskrig, Fjell kyrkje	Høg	Ingen
63	Minnesmerke/monument	Minnestøtte over koleraavlidne og krigsfangar, Bildøybakken	Høg	Ingen
64	Minnesmerke/monument	Minnestein over krigsfangar ved Fjell festning	Høg	ingen
65	Minnesmerke/monument	Minnestøtte over omkomne fiskarar frå Turøyna	Høg	Ingen
	<b>Andre kulturmiljø</b>			
66	Andre kulturmiljø	Keilo på Hissøyna – Sanden med naust- og gardsmiljø	Svært høg	Ingen
67	Andre kulturmiljø	Løno – område med konstruksjonar i steinur, tufter, naust og våningshus	Høg	Ingen
68	Andre kulturmiljø	Torvhusmiljø på Fjedlafjedle	Høg	Ingen
69	Andre kulturmiljø	Kulturmiljø på Duøyna	Høg	Ingen
	<b>Tillegg etter høring</b>			
70	Kommunikasjon og samferdsle	Gamal ferdselsveg mellom Morland og Fjell	Høg	Ingen
71	Kommunikasjon og samferdsle	Gamal ferdselsveg Bildøyna – Fjell kyrkje - Tellnes	Høg	Ingen
72	Organisasjonsliv og fritid	Standplass og tilhøyrande skyttargrav, øre Kolltveit	Høg	Ingen



Hummerparken, Sekkingstad Foto: Thor Brødreskift



Grindbygd naus, Bjørøyna (kulturmiljø nr. 20) Foto: Berit Vik

## Vedlegg 2: Tiltaksplan

	<b>Tiltak i prioritert rekkefølge</b>	<b>Ansvar (Samarbeidspartnalar)</b>	<b>Finansiering</b>	<b>Tidshorisont</b>
1	Vurdera tilstanden til Krotastova frå Li, og etterbruk med formidlingsplan	Kultursjefen (Ekstern ekspertise)	Ordinært driftsbudsjett (FK) Eksterne midlar Hordaland fylkeskommune (HFK)	2019
2	Formidling, skjøtsel og tilrettelegging av øydegardskomplekset ved Høybøen, i tråd med prioriteringar i Bevaringsprogrammet for Arkeologiske kulturminne (BARK)	Kultursjefen-(Fylkeskonservatoren, Grønn etat Fjell kommune, grunneigar, Vindenes velforening)	Kulturvernmidlar (FK) (100.000), Fylkesmannen i Hordaland (57.000), Riksantikvaren (RA) (110.000),-HFK (20.000)	2019 og årlege dugnader
3	Kulturhistorisk analyse og moglegheitsstudie for Fjell gard, med tiltaksdel (Plansmie)	Fjell kommune-(Fjell grendalag, Museum vest, Fjell sokneråd m.fl.)	Ordinært driftsbudsjett (prosjektleiing) Eksterne midlar	2019-2021
4	Registrering og dokumentasjon av Fjell festningsområde og tilhøyrande krigsminne, m.a. ved bruk av arkeologiske undersøkingar, med tanke på vidare vern, formidling og forsking.	Museum Vest v/Fjell festning (Fylkeskonservatoren, -Universitetet i Bergen)	Eigne og eksterne midlar	2019-2021
5	Tilstandsrapport for gamleskulen på Brattholmen, og moglegheitsanalyse med tiltak	Kultursjefen og eigedomssjefen	Ordinært driftsbudsjett (Skule- og kultursjefen)	2019-2021
6	Restaurering av Knarrevikløa	Stiftinga Knarrevikløa	Kulturvernmidlar FK, vern og vøl midlar HFK (85.000)	2019 -2020
7	Restaurering, digitalisering og formidling av filmen «Fjell – en øygardskommune»	Bergen Filmutvikling -(Museum Vest, Fjell kommune)	Kulturvernmidlar FK-Eksterne midlar	2019
8	Registrering og tilstandsrapport for demningssystemet ved Halgjevatnet	Kultursjefen-(Ekstern ekspertise)	Ordinært driftsbudsjett Kulturminneplanmidlar (HFK, RA)	2019
9	Formidlingsprosjekt for vasskulturminna i Midtmarka: Oppsett av infoskilt (4)	Fjell kulturminnelag (Fjell kommune)	Fjell kulturminnelag, Kulturvernmidlar FK	2019
10	Formidling, skjøtsel og tilrettelegging av graver frå eldre jernalder, og steinalderbuplassar, på Kolltveit (BARK)	Kolltveit skule (Fjell kommune, Fylkeskonservatoren)	Kulturvernmidlar FK	2019, og årlege dugnader
11	Formidling av kulturhistoria på Vindenes (LivOGLyst – prosjekt, jf. prosess Plansmie - Ågotnes)	Notloftets venner (Sotra Gruppen AS, Vindenes velf. og andre, grunneigarar, FK, HFK	LivOGLyst – midlar HFK Sotra Gruppen AS	2019 - 2022

	<b>Tiltak i prioritert rekkefølge</b>	<b>Ansvar (Samarbeidspartnarar)</b>	<b>Finansiering</b>	<b>Tidshorisont</b>
12	Infoskilt ved starten av turstien til Turøyvarden	Fjell kommune/Turøy grändalag	Kulturvernmidlar	2020
13	Moglegheitsanalyse: Utvikling av Kystkultursenter på Ågotnes (jf. prosess Plansmie Ågotnes).	Fjell kystlag (Fjell kommune)	Ordinært driftsbudsjett (prosjektleiing)	2020
14	Lokale arrangement under dei europeiske kulturminnedagane i september	Kultursjefen Ulike aktørar	Ordinært driftsbudsjett	Årleg
15	Nytte Fjell folkeboksamling sine lokale og utstillingsrom til kulturhistoriske utstillingar	Kultursjefen (Ulike aktørar)	Ordinært driftsbudsjett og eksterne midlar ved behov	Regulært
16	Oppdatera databasane Askeladden og Kulturminnesøk	Kultursjefen/ Fylkeskonservatoren	Ordinært driftsbudsjett/ HFK (50.000)	2019-
17	Innarbeida kulturminne og kulturmiljø frå den prioriterte lista i framtidige arealplanar	Kultursjefen og Plan- og eigedomssjefen	Ordinær drift	2019-
18	Infoskilt ved kyrkjestien – Brurasteinen og Skautabrekko	Fjell kommune (Eldrerådet)	Kulturvernmidlar	2020
19	Infoskilt om dei arkeologiske utgravingane ved Sotrasambandet, Bildøyna	Fjell kommune (Universitetsmuseet i Bergen)	Kulturvernmidlar	2020
20	Infoskilt omkring skyttarlagsaktiviteten på søre Kollveit (standplass og mål)	Fjell kommune (Fjell kulturminnelag)	Kulturvernmidlar	2020
21	Tilrettelegging og formidling av steinalderstien ved Bildetangen	Liegruppen (Fjell kommune, Fylkeskonservatoren)	Liegruppen, FK, HFK	2019-2022



Den karakteristiske Maggesteinen på nordsida av Algrøyna. Foto: Berit Vik

# Vedlegg 3: Rutinar for sakshandsaming

## Rutinar: handsaming av kulturminne i bygge-, dele- og dispensasjonssaker

Rutinar og prosessar som skal setjast i gang i saker som råkar eit kulturminne/ kulturmiljø (gjeld uavhengig av om tiltaket er søknadspliktig eller ikkje)

Ein del av kulturminna og kulturmiljøa i Fjell kommune vil vera registrerte i planar, medan mange ikkje er fanga opp. Døme på dette kan vera: jordkellarar, steingardar og kulturminne i utmark og i kystsone.

Når det gjeld utføring av arbeid på bygg som ligg i omsynssone kulturmiljø eller andre viktige kulturmiljø i gjeldande planar, vil vi anbefala at ein bestiller ein førehandskonferanse med kommunen.

### Avklaring av vernestatus

Kulturminne/kulturmiljø kan ha ulik vernestatus. For å finne vernestatusen kan ein sjekka følgjande nettsider:

- ✓ Miljøstatus.no
- ✓ Braarkiv.no/riksantikvaren
- ✓ Kartløysninga til Fjell kommune viser SEFRAK-bygg
- ✓ Hordaland Fylkeskommune - [www.hordaland.no/](http://www.hordaland.no/)
- ✓ Riksantikvaren - [www.ra.no](http://www.ra.no)
- ✓ Naturdatabasen.no viser kulturminne
- ✓ Askeladden
- ✓ Kulturminnesøk.no

Opplysningar om vernestatus kan og leggja i plan for området (kommuneplan, reguleringsplan, kommunedelplan).

Uavhengig av vernestatus skal tiltakshavar senda inn biletar frå alle fasadar/himmelretningar av kulturminnet og biletar av kringliggjande miljø.

### Verneverdig kulturminne

Kulturminnet kan vera verneverdig sjølv om det ikkje er freda. Det skal difor gjerast ei vurdering av verneverdien til kulturminnet/kulturmiljøet.

#### • SEFRAK-registeret

Bygningane i SEFRAK-registeret er i utgangspunktet ikkje tillagt spesielle restriksjonar, og dei fleste er ikkje verdivurderte. Registreringa fungerer likevel som eit varsko om at ein bør ta ei vurdering av verneverdien før det eventuelt vert gitt løyve til å endra, flytta eller riva ein bygning. SEFRAK-registeret inneholder 2242 bygg i Fjell kommune som er eldre enn 1940. Registreringane omfattar truleg 90 – 95 % av alle bygga frå perioden, og dekker ikkje strekninga Døsjø – Ekerhovd, Li, og austsida av Bildøyna. Littlesotra er heller ikkje med, med unntak av den austlege delen mellom Arefjord/Valen og Hjelteryggen/Knappen. For Bjørøyna er det gjort ei eiga registrering. I kartvisningar som omhandler SEFRAK-bygg, visast desse i form av ein raud, gul eller grå trekant. Fargen viser kva ein må gjera vidare.

#### Alle endringar og riving på SEFRAK-bygg må sendast til uttale.




- Raud trekant: Meldepliktig bygning eldre enn 1850. Vurdering av verneverdien MÅ gjerast før søknad om endring eller riving kan verta godkjend (kml § 25). Kultursjefen må gjera ei vurdering i forkant av verneverdien.

Uttaleinstans: Hordaland Fylkeskommune med kopi til kultursjefen



- Gul trekant: anna SEFRAK-bygning.

Uttaleinstans: kultursjefen



- Grå trekant: ruin eller fjerna bygning

Uttaleinstans: kultursjefen

- **Freda kulturminne/kulturmiljø:** Det er forbod mot å «sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje», jf. kml. § 3. Tiltakshavar har stanse- og meldeplikt dersom det viser seg at eit arbeid som er sett i gang kan verka inn på eit automatisk freda kulturminne, jf. kml. § 8. Det same vil og gjelda for vedtaksfreda og forskriftsfreda kulturminne/kulturmiljø.

Alle automatisk freda kulturminne har ei sikringssone på minimum 5 meter i alle retningar rundt objektet, jf. kml. § 6.

#### • **Følgjande saker skal sendast til Hordaland Fylkeskommune til uttale, vedlagt uttale frå kultursjefen, dersom dei omfattar:**

- Automatisk freda arkeologiske og marinarkæologiske kulturminne, og andre freda kulturminne/kulturmiljø
- Ståande byggverk frå før år 1850
- Byggesaker og andre tiltak i nærføring med automatisk freda kulturminne og deira sikringssoner (kml § 4)
- Søknader og meldingar om større tiltak innanfor kulturmiljø og kulturlandskap som er vurdert å vera av nasjonal og/eller regional verdi
- Tiltak og inngrep i sjø og vassdrag må avklarast i høve til kulturminne i og under vatn
- Etablering av VA – anlegg i uregulert område
- Dispensasjonssøknader som råkar nasjonale eller regionale kulturminne
- Byggesaker som har regional og nasjonal kulturminneinteresse
- Saker som vedkjem registrering av automatisk freda kulturminne
- Saker som omhandler skjøtsel og tilrettelegging av automatisk freda kulturminne
- Søknader om tiltak i landbruket. Her under hogst, nedyrkning, driftsvegar, skogbruk og grøfting (bakkeplanering, massettippar)
- Tiltak knytte til kyrkjer og kyrkjegardar generelt. Tiltak på listeførte kyrkjer bygd etter 1850 spesielt, og alle bygningar nærmare enn 60 meter frå desse (gjeld Fjell kyrkje)
- Tiltak innanfor område av nasjonal og/eller regional verdi som er regulert til spesialområde vern eller omsynssone iht. til pbl. § 12-6
- Dersom det er snakk om heilt spesielle bygningar – uansett alder – bør HFK ha sak til uttale. Dette gjeld til dømes tiltak på ikkje listeførte kyrkjer bygd etter 1850 og bygge- og rivesaker på bygningar som i kommunale kulturminneplanar er vurderte å vera av høg verneverdi
- Etablering av kabel- og røyrleidningsgrøfter
- Deling av grunneigedommar i LNF-område med føremål nybygg •

- o Tiltak som rører ved krigsminne- og/eller -miljø som har interesse ut over lokal verdi. Dette må vurderast i quart enkelt tilfelle.
- **Andre kulturminne/kulturmiljø som ikke er skissert ovanfor**  
Uttaleinstans: kultursjefen

#### I oversendinga til Hordaland fylkeskommune må følgjande leggjast ved:

I bygge- og rivesaker skal det vera med følgjande opplysninga:

- ✓ Planstatus og vernestatus
- ✓ Namn på eventuell reguleringsplan som bygningen ligg innafor, og reguleringsføresegn og plankart
- ✓ Om tiltaket er ei dispensasjonssak iht. pbl. § 19
- ✓ SEFRAK-nummer (finnast i GAB)
- ✓ Tydelege kart med stadnamn, gatenamn, gardsnamn, gards- og bruksnummer
- ✓ Plan- og fasadeteikningar av eksisterande og ny situasjon
- ✓ Bilete av bygningen og nære omgjevnader
- ✓ Byggår, byggemåte, materialbruk, teknisk tilstand og eventuelle skader
- ✓ Utgreiing av tiltak
- ✓ Førebels vurdering frå kommunen knytt til verneverdien
- ✓ Namn på tiltakshavar og sakshandsamar i kommunen.

Søknadar i høve til dispensasjon, landbruksvegar, nydyrkning m.m. må alltid ha med gardsnamn, gards- og bruksnummer, kart og fotodokumentasjon.

<https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/kulturminnesaker-som-skal-sendast-til-fylkeskommunen/>

Saksbehandlingstid for tiltak som må sendast til uttale er 16 veker, jf. pbl. 21-7.

Kopi av vedtak knytt til kulturminne/kulturmiljø, skal og sendast til uttaleinstansen.


#### Aktuelle reglar knytt til kulturminne/kulturmiljø:

- Pbl. § 31-1 Ivaretaking av kulturell verdi ved arbeid på eksisterande byggverk
- Pbl. § 31-2 Tiltak på eksisterande byggverk
- Pbl. § 31-4 Pålegg og dokumentasjon og utbetring
- Pbl. § 29-1 Utforming av tiltak
- Pbl. § 29-2 Visuelle kvalitetar
- Kapittel 19 i SAK10 – Kommunen sin heimel for å gje pålegg om utbetring av bevaringsverdige bygningar

#### Rutinar handsaming av kulturminne i plansaker

Ved regulering av eit område vil kulturminne verta vurdert i plansaka. Rutinar for saksbehandling og dialog i planprosessen ligg i planpakken til kommunen, denne ligg tilgjengelig på heimesidene til kommunen.

Lenke: <https://www.fjell.kommune.no/plan-bygg-og-eigedom/skal-du-regulere-eigedom/planpakken/>






Utsikt frå Turøyvarden, Turøyyna. Foto: Kjell Andersland

## Vedlegg 4: Kart


Lenke til kartet på nett:


[NORGESKART - KULTURMINNE I FJELL KOMMUNE](#)
















Fjell kommune

